

ADRESSER OG STADNAMN



Botolv Helleland

ADRESSER OG STADNAMN Del 2

Stadnamn i offentlig og privat bruk

Kommuneforlaget

Oslo 1993

Kommuneforlaget

© 1993 Kommuneforlaget AS

Forlagsredaksjon: Jan Fredrik Winsnes
Produksjonsansvarlig: Bente A. Fremgaard
Omslag og illustrasjoner: Unni Lise Jonsmoen
Sats: Frode Wik
Trykk: Gan Grafisk AS
ISBN 82-7242-991-8
Kopiering berre etter løyve

Innhald

Føreord	11
1 Samandrag	14
1.1 Allment	14
1.2 Samandrag av kapitla	15
1.3 To døme på fastsetjing av stadnamn I Gatenamn i eit nytt bustadfelt 19 • II Nyutgjeving <i>eller</i> revisjon av kart 20 • Klage på skrivemåten 21 •	17
2 Stadnamn og samfunn	22
2.1 Innleiing	22
2.2 Namnegranskinga si rolle Matrikkelrevisjonar 23 • Rettskrivingsendingar 24 • Namnekonsulentar 24 • Namnekonferansar 25 •	23
2.3 Offentlege utgreiingar	26
2.4 Kva er eit stadnamn? Funksjon 28 •	27
2.5 Kvar finn vi stadnamna?	28
2.6 Kor mange stadnamn? Fleire millionar 30 • Mange like namn 30 •	30
2.7 Korleis er stadnamna blitt til? Konkret bakgrunn 32 •	
2.8 Kva tyder stadnamnet?	32
2.9 Kor langt rekk eit stadnamn?	33
2.10 Namn blir borte - og nye kjem til Endringar i næringsstrukturen 34 • Nye stadnamn 34 • «Fine» og «stygge» namn 35 •	33
2.11 Kor gamle er stadnamna? Over 2000 år 36 • Gardsnamn 36 •	35
2.12 Ulike namnetypar	37

Små og store namnekrinsar 37 • Bustadnamn 37 • Kulturnamn og naturnamn 38 • Tydingskrinsar 38 • Språklege særmerke 38 •	
2.13 Stadnamn som adresse Nummernamn 39 • Retningsnamn 40 • Gruppenamn 40 • Individuelle stadnamn 41 •	39
2.14 Kulturhistoriske verdjar	41
2.15 Stadnamn som miljøfaktor Pedagogisk nytte 43 • Språkfelleskap 43 • Framande innslag 44 • Skriftpåverknad 44 •	43
2.16 Språkleg mangfald Same namn i mange kommunar 44 •	44
2.17 Frå tale til skrift Skrifthistorikk 46 • Skiftande skrivemåtar 46 • Stadnamn og slektsnamn 47 •	45
2.18 Stadnamn i offentleg bruk To sider ved fastsetjing av namn 48 •	48
2.19 Stadnamn i munnleg bruk Uoffisielle namn 50 •	49
2.20 Prinsipp for namnsetjing og namnebruk Normerande eller registrerande? 51 • Private står friare 51 •	51
3 Namnsetjing i eldre tid	53
3.1 Stadnamnbruk i mellomalderen	53
3.2 By- og festningsnamn	54
3.3 Inndelingsnamn	55
3.4 Regulering av skrivemåten	60
3.5 Den første kommunale namnsetjinga	60
3.6 Privat namnsetjing i eldre tid	62
4 Namnsetjing i dag	63
4.1 Ulike sektorar	63
4.2 Kva skal ha namn? Ulike namneobjekt 65 • Namn og stad 66 •	64
4.3 Tidleg skilting	66
5 Det kommunale namneansvaret	67
5.1 Gamle og nye oppgåver	67
5.2 Lover og forskrifter Stadnamnlova 69 • Kommuneleva 69 • Grunnskulelova 70 • Delingslova 70 •	69
5.3 Tekniske, språklege og politiske sider Namnekomiteen 73 • Politiske sider - kommunalt vedtaksmynde 74 •	72
5.4 Diskusjon av ulike ordningar Skolering 76 • Lokal kompetanse 76 •	75
5.5 Førearbeidet	77
5.6 Kommunen som vedtaksorgan Grensetilfelle I 80 • Grensetilfelle II 81 • Grensetilfelle III 81 • Saksgang kommune - namnekonulent 83 •	78
5.7 Kommunen som høyringsorgan Eit døme 85 • Oppsummering av kommunale oppgåver 88 •	84
5.8 Samordning av det kommunale stadnamnarbeidet Sekretariat 88 • Vedtaksorgan 89 •	88
5.9 Kommunal medverknad ved namn på kart	89
5.10 Gate- og vegnamn Fordeling av ulike typar 91 •	90
5.11 Namn på byggjefelt Konkurranse med tradisjonelle stadnamn 93 • Ordtilfanget 94 • Lånord 95 • Nye funksjonar 95 • Heimlege ord 95 • Eldre namn 96 • «Namnlause» stader 96 • Del av eit namngjeve område 97 • Namn i grenseområde 97 • Fleire felt under same namn 98 •	92
5.12 Namn på skular, institusjonar o.l. Barnehagar, skular, helseinstitusjonar 99 • Idrettsanlegg 101 •	98
5.13 Interkommunalt samarbeid	101
5.14 Kommunalt, statleg eller privat ansvar?	102

6 Fylkeskommunalt namneansvar	104
Vidaregåande skular 104 • Andre fylkeskommunale institusjonar 105 •	
7 Statleg namneansvar	107
7.1 Lover og forskrifter	107
Kommunelova 107 • Kyrkjelova 108 • Mållova 109 •	
7.2 Nærare om namn på inndelingar	109
Gammal. og ny inndeling 110 • Post- og teleområde 110 • Grunnknnnsar 111 • Kommuneendringar 112 •	
7.3 Namn på kyrkjer og kapell	113
7.4 Namn på postkontor	114
7.5 Namn på stoppestader	115
7.6 Namn på veganlegg	116
Vegnummer og vegnamn 117 • Tradisjons- eller turistnamn 117 • Tunnelnamn 118 • Stadnamnet brukt utan endring 118 • Brunamn 119 • Vegprosjektnamn 120 •	
7.7 Namn på kraftverk	121
Kraftprosjektnamn 122 •	
7.8 Namn på oljefelt	124
Bakgrunn 124 • Motivgrupper 125 • Retningslinjer for namn på oljefelt 127 • Merknader frå Norsk språkråd 128 • Teknisk terminologi 129 • Nye namn med bakgrunn i lokale tilhøve 130 • Større vekt på tradisjonell namnelaging 131 •	
7.9 Namnsetjing i kystfarvatna	132
Fiskebankar 133 • Kontinentalsokkelen 134 •	
7.10 Namn på geologiske objekt	134
7.11 Namnsetjing i polarområda	135
Namn etter utanlandske og norske oppdagingsreisande 136 • Norske namnemønster 136 • Nye reglar for namnsetjing i polarområda 137 • Namneregister og kart over polarområda 139 •	
7.12 Anna statleg namnsetjing	139
Statlege institusjonar 139 • Naturvernområde 140 •	
8 Kartverket	142
8.1 Statens kartverk	142

8.2 Karttypar	143
8.3 Namn på kart	144
Redaksjonelle omsyn 144 • Innhenting av namn 144 • Fastsetjing av skrivemåte 148 • Forenkla saksgang 150 •	
8.4 Kartnamnregister	150
8.5 Sentralt stadnamnregister	151

9 Stadnamn i fleispråklege område 153

9.1 Utbreiing av samiske og finske stadnamn	153
9.2 Tidlegare behandling av samiske og finske stadnamn	154
Namn på kart 154 • «... gives Norsk Navn» 155 •	
9.3 Behandling av samiske og finske stadnamn i dag	155
Eigedomsnamn 155 • Stadnamnlova 156 •	
9.4 Inndelingsnamn	157
9.5 Samiske vegnamn, institusjonsnamn o.l.	158
Namn på skilt 159 • Auka bruk av samiske og finske namn 159 • Språk form i samanhengande tekst 159 • Samiske kulturminne 160 •	
9.6 Liste over samiske terrengord med norske parallellar	160
9.7 Finske vegnamn	162
9.8 Liste over finske terrengord med norske parallellar	163

10 Offentleg namnsetjing i andre nordiske land 166

10.1 Danmark	166
Stednavneudvalget 166 • Autoriserte stadnamnlistar 166 • Namn på kart 167 • Kommunal namnsetjing 167 • Namn på privat eigedom 167 •	
10.2 Finland	168
Bruk av namnekonsulentar 168 • Forskningscentralen för de inhemska språken 168 • Kommunal namnsetjing 168 • Namn på kart 168 • Tospråkleg namnebruk 169 •	
10.3 Færøyane	169
Sakkunnig nemnd 169 • Nye stadnamn 169 • Stadnamnregister 170 •	
10.4 Island	170
Lov om gardsnamn 170 • Stadnamnemnd 170 •	

Kommunal namnsetjing 170 • Firmanamn 171 • Stadnamnregister 171 •		13.2 Eldre stadnamn brukte direkte «Flytting» av namn 200 • Fleire namn å velje mellom 200 •	199
10.5 Sverige	171	13.3 Eldre stadnamn + nytt sisteledd	201
Skrivemåten av stadnamn 171 • Offentleg utgreiing 171 • Lantmåteriverket 172 • Fastighetsbeteckningsreformen 172 • Kommunal namnsetjing 172 •		Relasjonsnamn 201 • Ord for «veg» 202 • Bratt, bein eller krokut 203 • Vegord med fransk opphav 203 • Gardsnamn + karakteriserande sisteledd 204 • Retningsnamn 204 •	
11 Privat namnsetjing	174	13.4 Nylaga stadnamn	204
11.1 Juridiske og praktiske sider	174	13.5 Gruppenamn	205
Tinglysingslova 175 • Delingslova 175 • Namnet bør høve på staden 176 • Ikkje adresse som bruksnamn 176 • Namnet kan nyttast i målebrev 177 • Stadnamnlova 177 • Firmalova 178 • Varemerkelova 179 •		13.6 Ordtilfang i nye stadnamn	206
11.2 Døme på namnsetjing av grunneigedomar	180	13.7 Lån og oppkalling	218
Gardsbruksnamn 180 • Eigedomnamn frå Hole i Buskerud 181 • Sju måtar å lage eigedomnamn på 183 •		14 Skrivemåten av stadnamn	222
11.3 Namn på verksemder	183	14.1 Allment	222
Firmanamn og stadnamn 183 • Hotell- og serveringsstader 184 • Heller norsk enn engelsk 185 • Forretningssenter 187 • Bygningar og rom 187 • Forsamlingshus 188 •		14.2 Bokmål - nynorsk	223
11.4 Skrivemåte av namn i privat bruk	189	14.3 Stor eller liten førebokstav? Fleirledda stadnamn 223 •	223
12 Innsamling, arkivering og stadnamnregister	191	14.4 Forkortingar	224
12.1 Innsamling av stadnamn	191	14.5 Ubunden eller bunden form? Svenske og danske gatenamn 225 •	224
Framgangsmåte 191 • Namnenummer 194 • Kartfesting 194 • Dialektform 194 • Kva det er namn på (lokalitetstype) 194 • Andre opplysningar 194 • Informantar 195 • Organisering av innsamlinga 195 •		14.6 Saman- eller særskriving? Bindestrekk 226 •	225
12.2 Stadnamnarkiv	196	14.7 Samansetjingsmåte	227
Lokal arkivering av stadnamn 196 • Kartotek kort 196 • Dataregistrering 196 • Namnefagleg rettleiing 196 •		Stomnsamansetjing 227 • s-samansetjing 227 • Samansetjing med vokal 227 •	
12.3 Stadnamnregister	197	14.8 Utanlandske stadnamn	228
Kommunale stadnamnregister 197 • Landsomfattande stadnamnregister 197 •		15 Rådgjevingsteneste .	229
13 Nye stadnamn - namnemønster og ordtilfang	199	15.1 Namnekonulenttenestene	229
13.1 Allment	199	15.2 Norsk språkråd	229
		15.3 Samisk språkråd	230
		15.4 Universitet og høgskular	230

16 Adresser	231
17 Litteraturliste	237
18 Ordforklaringar	255
VEDLEGG I	258
LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN 258 • MERKNADER TIL PARAGRAFANE I UTKASTET TIL LOV 264 • FORSKRIFTER OM SKRIVEMÅTEN M.V. AV STADNAMN 276 • ORDFORKLARINGAR TIL FOR- SKRIFTENE TIL STADNAMNLOVA 287 •	
VEDLEGG II	289
KULTURDEPARTEMENTET RUNDSKRIV NR V-13/91 289 •	
VEDLEGG III	296
KULTURDEPARTEMENTET RUNDSKRIV NR V-13/92 296. • LOV OM STADNAMN 296 •	
VEDLEGG IV	305
STATISTIKK OVER HOVUDLEDD (SISTELEDD) I VEGNAMN 305 •	
19 Ord- og namneregister	312

Føreord

Adresser og stadnamn er ei handbok i to delar. Del 1, *Handbok i kommunal adressesettdeling* kom ut i 1986 og gjer greie for arbeidet med å gje og forvalte adresser i kommunen i samsvar med delingslova og dei tilhøyrande forskriftene. Eitt av kapitla i Del 1 tek for seg val av adressenamn.

Del 2, *Stadnamn i offentleg og privat bruk*, som ligg føre her, går nærare inn på fastsetjing og bruk av stadnamn i samfunnet. Ein førebels versjon vart skriven samstundes med Del 1, men det var naturleg å vente med utgjevinga av Del 2 til Stortinget hadde handsama proposisjonen til lov om stadnamn, og om lova vart vedteken, til departementet hadde fastsett forskrifter.

Lova vart sanksjonert 18. mai 1990, og forskrifter gjevne med verknad frå 5. juli 1991. Desse forskriftene vart endra 14. oktober 1993. I tida som har gått sidan det første utkastet av handboka vart skriva, er ei rekkje punkt i framstillinga oppdaterte.

Denne handboka har eit dobbelt føremål:

For det første gjev ho eit oversyn over korleis det praktiske stadnamnarbeidet er eller kan vere organisert i dei ulike offentlege organa, og

kva lover og reglar som gjeld for offentleg og privat bruk av stadnamn i dagens samfunn. Dei aktuelle lovene med forskrifter og kommentarar er nemnde og til dels siterte i handboka. Stadnamnlova med merknader og forskrifter er teken med som vedlegg I. Dessutan er det teke med to departementale rundskriv som utfyller stadnamnlova og forskriftene til lova. For brukarane av handboka vil det vere nyttig å «pendle» mellom fagstoffet og regelverket.

For det andre skal boka gje eit oversyn over kva form og funksjon stadnamna har i eit samfunn, og dermed kva praktiske, kulturelle og miljømessige sider dei representerer.

Boka er i første rekkje tenkt for folk som arbeider med namnsetjing og skrivemåte av stadnamn i kommunale, fylkeskommunale og statlege samanhengar. Men ho vil også vere nyttig for dei som er opptekne av stadnamn som kulturhistorisk og språkleg materiale. Elevar og studentar kan nytte boka som innføring i praktisk stadnamnkunnskap. Og endeleg vil dei som ergrar seg over skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk, kunne få svar på kvifor namna er skrivne slik dei er.

Namnsetjing og namnebruk har mange sider, og det vil vere uråd å fange opp alle i ei slik handbok. For dei som arbeider med namnsetjing av vegar, tomter, bygningar, anlegg osv., vil det alltid dukke opp spørsmål av heilt lokal og spesiell karakter som denne rettleiinga ikkje gjev direkte svar på. Det er likevel å vone at boka vil vere ein nyttig reiskap i den statlege, kommunale, fylkeskommunale - og private - namnerøkta.

Ein førebels versjon av Del 2 har vore til høyring i fagmiljøet, og eg takkar for nyttige kommentarar og merknader. Ein særleg takk går til førstekonsulent Terje Larsen for kommentarar i samband med stadnamnlova, til professor Kjell Venås ved Universitetet i Oslo og førstekonsulent Vigeik Leira ved Norsk språkråd for språklege vink, og til kollegaer ved Avdeling for namnegransking for stimulerande diskusjonar. Tidlegare universitetslektor Thor Frette og førstekonsulent Kaisa Rautio Helander har gjeve viktige tilskot til kapitlet om skrive-

måte og bruk av samiske stadnamn. Oversynet over finske stadnamn er skriva med hjelp av førstekonsulent Eira Söderholm ved Universitetet i Tromsø. Opplysningane om namnsetjing i dei andre nordiske landa har eg fått av velviljuge kollegaer i dei respektive landa. Frå brukarsida har særleg oppmålingssjef Torbjørn Trageton i Bergen kommune gjeve verdifulle råd. Eg vil og framheve den positive responsen eg har fått på førespurnader om namnsetjing i kommunane og i ei rekkje statlege etatar som Norsk Polarinstitut, Statens kartverk og Oljedirektoratet.

Oslo, november 1993

Botolv Helleland

1 Samandrag

1.1 Allment

I eit moderne samfunn finst det ei mengd stader, institusjonar, verksemder og tiltak av ymse slag som har eige namn. Til vanleg tenkjer ein ikkje så mykje over korleis desse namna har oppstått, eller korleis dei blir fastsette. Men det hender at ein som offentleg tilsett eller som privatperson skal ta stilling til kva namn som skal brukast i ein viss samanheng, og korleis det skal skrivast. Då er det særleg tre sider ein må ta omsyn til:

1. Den praktiske funksjonen
2. Den språklege forma
3. Den kulturelle verdien

Denne handboka gjev eit oversyn over ulike grupper stadnamn i vid meining (namn på natur- og kulturlokalitetar, eigedomar, vegar og veganlegg, bygningar, institusjonar, verksemder, anlegg og andre stadbundne objekt), korleis dei er blitt til, kva funksjon dei har, kva kulturelle verdiar dei ber i seg, kva reglar som ligg til grunn for namnsetjing, skrivemåte og bruk av stadnamn, og kven som gjer namnevedtak.

Når det gjeld namnevedtak, kan ein skilje mellom to sider. Den eine gjeld *val av namn*, t.d. kva namn ein skal setje på nye eller omorganiserte gater og vegar, institusjonar, verksemder og anlegg. Her må ein særleg ta omsyn til delingslova med forskrifter. Stadnamnlova seier ikkje noko om sjølve namnsetjingsprosessen, men det å innføre eit nytt namn, inneber samstundes fastsetjing av skrivemåten, og i den fasen gjeld stadnamnlova.

Den andre gjeld av *fastsetjing av skrivemåten* av stadnamn. Her skal lov om stadnamn med tilhøyrande forskrifter leggjast til grunn. Skrivemåten av dei fleste namna blir fastsett i samband med utgjeving av nye eller reviderte kart. Men det kan når som helst reisast namnesak for eitt eller fleire namn for å få gjort namnevedtak etter stadnamnlova. Stadnamnlova gjev og reglar om *bruken* av stadnamn.

1.2 Samandrag av kapitla

I kapittel 2 *Stadnamn* og *samfunn* blir det gjeve eit kort oversyn over korleis stadnamn har oppstått, kor gamle dei kan vere, og kva slags hovudtypar dei kan delast i. Det blir vist at stadnamn fungerer som *språklege merkelappar* eller rett og slett *adresser*.

Samstundes inneheld stadnamna opplysningar om natur- og kulturtilhøve i eldre og nyare tid, og såleis må ein sjå dei i ein *kulturhistorisk* samanheng. Mange stadnamn inneheld gamle ord og ordformer av stor *språkvitskapleg* interesse. Den *tradisjonsberande* og *lokalspråklege* funksjonen gjer at stadnamna også representerer viktige *miljøverdiar* i eit lokalsamfunn. I denne samanhengen blir det peikt på at *talemålsformene* av namna oftast er eldre enn skrifformene.

Til slutt i kapittel 2 blir nokre *allmenne prinsipp* for namnsetjing og namnebruk drøfte.

Kapittel 3 gjev eit kort oversyn over *namnsetjing og namnebruk i eldre tid*, medan kapittel 4 gjev ei oversikt over *namnsetjing i dag*, m.a. med ei oppstilling av kva objekt det er aktuelt å gje namn eller fastsetje skrivemåten for i dagens samfunn.

Kapittel 5 drøfter *stadnamnforvaltninga i kommunane* i lys av dei ulike regelverka. Etter at stadnamnlova vart vedteken, har kommunen fått auka ansvarsområde. Spørsmålet om kva som er god og mindre god namneskikk, blir teke opp. Det blir vidare gjort greie for arbeidsoppgåvene på dei *ulike nivåa* i kommunane, og korleis ein kan finne fram til ei *tenleg arbeidsdeling* mellom administrasjonen (teknisk etat), den rådgjevande og den vedtakande instansen. Av dei meir konkrete oppgåvene blir namnsetjing av gater og vegar, bustadfelt, institusjonar og andre kommunale tiltak kommenterte særskilt.

Kapittel 6 tek opp dei relativt avgrensa oppgåvene *fylkeskommunen* har i samband med val av namn og vedtak om skrivemåten.

Under det *statlege* namneansvaret i kapittel 7 blir særleg administrative inndelingar og einingar drøfte, vidare namn på veganlegg og andre statlege anlegg til lands og til sjøs, spesielt namn på *oljefelt* og namn i *polarområda*.

I kapittel 8 blir namneoppgåvene til *Statens kartverk* kommenterte. Det blir gjort greie for prosedyren for fastsetjing av skrivemåten av namn på kart og for funksjonen til det *sentrale stadnamnregisteret* (SSR).

Kapittel 9 tek for seg fastsetjing og bruk av stadnamn i *fleirspråklege område*, med særleg vekt på samiske tilhøve.

I kapittel 10 er det gjeve eit kortfatta oversyn over offentleg stadnamnrøkt i dei *andre nordiske landa*.

Kapittel 11 gjev råd om namnsetjing av *private* grunneigedomar og tiltak. Private står friare samanlikna med namnsetjing og namnebruk i offentleg regi, men også ved privat namnsetjing finst det visse reglar som det må takast omsyn til.

I kapittel 12 blir det gjeve ei kort rettleiing om *innsamling, arkivering og publisering av stadnamn*.

Kapittel 13 er meint som ei *hjelperåd* i arbeidet med å finne fram til nye stadnamn, både når det gjeld lagingsmåte og ordtilfang. Både her og i handboka elles blir det lagt vekt på at ein vel namn som høver med tradisjonelle stadnamn i området. Til slutt i kapitlet blir det gjennom konkrete døme vist korleis eksisterande namn og ordtilfang kan dragast inn ved val av adressenamn.

Vanlege *rettskrivingsreglar* gjeld langt på veg for stadnamn, og i kapittel 14 blir spørsmålet om m.a. stor eller liten førebokstav, saman- eller særskriving teke opp.

Kapittel 15 gjev eit oversyn over *rådgjevingstenestene*.

Til slutt følgjer liste over viktige *adresser, litteraturliste og register* over namn som er omtala i boka. *Stadnamnlova* med merknader og forskrifter saman med to rundskriv er tekne med i eit eige vedlegg bak i boka. Det siste vedlegget viser kva sisteledd som er nytta i vegnamn i ein del kommunar.


I 1994 vil Kulturdepartementet dessutan gje ut ein brosjyre som tek for seg ulike sider ved stadnamnlova.

1.3 To døme på fastsetjing av stadnamn


Ei meir utførleg framstilling av korleis ein skal gå fram ved fastsetjing av namn og skrivemåte i offentleg bruk, kjem i dei følgjande kapitla. Her kjem to døme på situasjonar ein kommune kan vere i når det gjeld behandling av namn etter stadnamnlova.

Skjematiske oversyn

A: Fastsetjing av gate- og vegnamn i kommunen



B. Fastsetjing av skrivemåten der Statens kartverk gjer vedtak



I Gatenamn i eit nytt bustadfelt

Teknisk etat i kommunen har lagt til rette eit nytt bustadfelt og planlagt adresseparsellane i området. I samarbeid med lokale organisasjonar, vellag og andre har etaten kome fram til grunnleggjande framlegg til vegnamn.

Spørsmålet er no korleis ein går fram for å gjere forskriftsmessige vedtak av namna.

Vedtaket gjeld to sider:

- Val av namn, og
- Fastsetjing av skrivemåten (etter stadnamnlova).

Pkt. a) inneber at kommunen finn fram til gode og høvelege namn for dei einskilde parsellane. Her bør kommunen byggje på retningslinjene som er gjevne i forskriftene til delingslova, § 15.6 med kommentarar (sjå *Kommunal oppmåling. Håndbok til delingsloven av 23. juni 1978*, s. 69, 73-74, og *Adresser og stadnamn. Del I. Handbok i kommunal adressesildeling*, kap. 5).

Når det gjeld pkt. b), har kommunen ansvar for at stadnamnlova blir følgd, dvs. at namna blir fastsette i samsvar med reglane i lova og forskriftene. Før skrivemåten kan fastsetjast, må namna ha vore ute på høyring i lokalmiljøet (historielag, vellag o.l.).

Det vil vere praktisk å samordne høyringsrunden for sjølve namnet med høyringa for vedtak om skrivemåten (etter stadnamnlova). Men dersom det er strid om namnevalet, kan det vere nødvendig å føreta høyring om kva namn som skal veljast i ein tidlegare runde, altså før skrivemåten blir fastsett.

Dersom det er tvil om kva som er rett skrivemåte, kan kommunen be om råd frå den statlege namnekonsulenttenesta i regionen. Namnekonsulenttenesta kan og gje råd om sjølve namnevalet.

Det kommunale vedtaksorganet i stadnamnsaker (kommunestyre, formannskap, kulturstyre, namneutval el. andre), avgjer deretter namn og skrivemåte (i samsvar med stadnamnlova) for dei aktuelle adresseparsellane, eventuelt etter å ha innhenta ekstra opplysningar.

Dei vedtekne namna skal meldast inn til Sentralt stadnamnregister (SSR, sjå kap. 8.5) ved Statens kartverk, Hønefoss.

II Nyutgjeving eller revisjon av kart

Det skal gjevast ut ei ny utgåve av Økonomisk kartverk i kommunen. Teknisk etat samarbeider med Statens kartverk, Fylkeskartkontoret, om eventuelle endringar i utvalet av namn på dei einskilde kartblada, eller ved å reise namnesak for tidlegare godkjende namn.

Fylkeskartkontoret vurderer og for sin del kva namn det er aktuelt å reise namnesak på, m.a. ved å samanlikne skrivemåten på ØK-kartet med NORGE 1:50 000-serien (N50, tidlegare M711). Fylkeskartverket sender så kart og namnelister til namnekonsulenttenesta i regionen (i fleirspråklege område skal båe namnekonsulenttenestene tilskrivast).

Namnekonsulenttenesta går gjennom materialet og sender ei førebels tilråding om skrivemåten av namna til kommunen, saman med ei rettleiing om prinsippa for normeringa.

Kommunen syter for at dei som har høyringsrett, t.d. historielag, vellag, grunneigarar (for bruksnamn) og kommunen sjølv, kan kome med eventuelle merknader. Det er særleg viktig at grunneigarane blir kontakta slik at dei får høve til å uttale seg. Innan 6 veker ekspederer kommunen materialet med alle høyringsfråsegner attende til namnekonsulenttenesta.

Namnekonsulentane vurderer namna på nytt med grunnlag i høyringsfråsegnene og andre opplysningar og sender si endelege tilråding til Fylkeskartkontoret, som gjer vedtak om skrivemåten for dei namna som ikkje skal fastsetjast av andre organ.

Kommunen fastset skrivemåten av namn på adresseparsellar og . andre kommunale anlegg, likeins namn på tettstader og bydelar.

Skrivemåten av bruksnamn som ikkje er nedarva stadnamn, blir fastsette av eigarane, men det vil vere praktisk at vedtaka blir ekspederte gjennom kommunen.

Dei vedtekne namneformene blir melde inn til Sentralt stadnamnregister (SSR) i Statens kartverk av det organet som har vedtaksrett. Statens kartverk/Fylkeskartkontoret gjev så tilbakemelding om dei fastsette namneformene til namnekonsulentane og til kommunen, som i sin tur kunngjer vedtaka for grunneigarar, lokallag og andre partar som saka vedkjem.

Klage på skrivemåten

Ein føresetnad for at det kan reisast klagesak, er at det har vore gjort namnevedtak etter stadnamnlova for det eller dei namna det gjeld.

Ein instans som har klagerett etter § 8 første ledd i lova, t.d. eit historielag, meiner skrivemåten av eit stadnamn på eit kart eller eit skilt er feil. Historielaget kan då sende klage til vedtaksorganet, t.d. Fylkeskartkontoret, som legg saka fram for namnekonsulenttenesta i vedkomande landsdel til ny vurdering. På grunnlag av den nye tilrådinga frå namnekonsulenttenesta kan Fylkeskartkontoret gjere nytt vedtak og kome klagaren i møte, eller det kan halde oppe det tidlegare vedtaket. I det siste tilfellet går saka over til klagenemnda som på grunnlag av ei samla vurdering gjer endeleg vedtak om skrivemåten. Klagesaker skal sendast til klagenemnda gjennom sekretæren for nemnda (som og er sekretær for Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka, sjå adresselista bak).

2 Stadnamn og samfunn

2.1 Innleiing

Stadnamna har ei viktig oppgåve i eit samfunn, både som adresser og som kulturberarar. Dei hjelper oss til å orientere oss i omverda, til å fortelje andre kvar vi skal, eller kvar vi har vore, samstundes som dei formidlar eldre generasjonars røynsler og innsikt i samspelet mellom menneske og natur.

Det er såleis mange sider ved landet si historie som speglar seg av i stadnamna. Og denne stadnamnarven ønskjer styresmaktene å forvalte til nasjonens beste, ikkje berre som grunnlag for kultur- og busetnadshistorisk gransking, men i like stor grad ved å gje namna ei tenleg form på kart, i register og andre publikasjonar, og ved å utnytte han i nye namn i samband med adressetildeling og anna namnsetjing.

Stortinget og departement har vedteke ei rekkje lover og forskrifter som har verknad for fastsetjing og bruk av stadnamn i offentleg samanheng. Også sett frå ein fagleg synsvinkel synest det nyttig og nødvendig med ei viss regulering av namnsetjing og skrivemåte. Stadnamna er ein del av språket vårt, og som anna språk skal dei følgje visse rettskrivingsreglar. Men det er viktig å merke seg at den

offentlege stadnamnrøkta skal gå føre seg i samråd med dei interesserte partane, som Statens kartverk, kommunane, lokale organisasjonar og grunneigarar.

2.2 Namnegranskinga si rolle

I dag finst det namnevitskaplege miljø ved alle dei fire universiteta våre og ved distriktshøgskulane i Møre og Romsdal og Rogaland. Også ved ein skilde andre institusjonar blir det drive med namnegransking. Størst er Avdeling for namnegransking ved Institutt for nordstikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Det heitte tidlegare Norsk stadnamnarkiv og vart grunnlagt i 1921.

Matrikkelrevisjonar

Heilt sidan namnegranskinga for over hundre år sidan stod fram som ein sjølvstendig disiplin, har ei av hovudoppgåvene for namnegranskarane vore å leggje stadnamnmaterialet til rette for samfunnet slik at det kunne nyttast til praktiske føremål, m.a. ved matrikkelrevisjonar, namnsetjing på kart og ikkje minst ved busetnadshistorisk og samfunnshistorisk gransking. Med tida er ikkje desse praktiske sidene ved stadnamnarbeidet blitt mindre viktige for namnegranskinga.

Det første faglege normeringsarbeidet av stadnamn vart utført av kaptein Gerhard Munthe i samband med matrikkelrevisjonen i 1838. Då vart ei rekkje galne og mistydde skrivemåtar retta i samsvar med uttalen. I 1863 gjorde Stortinget vedtak om at matrikkelen skulle reviderast på nytt, dvs. det skulle gjerast ei ny verdsetjing av jordeigedomane i landet, og etter kvart kom det krav frå fleire hald om at gardsnamna i matrikkelen måtte få ein meir uttalenær og ordhistorisk rett skrivemåte. I 1878 vart det så oppnemnd ein kommisjon til å gå gjennom gardsnamna med tanke på skrivemåten. Med i denne kommisjonen var Sophus Bugge, Johan Fritzner og Oluf Rygh. Sistnemnde var formann og kom til å ta på seg mesteparten av arbeidet med å hente inn og leggje til rette stoffet. Det vart utført ei omfattande registrering av eldre skriftformer i jordebøker, diplom og andre

trykte og utrykte mellomalderskrifter, og frå eit representativt utval av etterreformatoriske kjelder. Medlemmene i kommisjonen reiste og rundt på ekserserplassar og lærarseminar for å skrive opp bygdeuttalen.

Den nye matrikkelen vart trykt i åra 1888-94, og her fekk gardsnamna ein meir «moderne» skrivemåte, som for ein stor del av namna er nytta framleis i dag. Rygh arbeidde vidare med å granske gardsnamna som vart gjennomgått ved matrikkelrevisjonen, og eit knapt tiår seinare kunne han publisere første bindet av det grunnleggjande verket *Norske Gaardnavne* (1897-1936). Sjølv gav han ut tre og eit halvt bind før han døydde i 1899. Dei andre binda vart utjevne ved ulike medarbeidarar. Dette verket har heilt sidan det kom ut, vore eit viktig hjelpemiddel i arbeidet med å fastsetje skriffom av stadnamn.

Rettskrivingsendringar

Ved seinare offentlege utgreiingar om skrivemåte og bruk av stadnamn har fagfolk alltid vore inne i biletet. T.d. var det professorane Hjalmar Falk og Marius Hægstad som i 1912 formulerte regelen om at namn på kart skulle skrivast «i stedets dialekt med landsmaalets rettskrivning». Desse stod og bak ei innstilling om skrivemåten av inndelingsnamna i 1915. På grunnlag av tilrådingar frå fagfolk vart det utarbeidd nye forskrifter for skrivemåten av stadnamn i 1917, 1929, 1933 og 1957. Ei særleg sentral rolle i normeringsarbeidet i mellomkrigstida hadde Gustav Indrebø. Under førearbeidet med den nye stadnamnlova har ei rekkje namnegranskarar vore dregne inn.

Namnekonsulentar

Oluf Rygh var og pionér på den måten at han var den første faste namnekonsulenten for det tidlegare Noregs geografiske oppmåling (no Statens kartverk). Fram til den nye ordninga i 1991 med utvida og desentralisert namnekonsulentteneste har desse vore offentlege konsulentar:

Riksmål/bokmål

Oluf Rygh	1879-99
Gustav Storm	1899-1903
Hjalmar Falk	1903-23
Didrik Arup Seip	1923-27
Alf Sommerfelt	1927-65
Eyvind Fjeld Halvorsen	1965-91

Landsmål/nynorsk

Marius Hægstad	1912-23
Gustav Indrebø	1923-42
Per Hovda	1942-84
Botolv Helleland	1984-91

Samisk og finsk (kvensk)

Jens A. Friis	-1896
Konrad Nielsen	1896-1953
Knut Bergsland	1953-91
Thor Frette (nordsam.)	1971-87

Namnekonferansar

Fagmiljøet har òg på eige initiativ teke opp spørsmål som gjeld stadnamna si rolle i samfunnet, og i seinare år har det vore arrangert fleire konferansar om dette emnet. Dei to første vart haldne i Helsingfors i 1975 og 1977, og ein tredje i Göteborg i 1988. Ulike problemstillingar i tilknytning til namngjeving og namnebruk vart drøfte, til dømes

- kvifor somme lokalitetar får namn og andre ikkje
- kva psykologiske og sosiologiske forhold som ligg til grunn for namngjevinga
- korleis sosial bakgrunn verkar inn på namnebruken
- korleis stadnamn blir brukte i fleispråklege område
- korleis samanhengen er mellom munnlege og skriftlege former av namna
- korleis namn oppstår, korleis dei blir tekne vare på, korleis dei endrar seg, korleis dei blir borte

- kva prinsipp som bør leggjast til grunn for stadnamn i offentleg og privat bruk

I 1989 vart det arrangert ein nasjonal konferanse på Blindern i Oslo der proposisjonen til lov om stadnamn vart diskutert.

2.3 Offentlege utgreiingar

Som nemnt har namnegranskarane og vore engasjerte direkte i ulike utgreiingsarbeid som gjeld skrivemåte og bruk av stadnamn. I 1982 kom det ut ei offentleg utgreiing i Sverige med tittelen *Ortnamns värde och vård* (SOU 1982:45). Utgreiinga tek for seg ulike praktiske og kulturelle sider ved offentleg stadnamnrøkt og gjer framlegg om ei lov for å sikre ei best mogeleg handsaming av stadnamna. Lovframlegget vart ikkje følgt opp av dei svenske styresmaktene. I staden vart det skipa eit «ortnamnsråd» til å føre tilsyn med stadnamn i offentleg bruk.

Den 12. oktober 1979 nedsette Kulturdepartementet eit utval til å vurdere ei lov om skrivemåten av stadnamn, og i mars 1983 la dette utvalet fram innstillinga *Stadnamn* (NOU 1983:6). I denne innstillinga blir det gjeve ei brei drøfting av problema ikring skrivemåten av stadnamn. Innstillinga munnar ut i eit lovframlegg om skrivemåten av stadnamn med sikte på å verne stadnamna som kulturminne. Framlegget vart følgt opp av departementet med ein stortingsproposisjon, og 18. mai 1990 vart lov om stadnamn sanksjonert.

Også i *Norsk kartplan 2* (NOU 1983:46) er stadnamn teke opp som eit eige tema, og det blir gjort framlegg om å opprette eit sentralt stadnamnregister ved Noregs geografiske oppmåling (frå 1986 Statens kartverk), og då i samarbeid med fagmiljøa. Under avsnittet om stadnamn heiter det vidare (s. 65):

Innsamling av stedsnavn bør ellers sees i sammenheng med kulturminneregistreringen. Kulturminnearbeidet og stedsnavnarbeidet bør vurderes samordnet.

I samband med debatten om kulturpolitikken i 1980-åra har Stortinget uttala seg om verdien av stadnamninnsamling. I Innst. S. nr. 132 1984-85 blir det m.a. sagt (s. 40):

Komiteen vil peke på at det haster med å få samlet inn stedsnavn, og mener at departementet så snart som mulig i samråd med Norsk Stadnamnarkiv må få fortgang i fullføringen av registreringen av stedsnavn i landet. Komiteen mener det må gis statstilskudd til dette arbeidet, f.eks. etter samme modell som for registrering av faste kulturminner.

2.4 Kva er eit stadnamn?



Eit *stadnamn* kan definerast som eit språkleg uttrykk som hjå ei større eller mindre gruppe menneske utløyser førestellinga om ein viss lokalitet. Eller sagt enklare, eit stadnamn identifiserer eller peikar ut ein viss stad. I lov om stadnamn er stadnamn definert som «namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast». Grensa

mellom stadnamn og andre namnegrupper som institusjonsnamn og namn på verksemdar er flytande. Denne framstillinga kjem inn på stadnamn i vid samanheng og tek i prinsippet opp alle namnegrupper som refererer til fast lokaliserte objekt.

Funksjon

Når eit stadnamn blir nemnt, vil dei fleste som kjenner det, vite kva stad det er tale om. Ein kan seie at stadnamna fungerer som merkelappar i omgivnaden vår - eller *adresser*.

Når to bønder er blitt samde om å møtast på *Haustlegene* for å sanke sauer, fungerer dette namnet som ei adresse for dei - på same måte som *Hagegata 22* gjer det for tusenvis av oslofolk som skal levere inn sjølvmelding (Oslo likningskontor ligg der).

Men det er ein vesentleg skilnad på desse to stadnamna. Det første er kjent og brukt av nokre få, og det har ikkje nokon «offisiell» status så lenge det ikkje førekjem på kart eller i andre offentlege publikasjonar. Det andre har derimot mange brukarar, og det har gått inn i det offisielle adressenamnsystemet i kommunen. Men dersom det skulle kome eit byggjefelt på t.d. *Haustlegene*, er det ikkje noko i vege for at dette namnet kunne nyttast i adressetildelinga og slik få offisiell karakter.

Det er såleis som adresse stadnamn er mest aktuelle for folk flest. Men ein kan og sjå på dei frå ein kulturhistorisk eller språkvitskapleg synsvinkel: Kva tyder namn? Kva fortel dei om? Kva lydleg og grammatisk form har dei? Dette skal vi kome attende til.

2.5 Kvar finn vi stadnamna?

Stadnamna er ein del av språket, og kvar einskild av oss har eit stort tal namn som vi tileignar oss gjennom åra og nyttar meir eller mindre aktivt. Dette er likevel berre ein liten del av det samla namnetilfanget

i samfunnet. Andre namn finn vi fram til etter kvart som vi treng dei, t.d. på kart, i register og andre skriftlege framstillingar, eller ved å spørje dei som er lokalkjende i det aktuelle området.

Samfunnet treng eit oversyn over stadnamntilfanget av fleire grunnar. Éin grunn er den rolla stadnamna spelar som emne for granskinga - her er ansvaret lagt til dei vitskaplege namnearkiva. Slike arkiv finst det ved universiteta, ved somme høgskular og ved ymse andre institusjonar. Fleire av desse arbeider permanent med å samle inn og granske namnemateriale.

Ein annan viktig grunn er den praktiske funksjonen namna har som vegvisarar på kart, skilt, i register osv. Eit mål for Statens kartverk er at alle namn på offentlege kart skal samlast i eit databasert stadnamnregister. Grunnlaget for dette registeret er lagt i namnedatabasen for hovudkartserien NORGE 1 :50 000 (N50, tidlegare M711) på til saman 340 000 namn. Dette materialet er utgjeve av Statens kartverk i tre bind i serien *Navneregister i kart i 1:50 000 over Norge* (1990-91).

Eit enno meir omfattande namneregister ligg inne i databasen til GAB (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret). Statens kartverk arbeider med eit nasjonalt geografisk informasjonssystem (NGIS) til lagring og distribusjon av geografiske data, medrekna stadnamn, og her vil, etter kvart som systemet blir utbygd, ulike offentlege stadnamnregister vere tilgjengelege, også slike som Statistisk sentralbyrå har bygd opp, t.d. namn på grunnkrinsar, valkrinsar osv. Kartverket har inngått ein avtale med Norsk informasjonsteknologi (NIT) om disposisjon av NGIS.

I samsvar med lov om stadnamn har Statens kartverk oppretta eit sentralt stadnamnregister (SSR), der alle namn som er vedtekne etter lov om stadnamn, skal vere med.

Eit meir fullstendig oversyn over tilgjengelege stadnamnregister er ført opp under kap. 8.4 og i litteraturlista.

2.6 Kor mange stadnamn?

Kvart samfunn, stort eller lite, har sitt namnetilfang. Men talet på stadnamn står ikkje i noko fast forhold til folketalet i området. Der folk bur tett, t.d. i byar og tettstrok, er det nok fleire personar enn stadnamn, medan det kan finnast dusinvis av stadnamn for kvar person i eit grisgrendt strok der dei har halde ved like ein rik namnetradisjon. Frå einskilde gardsområde kan det vere registrert fleire hundre namn.

Fleire millionar

Kor mange stadnamn vi har i landet, er det vanskeleg å avgjere nøyaktig. Det har vore rekna på at det på landsbasis er gjennomsnittleg 100 lokale stadnamn på kvar av dei om lag 50 000 matrikkelgardane i landet, og ein kjem då fram til 5 millionar namn, eit tal som kanskje er for høgt i dag. Noko som gjer det vanskeleg å slå fast talet, er at det enno er store område i landet der stadnamna ikkje er systematisk samla inn. Eit anna problem i samband med ei oppteljing er at namnemassen ikkje er stabil - gamle namn fell ut og nye kjem til. Dessutan er det ikkje heilt enkelt å setje grensa mellom «eigentlege» stadnamn og vanlege ord (samnamn eller appellativ). Stundom fungerer *Posthuset* og *Leikeplassen* som stadnamn, andre gonger blir dei nytta som appellativ.

Mange like namn


Når ein diskuterer talet på stadnamn, må ein og hugse på at det finst mange likelydande namn rundt om i landet, t.d. *Hagen*, *Hagan*, *Hågan*, *Sollia*, *Storgata* osv. På grunnlag av eit utval av vel 153 000 stadnamn i *Norsk stedsfortegnelse* har ein kome fram til at 80 000 eller vel halvdelen av oppslaga finst berre ein gong, medan resten førekjem to eller fleire gonger. Ulike skrivemåtar av same ord som *Vika* og *Viken* blir rekna som ulike namn. Nærare 2 % av oppslagsformene er oppførte meir enn 50 gonger. Dei tre mest utbreidde sisteledda i denne namnelista er *heim* (ca. 6700), *stad* (ca. 6200), *rud* (ca. 3500). Mange av desse er nyare namn på mindre eigedomar. Totalt finst det over 1 million registrerte eigedomar, medrekna husvære, og ein stor del av desse har namn. Kor mange *ulike* namn (naturnamn og kulturnamn) som finst i alt, kan vi først seie når

30

storparten av namna er systematisk innsamla og helst gjort tilgjengelege på data. Då vil ein kunne få ut pålitelege tal over fordelinga i det totale namnetilfanget.

2.7 Korleis er stadnamna blitt til?

Stadnamna og språket i det heile er ein reiskap vi nyttar for å byggje opp og halde orden på verda ikring oss. Vi kan og seie at stadnamna er ei form for kommunikasjon mellom menneska. Namnsetjing, normering og bruk av namn blir såleis ein del av kommunikasjonsprosessen i samfunnet.



I dag skjer namnsetjinga ofte gjennom ei medviten handling som vi kan sjå på som ein dåp. Gate- og vegnamna blir t.d. innførte gjennom kommunale vedtak. Bygningar, institusjonar og verksemder får ofte namn som skal vere både prydelege og tydelege.

Dei tradisjonelle stadnamna er oftast resultat av ein lengre prosess. Før dei fjerne forfedrane våre tok til å utnytte ressursane, kan vi førestelle oss at landskapet låg i ein slags jomfrueleg tilstand, om lag som polarområda opp til vår tid, som eit blankt ark «med farjestifter tel». Etter kvart som menneska gjorde sin entré og byrja å utnytte eit område, grodde stadnamna fram som merkelappar på dei ulike

lokalitetane. På same måte som i våre dagar måtte tidlegare generasjonar halde kvarandre orienterte om kvar dei hadde sine ulike gjeremål ved hjelp av stadnamn.

Konkret bakgrunn

Dei fleste stadnamna har ein konkret bakgrunn - namngjevarane har så å seie kunna trekkje dei ut av omgivnaden. Ein lang dal vart heitande *Langedalen*, ei djup vik *Djupvik*. Men det vil ikkje seie at alle lange dalar vart heitande *Langedalen*, eller at alle djupe viker fekk namnet *Djupvik*. For det første kan det vere upraktisk med fleire likelydande namn i same namnemiljøet. For det andre finst det tallause andre måtar å karakterisere tilhøva på staden på, og som kan gje grunnlag for namnsetjinga. Dei gamle hadde nok også i større grad enn vi som lever i dag, sans for detaljane og særmerka i naturen, og dette speglar seg av i namnetilfanget.

Sjølv om dei aller fleste tradisjonelle stadnamna har opphav i eit beskrivande uttrykk, så er det utmerkings- eller adressefunksjonen som er det primære ved eit namn. Lett gjennomslittige namn som *Leikvoll* og *Torget* er nok beskrivande, men det beskrivande innhaldet kjem i bakgrunnen når stadene får endra funksjon. Dersom *Leikvoll* er namn på ei hytte, tenkjer ikkje namnebrukarane utan vidare på ein leikeplass (som er den opphavlege tydinga av namnet).

2.8 Kva tyder stadnamnet?

Dei aller fleste stadnamna har ei opphavleg beskrivande tyding, men som vi har peikt på ovanfor, fungerer dei først og fremst som ei adresse eller ein referanse til ein stad. Ein treng ikkje vite at t.d. *Tromsø* tyder noko slikt som «øya i straumen» - alle veit at det dreiar seg om ein viss by i Nord-Noreg. Til og med namn som inneheld ord som er daglegdagse, t.d. *Nesodden*, *Mo*, *Vik* nyttar ein utan å tenkje på kva dei tyder.

Det at den opphavlege tydinga ikkje er så viktig for den daglege bruken av stadnamn, har gjort at namna lettare kan ha blitt nedslitne

enn ordtilfanget elles. *Ense* (Ski) går t.d. tilbake på eit eldre *Einarshaugr*, skrive *af Einarshaugi* ca. 1400. *Ekle* (Strinda) er skrive *af Eiklidhe* ca. 1435, *Kallåk* (fleire stader) er kortform av *Kaldåker*. Men ofte er ei meir ordhistorisk form halden oppe i skrivemåten, sjølv om lydlovene i målføret har «herja» med namnet, t.d. *Meråker*, uttala «Mårråk», *Oppsal* fleire stader (av eldre *Uppsalir*), uttala «Oksol», "Oksøl», «Ofsol» (i austnorsk med «tjukk l»).

2.9 Kor langt rekk eit stadnamn?

Ei side ved stadnamna som lova ikkje går nærare inn på, er kva funksjon eit namn har, og kor stort område den namngjevne lokaliteten femner om. Ved namn på administrative inndelingar, adresseeiningar, poststader, parkar, anlegg, institusjonar o.l. er namneobjektet i utgangspunktet klart definert og avgrensa. Det same gjeld namn på eigedomar. Derimot er det ei mengd større og mindre namngjevne lokalitetar som ikkje er nøyaktig avgrensa. Ofte finst det heller ikkje i lokal bruk klare avgrensingar - t.d. kan eit fjell ha ulik utstrekning etter kven som nyttar det. Det er såleis ikkje så lett å dra grensene for eit fjellområde som *Børgefjell* eller eit høgdedrag som *Holmenkollåsen*. Stort sett fungerer slike namn med stor nok presisjon, og kartprodusentane nøyer seg med å plassere namnet så nokolunde i sentrum av lokaliteten på kartet. Derimot vil *Børgefjell* brukt i områdenamnet *Børgefjell nasjonalpark* ha ei klar avgrensing.

2.10 Namn blir borte - og nye kjem til

Talet på stadnamn er ikkje stabilt. Mange namn som har vore i bruk tidlegare, er borte i dag, eller er i ferd med å gå i gløymeboka. Men nye namn kjem til etter kvart som dei trengst. Vi kan rekne med at eit samfunn har så mange namn som det til ei kvar tid har bruk for. Endringane i namnelandskapet heng saman med endringane i levevilkår og busetnad og dermed med utnyttingsformene av naturen. Dei menneskelege aktivitetane i dag krev til dels andre namn enn dei

som har vore nytta tidlegare. Medan det norske namnelandskapet for eit par generasjonar sidan var prega av ei ekstensiv ressursutnytting, først og fremst gjennom husdyrhaldet, er primærnæringane i dag spesialiserte og konsentrerte om langt mindre areal. Hundretusenvis av stadnamn som vart nytta i første halvdel av dette hundreåret, er no ikkje ofte ikkje meir enn eit passivt namnegods, om dei då ikkje er heilt gløynde.

Om tapet av eldre namn er dramatisk i dag, er det på den andre sida ein sterk vokster av nye stadnamn i samfunnet. Der det tidlegare var uproduktive utmarksområde med få eller ingen namn, kan det i dag vere friluftsanlegg med nye namn.

Ei slik veksling mellom gamle og nye namn har det alltid vore, sjølv om dei ytre endringane skjer snøggare og er meir omfattande i dag enn tidlegare. Både vikingtida og høgmellomalderen var ei ekspansjonstid med aukande folketal og nyrødding, og mange nye stadnamn vart tekne i bruk. Nedgangstidene i seinmellomalderen førte til at mange gardar og heile bygdelag vart lagde øyde, og eit stort tal stadnamn vart gløynde. Seinare vart mange nedlagde gardar og plassar tekne oppatt, ofte med nye namn som *Øydegarden*, *Øgarden*, *Aune*.

Endringar i næringsstrukturen

Stadnamn som er nytta av mange i eit samfunn, har større sjanse til å overleve enn namn som er brukte av nokre få. Ein stor prosent av det samla stadnamntilfanget i landet gjeld namn som berre er kjende i dei små namnekrinsane i dei tradisjonelle jordbruks-, fiskar- og fangstmiljøa, og då helst av den eldre generasjonen. Fram til midten av vårt hundreår var ein stor del av dette tilfanget i levande bruk. Seinare er det gradvis blitt eit passivt og til dels gløymt tilfang. Utviklinga av samfunnet dei siste tiåra med mekanisering i jordbruk, skogbruk og fiske, endra bruksstruktur og fråflytting har gripe særleg radikalt inn i stadnamntradisjonen.

Nye stadnamn

Frå å vere eit typisk bonde- og fiskarsamfunn har Noreg på eit par mannsaldrar endra seg til ein industri- og høgteknologi nasjon med

fleire og fleire som bur i tettstader. Nyregulering, byggjeverksemd og anlegg på land og sjø har skapt grunnlag for ei mengd nye stadnamn. Særleg stor har tilvoksteren vore når det gjeld namn på vegar, gater og anlegg av ymse slag. Turisme og fritidsaktivitetar har skapt sine namn. Også i dei tradisjonelle næringane har nye namn kome til - skapte ut frå dagens behov, t.d. *E11*, *Per Gynt-vegen*, *Bulldosarteigen*, *Camping-plassen*, *Kioskkroken*. Ein god del nye namn, særleg på forretningar, serveringsstader o.l. er på engelsk og andre framandspråk, t.d. butikken *BigO* (av *Storo* 'den store garden ved åa, elva'), forretningscenteret *City Syd*, restauranten *Pizzeria Vina del Mar*.

«Fine» og «stygge» namn

Både norske og utanlandske namn blir ofte vurderte ut frå om dei er «fine» eller «stygge», særleg når det er aktuelt å gje nye namn. Adressenamn som *Huk aveny* og *Ullern terrasse* har gjerne hatt større prestisje enn namn som *Guttua* og *Brattbakken*. Somme oppfattar eldre skrivemåtar som *Woxen* og *Wiik* som «finare» enn rettskrivingsformene *Voksen* og *Vik*. Slike haldningar er subjektive og har ikkje språkleg grunnlag, men i somme høve kan ein korrekt målførebasert skrivemåte gje uheldige assosiasjonar, t.d. *Daustad* i Vestnes, der den eldre og meir «nøytrale» skrifforma *Daugstad* er innført. Hovudprinsippet ved namnsetjinga er å nytte nedarva lokale namn, normert på grunnlag av dialekten, men ein bør unngå å nytte namneformer som kan vekke uheldige assosiasjonar, utan at ein av den grunn prøver å skape kunstige namn.

2.11 Kor gamle er stadnamna?

Oftast er det problematisk å fastsetje alderen på stadnamn. Rett nok kan namnegranskarane ved å kombinere språklege, historiske, arkeologiske og andre data i mange høve kome fram til ei datering innan visse periodar, men som regel må dei uttrykkje seg med stor varsemd.

Vi kan gå ut frå at det har vore laga stadnamn så lenge det har budd menneske i landet. Men det vil ikkje seie at dei eldste stadnamna går attende til steinalderen. Så langt tilbake har vi ikkje nokon kunnskap

om språktilhøva. Det ville heller ikkje vere lett å tradere stadnamna gjennom lengre tidsrom i dei små og ustabile samfunna i førhistorisk tid.

Over 2000 år

Det er vanleg å rekne med at dei eldste noverande stadnamna går attende til tida ikring Kr.f. eller hundreåra før. Somme granskarar meiner vi har stadnamn som kan førast attende til bronsealderen. Til dei eldste namna reknar vi ein del usamansette naturnamn, ofte laga ved avleiing, t.d. elvenamn som *Vefsna* og *Orkla*, øynamn som *Træna* og *Bømlo*, fjordnamn som *Vanylven* og *Sogn* (no distriktsnamn). Mange gardsnamn av opphavlege naturnamn kan og ha høg alder, både lett gjennomskodelege namn som *Berger*, *Dale*, *Vik*, og uklare namn som *Madla*, *Sola* og *Tasta* ved Stavanger.

Gardsnamn

Mange andre gardsnamn har og høg alder og kan rekkjast attende til ei tid før garden som institusjon vart til. Av dei ikring 1000 norske gardsnamna på *vin* 'naturleg eng', t.d. *Bryn* (av *Brú-vin*), *Grini* (av *Gran-vin*), *Ven*, *Vinje* går nokså mange ned mot dei første hundreåra e.Kr. Det same gjeld dei om lag 1000 *heim-namna*, t.d. *Bærum* (av *Berg-(h)eimr*), *Seim*, *Sem* (av *Sæ-(h)eimr* 'sjø-'), *Sør-(h)eim*. Til noko yngre periodar høyrer dei 2000 namna på *land* og dei 2500 namna på *stad* (gno. *staðir*). Frå før år 1000 reknar ein og dei aller fleste av dei 1100 gamle namna på *bø*, *by* og dei 900 på *set*. Desse namneledda, særleg *land* og *stad*, er i vårt hundreår ofte tekne oppatt i namn på bustader, gardsbruk o.a.

Det er såleis ein stor del av namneskatten vår som er blitt til i hundreåra før kristendommen vart innført. Andre store grupper er blitt til i vikingtida og mellomalderen. Frå mellomalderen skriv mange av namna på *rud*, *rød* seg, som er den mest talrike namneklassen blant gardsnamna. Fleirtalet av dei stadnamna vi har i dag, medrekna alle «smånamn», kan vi likevel rekne med har oppstått i tida etter 1500. Det gjeld nok storparten av dei mange meir lokale namna som

er knytte til næringsutnytting i innmark og utmark. Til den aller yngste gruppa høyrer dei mange namna som blir gjevne i våre dagar, t.d. namn på gater og vegar og ulike slags anlegg og verksemder.

2.12 Ulike namnetypar

Små og store namnekrinsar

Stadnamna kan klassifiserast på ulike måtar, både på grunnlag av språklege og ikkje-språklege kjennemerke. Ein måte å skilje mellom namna på, er å ta utgangspunkt i kor stor namnekrinsen eller brukarmiljøet er. Ein vesentleg del av alle stadnamn er nytta eller kjent berre av nokre få, t.d. på ein gard eller i ei grend. Det kan vere namn på teigar, markstykke o.l. Desse har gjerne vore kalla «gårdens navn» (etter Magnus Olsen). Slike mini-namnekrinsar finst det tusenvis av rundt om i landet. Noko større er den namnekrinsen som femner om ei heil bygd eller eit byområde. Desse namna har vore kalla «bygdens navn», dvs. dei har vore kjende og nytta av folk i eit noko vidare område enn det einskilde gardssamfunnet. Gards- og grendenamna og dei viktigaste naturlokalitetane i ei bygd (eller ein by) høyrer til denne namnekrinsen. Endeleg er det ein god del lokalitetar rundt om i landet som er så viktige at namna deira er kjende av folk frå ulike kantar av landet, først og fremst av dei som reiser mykje, og desse namna har vore kalla «veiens navn», t.d. namn på større fjordar, øyar, elvar og fjell, tettstader, område og landsdelar. I praksis kan ein rekne med mange fleire namnekrinsar som til dels går over i kvarandre, alt etter kva situasjon namna blir brukte i. Dessutan har det moderne mediasamfunnet ofte vore med på å skape ei meir eller mindre kortvarig interesse for namn som elles ikkje ville oppta folk utanfor lokalsamfunnet.

Bustadnamn

Meir vanleg er det å klassifisere stadnamna etter kva slags lokalitetstype dei viser til. Såleis kan ein skilje mellom inndelingsnamn (områdenamn, fylkesnamn, kommunenamn, soknenamn o.fl., sjå kap. 3.3), bynamn, gardsnamn, bruksnamn/eigedomnamn, alt etter kva ein

finn praktisk. Desse namnegruppene kallar ein med ei felles nemning for bustadnamn eller busetnadsnamn av di dei viser til stader der det bur eller har budd folk. Vidare finst det fleire lokalitetsgrupper der folk oppheld seg mellombels, t.d. setrar, fiske- og veidebuer, hytter, slåtter; til desse knyter det seg òg ei stor mengd namn.

Kulturnamn og naturnamn

Ut over dette finst det nær sagt tallause større og særleg mindre namngjevne lokalitetar der folk utfører eller har utført ulike former for næringsverksemd eller fritidsaktivitet, først og fremst i samband med det gamle arbeidslivet, men også frå nyare tid, t.d. førsanking, fiske og fangst, handverk, industri, samferdsel. Desse namnegruppene kan ein med ei overordna nemning kalle *kulturnamn*, altså namn som vitnar om menneskelege aktivitetar. Ei anna hovudgruppe er *naturnamna*, dvs. namn på naturlokalitetar av ymse slag, t.d. namn på fjordar, øyar, vassdrag, fjell osv.

Tydingskrinsar

Det kan og vere aktuelt å analysere eit namnemateriale etter tydingskrins. Dei fleste namna inneheld eit hovudledd som fortel om terrengtype, t.d. *-fjell*, *-haug*, *-nut*, *-dal*, *-vik*, *-gate*, *-veg*, *-åker*. Dessutan har svært mange namn eit førsteledd eller utmerkingsledd som viser til ulike tydingsområde, t.d. planteliv som i *Vierdalen*, dyreliv som i *Bjørnehaugen*, arbeidsliv som i *Skomakarbakken* osv.

I nyare namnsetjing har det vore vanleg å nytte namn med felles tydingskrins i visse delar av ein tettstad. Slike tydingskrinsar kan gå på alt frå steinslag og himmellekamar til musikk og litteratur. Namn med felles tydingskrins eller motivkrins blir og nemnde *gruppenamn* eller *kategorinamn*, sjå meir om dette nedanfor i kap. 2.13 og 13.5.

Språklege særmerke

Vidare kan det vere av interesse, særleg frå ein språkleg synsvinkel, å finne ut om namna er usamansette som *Løkka* og *Torget*, eller samansette som *Langedalsløkka* og *Stortorget*, om eintal eller fleirtal ligg til grunn, t.d. *Setra* eller *Setran*, om namnet har dativform som i *Lien* og *Bergo* eller genitivsform som i *Sjurs*.

Også andre språklege kriterium kan leggjast til grunn for inndelingane, alt etter kva ein ønskjer å byggje på. Naturleg nok vil namnegranskarane ha meir spesielle siktemål enn folk flest her.

2.13 Stadnamn som adresse

Som det er framheva ovanfor, er det adressefunksjonen som er det viktigaste ved stadnamn. Ut frå dette kunne ein hevde at namn som representerte det mest effektive orienteringssystemet, ville vere å føretrekkje.

Nummernamn




I USA er «nummernamn» svært utbreidde i adressesystemet, noko som delvis heng saman med den rektangulære oppdelinga av grunneigedomar og dermed av tettstadene. På Manhattan i New York er dette systemet særleg langt utvikla. Her er dei store langsgåande gatene kalla *First Avenue*, *Second Avenue* osv. til *Twelfth Avenue*, og dei tversgåande gatene *East 1st Street*, *East 2nd Street*, *West 3rd Street* osv. til 218 (nokre avenyar og gater har «vanlege» namn i

tillegg til nummernamn). Eit slikt rektangulært system kan vere lett orientere seg etter, særleg når gatenettet er kvadratisk. Også i norske tettstader finn ein innslag av slike «tal»-namn, t.d. *Gate 1*, *Gate 2* til *Gate 7* i Måløy. Men den norske topografien og norsk tettstadregulering ligg ikkje i same grad til rette for eit slikt system som t.d. i USA.

Retningsnamn

Vanlegare er det å skilje mellom eit par eller nokre få gater ved hjelp retningsord, t.d. *Nordregata*, *Søregata*, *Øvrevegen*, *Nedrevegen*. Når ein er i Nedrevegen, er det lett å tenkje seg kvar Øvrevegen ligg. Og når ein leitar etter namn som *Hamnegata* eller *Fiskerkroken*, kan ein truleg kome på rett lei om ein søker mot sjøen.

Gruppenamn



Ein annan måte å lette orienteringa på er å knyte namn med ein felles tydingskrins til visse område i tettstaden, gjerne kalla *gruppenamn* eller *kategorinamn* (sjå og kap. 13.5). Ein vil då vite at vegar med t.d. plantenamn finst i eitt område og vegar med dyrenamn i eit anna. Dette namngjevingsprinsippet er svært utbreidd ved adressetildelinga i heile landet.

Ei slags gruppenamngjeving er og representert ved *relasjonsnamn* som *Rudsbakken*, *Rudssaga*, *Rudsvegen*. Her er dei nye namna laga i relasjon til eit eldre, allment kjent namn *Rud*. Når ein møter slike

namnegrupper, vil ein vite at ein er i nærleiken av *Rud*. For å unngå samanblanding av namn med same førsteledd bør ein helst ikkje nytte meir enn nokre få relasjonsnamn til same primærnamnet.

Dei større byane har sjølv sagt fleire problem å hanskast med når det gjeld adressetildelinga enn dei mindre tettstadene og dei grisgrendte stroka. Gruppenamn kan då vere lette å ty til, samstundes som dei har praktiske fordelar. Både brannvesen, ambulansar, drosjar, vareleverandørar og andre som skal til dei aktuelle adressene, vil ofte ha stor nytte av at adressenamna blir organiserte med tanke på ei mest mogeleg effektiv orientering. Ein må likevel vurdere nøye kva slags namnegrupper ein innfører, og ikkje minst må ein vurdere dei kulturelle og miljømessige ulempene som slik namngjeving kan innebere. Ei ulempe ved gruppenamna er at dei ofte ikkje har noka naturleg tilknytning til området slik tradisjonelle stadnamn har. Namn som *Trompeten* og *Månestrålen* er bokstavleg tala henta ut or lufta. Rett nok blir slike namn helst nytta i dei største busetnadskonsentrasjonane der meir nærliggjande namn er «oppbrukte».

Individuelle stadnamn

Dei fleste tradisjonelle stadnamna har vakse fram på sjølvstendig grunnlag, altså utan nokon tilsikta gruppesamanheng. Men det hindrar ikkje at også slike namn kan ha orienterande innhald. Ofte inneheld namna ord som på ein instruktiv måte forklarar kva som er særmerkt for staden, t.d. om det er høgt, bratt eller flatt. Namn som *Brattkollen*, *Grøndalen*, *Eikemo*, *Sjonarhaugen* (til *sjon* '(ut)syn'), *Elvebakken*, *Furuholmen*, *Kløfta*, *Stasjonsvegen* er døme på namn som avspeglar eitt eller fleire særmerke ved staden. Rett nok kan det hende at somme slike særmerke er mindre synlege i dag; kanskje er det ikkje lenger nokon eikeskog på *Eikemo*.

2.14 Kulturhistoriske verdiar

Som regel har det praktiske føremøner å byggje dei nye stadnamna på det eksisterande namnetilfanget. Men også frå eit kulturhistorisk

synspunkt vil det vere viktig å utnytte dei nedarva stadnamna når ein skal setje namn på bustadfelt, vegar og andre objekt.



Kvart lokalmiljø har ei fortid som på mange måtar speglar seg av i stadnamna: *Hollenderveien* i Son fortel om den gamle sjøtrafikken, *Munkegata* i Oslo vitnar om klosterliv, *Bøkkersmauet* i Bergen om tunnemakaryrket, *Garvargata* i Ørsta om garvaryrket. *Brennerigata* i Vadsø har namn etter eit tidlegare tranbrenneri. Frå Voss kan nemnast *Burekkje*, *Geili* (båe med tydinga 'krøterveg'), *Hestavangen*, *Kvernavegen*, *Kyrkjeflota*, *Smidjevegen*, *Stallgata*, *Teigbrekko*, *Vadet*. Andre døme på namn som fortel om ulike former for ressursutnytting, er *Linåkeren*, *Hampedokka*, *Sanddrættet* (drætte 'draging av fiskereiskap' o.l.), *Bogastillet* (gammal jakt plass). Om handverk, handel og samferdsle fortel *Smiubakken*, *Kremmargarden*, *Kvilesteinen*, medan *Dansarhaugen*, *Likhella*, *Tussavombi* og *Jutulhogget* vitnar om sosialt liv, skikkar og førestellingar.

Stadnamna gjev såleis eit mangesidig bilete av livstilhøve og arbeidsliv gjennom tidene og er ei verdfull kjelde for lokalhistorisk innsikt.

2.15 Stadnamn som miljøfaktor

Det lokalhistoriske innhaldet i stadnamna er såleis viktig for seg, men dette historiske stoffet utgjer òg ein trivselfaktor for dei menneska som bur der i dag.

Det at vi lever i ein historisk samanheng, representerer ein grunnleggjande menneskeverdi. Dei fleste av oss har eit visst behov til rotfeste i eit lokalmiljø, anten det er i ein by eller i ei bygd. I dag er det mange som flytter, kanskje fleire gonger i livet, og dette stiller store krav til dei nye bu- og arbeidsmiljøa. Her er det viktig at også namneplanlegginga vert teken vel vare på, nettopp fordi stadnamna høyrer med til dei miljøskapande faktorane. Ved å utnytte det nedarva namnetilfanget på staden vil ein hjelpe til med å binde saman fortid og notid. Og når namna kjem på skilt og i adressebøker, vil dei snart bli sett på som «våre namn».

Pedagogisk nytte

Dette namnetilfanget kan og utnyttast som undervisningsemne i skulen og i fritidssamanheng. Elevane kan få i oppgåve å samle inn og systematisere stadnamn i eit område og prøve å sjå samanhengen mellom natur, arbeidsliv og namn. I somme kommunar er det lagt opp naturstigar der m.a. stadnamna er dregne inn for å synleggjere samspellet mellom menneske og natur. Korte namneforklaringar på skilt eller på fritidskart over området har vore med på å auke interessa for kunnskapen om lokalmiljøet.

Språkfelleskap .

Lokalsamfunnet er også eit språkleg fellesskap. Sjølv om flytting, utdanning og påverknad frå alle slags massemedium har ført til at språket er mindre lokalbunde enn før, opplever folk flest i lokalsamfunna det nedarva talemålet som sitt språk. Det gjeld ikkje minst stadnamna. Stadnamna er vel noko av det første innflyttarar lærer i den lokale målforma. Mange ser det som viktig å ta omsyn til dette når det er aktuelt å setje namn på gater, vegar, institusjonar, anlegg o.l. Ei anna sak er at reglane for normering av stadnamn i offentleg bruk berre unntaksvis tillet reine dialektformer, sjølv om det skal takast utgangspunkt i talemålsforma når skriftforma blir fastsett.

Framande innslag

Rundt om i kommunane vil ein finne stor variasjon i dei nye vegnamna, både når det gjeld språkform og ordval. Dette bør ein sjå på som både positivt og ønskjeleg, men mangfaldet bør først og fremst avspegle dei lokale tilhøva og den lokale namnetradisjonen. Mange stader har namnelaginga skjedd etter innlånte mønster. Ein kan skjønne at ord som *allé*, *aveny*, *chaussé*, *terrasse* er å finne i ein storby som Oslo. Mindre naturleg er det at slike ord dukkar opp i småbyar og bygdesenter. Det same kan i ein viss grad seiast om gruppenamna som er omtala ovanfor.

Skriftpåverknad

Ein annan type skriftbaserte former finn vi i *Rud vestre* (*vestre* ofte skrive med stor førebokstav), *Dal skog*, mot *Vestrud* (*Vest-Rud*) og *Dalsskogen* i vanleg tale hjå folk flest. Etter ei tid kan slike konstruksjonar bli innarbeidde og til dels aksepterte, men ein ein bør prøve å unngå dei. Endå større avvik frå tradisjonell namneskikk representerer typen *Vei nr. 2639*. Rett nok har slike «namn» ei mellombels oppgave, men somme stader er dei blitt ståande i årevis.

2.16 Språkleg mangfald

Ei av dei miljøskapande sidene ved stadnamna er det språklege mangfaldet dei står for. Dersom ein har samla stadnamn frå eit lokalmiljø, vil ein sjå at dei representerer ei mengd ulike ord og former. Som døme på ein slik namnebundel kan nemnast *Byrkjeflot*, *Bås*, *Kvelvet*, *Rossvoll*, *Skutull*, *Skådnasete*, *Tussen*, *Tveitane*, *Veisane* i Ullensvang. Lokalfolk flest kan ikkje seie så mykje om kva desse namna tyder, men det er namn som dei kjenner og nyttar, og dei er ein del av den språklege rikdomen i dette lokalsamfunnet.

Same namn i mange kommunar

Sjølv om mange kommunar har utnytta dette lokale språklege mangfaldet i den nye namnsetjinga, er det ein del namn og namneledd som går igjen. Særleg er det vanleg å bruke *-gate* og *-veg* som sisteledd i adressenamna. Dessutan har ord med liknande tyding, som

-stig, *-gang*, *-far*, *-allé*, *-ring*, *-sving*, blitt tekne i bruk i aukande grad. Som førsteledd (utmerkingsledd) i slike nye namn førekjem ofte eldre stadnamn, t.d. *Førlandsringen* (Strand), *Salhussvingen* (Bergen), men ein vil sjå at ei stor mengd av norske tettstader har namn av typen *Kirkegata*, *Storgata*, *Stasjonsvegen*, *Industrivegen*. Desse namna kan vere representative nok for kvart enkelt lokalsamfunn etter som dei fortel noko om staden, men ser ein dei ut frå eit ønske om språkleg mangfald og lokal variasjon i landsmålestokk, vil ein fort konstatere at det dreiar seg om ein einsformig praksis. Også innan gruppenamna finn ein dei same typane representerte i mange kommunar.

I det alfabetiske oversynet *Gate- og vegnamn i Norge* (Postdirektoratet 1983) er det ført opp ca. 36 000 namn. Ein stor del av desse namna går att i mange kommunar. T.d. finst *Kirke-/Kyrkjegata (-vegen/-veien)* 155 gonger, *Skolegata (-vegen/-veien)* 140 gonger, *Storgata* 76 gonger, *Industrigata (-vegen/-veien)* 70 gonger, *Stasjonsgata (-vegen/-veien)* 42 gonger. Vidare finst *Skogvegen (-veien)* 104 gonger, *Lyngvegen (-veien)* 92 gonger, *Ekornstigen (-vegen)* 63 gonger, *Solbakken (-vegen/-veien)* 88 gonger. I dag kan ein rekne med at desse tala ligg ein god del høgare.

Av ei rundspørjing i 1979 frå Institutt for namnegransking til kommunane om prinsipp for gate- og vegnamn går det fram at innpå 70% av dei som svara, gjekk inn for å bruke hovudsakleg tradisjonelle stadnamn når slike fanst, medan ikring 25% brukte både tradisjonelle stadnamn og gruppenamn. 2% gav opp berre gruppenamn som hovudregel. Nokre kommunar opplyste ikkje om namngjevingsprinsipp i det heile.

2.17 Frå tale til skrift


I vårt samfunn er det skrivne ordet - anten det gjeld stadnamn eller anna språk - ein føresetnad for effektiv kommunikasjon og meningsutveksling. Men skriftmålet er sekundært i høve til talemålet. Talemålet eller dialekten er den opphavlege uttrykksforma, den som skriftmålet byggjer på.

Gjennom tidene har talemålet endra seg mykje, frå eit eldre germansk og nordisk mål til gammalnorsk, mellomnorsk og moderne norsk. Alt tidleg tok det til å kløyve seg i dialektar, som har utvikla seg på ulike måtar. Kvar generasjon har lært målet slik det har vore tala på staden ved det aktuelle tidspunktet. Sjølv etter at skriftmålet kom i bruk, vart stadnamna hovudsakleg nytta i målføreform. Det gjeld framleis ei mengd heilt lokale namn på innmark og utmark rundt om i landet. Men meir brukte namn blir i aukande grad uttala etter skriftbiletet.

Skrifthistorikk

Kunsten å skrive med latinske bokstavar er ikkje meir enn ikring 1000 år gammal. (Runeskrifta går attende til det 3. hundreåret e. Kr.). Dei eldste skriftlege døma på stadnamn her i landet er frå slutten av 1100-talet (nokre få førekjem tidlegare i runeinnskrifter). Seinare flyt, kjeldene rikare, og frå slutten av 1300-talet og utetter ligg det føre eit rikt materiale av namneformer i diplom (brev/dokument), jordebøker, skattemanntal og andre dokument. Fram til ikring 1500 er målet i dei skrivne kjeldene hovudsakleg norsk (gammalnorsk, mellomnorsk). Deretter tek dansk språk og skriftmønster over. Men korkje den førreformatoriske skrifttradisjonen eller dansken i hundreåra etter reformasjonen stod for noka fast norm.

Skiftande skrivemåtar



Medan dialektane har endra seg etter måten lite dei siste hundreåra og fram til midten av 1900-talet, vil ein finne mange ulike og

avvikande skriftformer i dei etterreformatoriske kjeldene. Eit namn som *Skjæsar* (Lom) er t.d. skrive *Skedssehr*, *Skiedtzar* på 1500-talet, *Skiøeser*, *Schiedtzer* på 1600-talet, og *Skiedser* på 1700-talet. Dette er skriftformer som er førte i pennen av danske embetsmenn. Skrivarane hadde som regel liten kunnskap om norske språkforhold og skreiv namna etter eit meir eller mindre vaklande dansk skriftmønster. Ofte vart det nytta mange ekstrabokstavar. Ikkje sjeldan vart relativt gjennomsiktige namn mistydde. Døme på slike villeiande skrivemåtar frå dansketida er *Husaker* for *Hausåker* (Vestre Slidre), skrive a *Hausakre* på 1300-talet, men *Hussager* på 1500-talet. Denne siste skrivemåten ligg til grunn for slektsnamnet *Husager*, *Husaker*. Førsteleddet går attende på eit ord *haus*, 'rund fjellformasjon', og ikkje på *hus*, som ein kunne tru av slektsnamnet. Namnet *Ense* i Ski, av eldre *Einarshaug*, har både som slektsnamn og til dels som stadnamn fått den mistydde forma *Endsjø*. Eit anna døme på det skrifthistoriske «virvaret» finn ein ved *Mele* (Osterøy) som er skrive i over 25 variantar, t.d. *Mehle*, *Mæhle*, *Mehlum*, *Mellem* osv. Namnet kjem av *mel* m. 'sand- og grussamling'.

Stadnamn og slektsnamn

Ein stor del av dei norske slektsnamna har opphav i gards- og bruksnamn. Slektsnamna blir ofte skrivne slik som gards- og bruksnamna, men ofte òg ulikt av di slektsnamna i stor grad har opphav i alderdomlege skrivemåtar etter dokument frå 16-17-1800-talet. At folk som har slektsnamn etter ein gard, ønskjer at gardsnamnet skal skrivast på same måte som slektsnamnet, er forståeleg. Men her er det viktig å hugse på at gardsnamnet oftast er langt eldre enn dei skriftformene ein finn i gamle dokument, og at det er dialektuttalen som representerer den eldste forma av di han er overlevert i ubrotten tradisjon opp til vår tid. Men dialektuttalen må i ein viss grad normerast etter moderne rettskrivingsprinsipp og rettskrivingsreglar, og det er det som blir gjort når den offisielle skrivemåten blir fastsett, sjølv om det også blir teke omsyn til innarbeidd skrifttradisjon.

Ein bør med andre ord skilje mellom skrivemåten av slektsnamn, som er regulerte ved *lov av 29. mai 1964 om personnamn* med seinare endringar, og skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn og stadnamn i

det heile, som skal fastsetjast etter *lov 18. mai 1990 om stadnamn* (tidlegare etter *kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957*). Ein grunn til denne ulike handsaminga av stadnamn i høve til personnamn, er at stadnamna kan sjåast på som ei felleseige, medan personnamna er knytte til det einskilde mennesket og den einskilde slekta og såleis kjem inn under personvernet.

2.18 Stadnamn i offentleg bruk

Vi har tidlegare vore inne på kor viktige stadnamna er for kommunikasjonen mellom menneske, både i offentleg og privat samanheng. Det er då berre rimeleg at det offentlege har interesse av korleis stadnamna, både dei norske, samiske og finske, blir brukte og skrivne i samfunnet, på same måte som offisiell rettskriving er ei offentleg sak. Private står friare, sjølv om det bør vere eit mål at alle mest mogeleg nyttar den offisielle skrivemåten. Reglane for fastsetjing av skrivemåte og bruk av stadnamn i offentleg samanheng er uttrykte i fleire lovverk, først og fremst i stadnamnlova og forskriftene til denne lova. Ein annan ting er at det førekjem ulike skrivemåtar av same stadnamnet i offentleg samanheng, og det er lett å forstå at folk kjenner seg usikre på kva som er rett. På lengre sikt vil gjennomføringa av stadnamnlova føre til større konsekvens i skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk.

To sider ved fastsetjing av namn

Det offentlege sitt engasjement i bruken av stadnamn kan samanfattast på to nivå:

1. *Val av namn* på offentlege namneobjekt (administrative inndelingar, adresseeiningar, område, anlegg og institusjonar). Her er det aktuelt å nytte eksisterande namn uendra, lage nye namn på grunnlag av eksisterande namn, eller lage heilt nye namn.
2. *Skrivemåten av stadnamn* i offentleg bruk (kart, skilt og andre offentlege publikasjonar og register, m.a. lærebøker).

Om *bruksnamn* er det gjeve særskilde reglar. I § 5 i stadnamnlova heiter det at

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar fastset skrivemåten av bruksnamn.

Skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal likevel fastsetjast etter reglane i §§ 4 og 6.

Det vil seie at dei skal skrivast på grunnlag av den nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp. Men samstundes skal det takast omsyn til eigaren sitt ønske. Det er Statens kartverk som fastset skrivemåten av slike namn.

Alle stadnamn som er i offentleg bruk, har etter stadnamnlova offisiell status, men som vi alt har peikt på, førekjem det ofte ulike skrivemåtar av same namnet, t.d. på hovudkartserien NORGE 1:50 000 og Økonomisk kartverk. Dette manglande samsvaret skal rettast opp etter kvart som kart og andre publikasjonar blir gjevne ut på nytt. Sameleis vil det bli ei gradvis oppretting av skrivemåtar på skilt o.a. der lova krev det. Målet er at alle stadnamn skal vurderast i høve til lova slik at det normalt finst berre ein offisiell skrivemåte av kvart namn i kvart språk. For at slike endringar skal bli gjennomført, må det reisast namnesak for dei namna det gjeld, slik at det offentlege organet som har vedtaksrett, t.d. Statens kartverk eller kommunen, kan fastsetje rett skrivemåte etter lova. Før det blir gjort vedtak, skal saka ha vore til høyring hjå dei aktuelle partane, og namnekonsulentane skal ha gjeve si tilråding.

2.19 Stadnamn i munnleg bruk

Når det gjeld *munleg* bruk av stadnamn, er det berre NRK som har særskilde reglar. Dei fleste uttalar namna slik det fell naturleg i det talemålet dei nyttar. Namn frå eins eige heimemiljø vil ofte vere meir

prega av dialektuttale enn andre stadnamn. Stort sett vil folk bruke vanleg leseuttale på namn dei ikkje har lært den lokale uttalen av. Ikkje sjeldan førekjem feil tonelag eller feil uttale av vokalar eller konsonantar, som når havstykket *Sletta* utanfor Haugesund blir uttala med einstavings tonelag, når *Roa* på Hadeland blir uttala med tostavings tonelag, når *Stord* blir uttala med å, eller når *Kinn* blir uttala med hard *k*.

For programtenesta i Norsk rikskringkasting og for Vêrvarslinga gjeld eit reglement frå 1. juli 1982 (styrevedtak 26. oktober 1981). I kommentarane heiter det at «Når det gjeld person- og stadnamn, namn på institusjonar, organisasjonar, publikasjonar o.l. må ein vere særleg nøye med korrekt bruk og rett uttale (trykk, tonelag, lang el. kort vokal o.l.)». Eit problem for dei som skal uttale stadnamn i offentleg samanheng, t.d. i NRK, er at dei ofte manglar opplysningar om uttalen. For ein del av dei meir brukte stadnamna finn ein uttaleopplysningar i oppslagsverk som *Norsk stadnamnleksikon* og *Norsk uttaleordbok* (sjå litteraturlista).

Uoffisielle namn

Ut over dei stadnamna som er i allmenn bruk på kart, skilt, i ulike register og publikasjonar, finst det ei mengd stadnamn som er nytta heilt lokalt og stort sett berre munnleg. Til dels kan slikt materiale vere innsamla og oppbevart i offentlege eller private arkiv. Også i eldre skriftlege kjelder som utskiftingsforretningar, jordskiftekart o.l. finn ein namnemateriale som har gått meir eller mindre or bruk. Men namn som har ein slik «kvilestatus» kan når som helst, i den grad det er behov for det, takast i bruk som adressenamn eller bruksnamn og såleis få offisiell status og skrivemåte fastsett etter stadnamnlova. Ei produktiv gruppe uoffisielle namn er daglegnamn på gardsbruk, bygningar, institusjonar o.l., t.d. *Perane*, *Hemmings*, *Olagarden*, *Uppistog*, *Leikestove* (for *Rådhuset*), *Maja* (for *Majorstua*), *Sosialen* (for *Sosialkontoret*), *Svettern* (for ein tidlegare kino). Mange slike folkelege namn kan vere kortvarige og berre nytta i visse sosiale grupper, t.d. blant ungdom eller arbeidarar.

2.20 Prinsipp for namnsetjing og namnebruk

Utgangspunktet for denne handboka er det offentlege regelverket som gjeld namnsetjing, namneendring og skrivemåte av stadnamn, først og fremst delingslova og særleg forskriftene som gjeld adressetildeling (sjå Del 1), og stadnamnlova med merknader og forskrifter. Dessutan har visse andre lovverk verknad for fastsetjing og bruk av stadnamn. Somme offentlege etatar har vedteke interne reglar for namnsetjing, t.d. Norsk Polarinstitutt og Oljedirektoratet.

Normerande eller registrerande?

Føremålet med handboka er då først og fremst å konkretisere regelverket, og så langt er ho *normerande*. Men regelverket femner ikkje om alle aktuelle namnsetjingsspørsmål, og ofte vil det liggje ei vurdering til grunn for tilrådingane. I dei ulike kapitla er det elles teke med ein god del døme på gjeldande praksis for stadnamn i offentleg og privat bruk, og her vil framstillinga då vere *registrerande*.

Fleire stader i handboka blir det argumentert for å leggje vekt på lokal tradisjon og språkleg mangfald i samband med «god namnsetjing». Alle vil knapt vere samde om at dette er det viktigaste omsynet. Mange vil seie at den praktiske funksjonen til eit namn er overordna, medan andre att vil leggje størst vekt på om namnet er «fint» nok. Ofte vil desse ulike omsyna kunne sameinast ved val av namn, andre gonger vil det vere slik at ein må velje mellom ulike omsyn. Difor er det viktig at dei organa som førebur namnesakene eller gjer namnevedtak, set seg inn i prinsippa for god namnerøkt.

Handboka tek og omsyn til det som er vanleg namngjevingspraksis ut over landet. Tradisjonsprinsippet står sterkt i dei fleste kommunane, men i mange tettbygde strok vil det ofte førekome og namnetypar som ut frå eit ønske om mangfald og tradisjon Ikkje kan seiast å vere særskilt heldige, men som i praksis fungerer godt som adressenamn. Slike spørsmål blir òg omtala i boka.

Private står friare

Ved namnsetjing av privat grunn og private tiltak står ein friare. Her har eigaren rett til å velje namn og fastsetje skrivemåte. Dersom det

er aktuelt å nytte eit nedarva stadnamn på t.d. eit bruk, skal skrivemåten likevel fastsetjast av det offentlege (som regel Statens kartverk) etter reglane i stadnamnlova, men her òg skal det takast omsyn til eigaren sitt ønske. I privat sammenheng kan ein sjølv sagt nytte den skrivemåten ein vil av alle stadnamn.



3 Namnsetjing eldre tid

3.1 Stadnamnbruk i mellomalderen

Offentleg namnsetjing av gater og vegar var ukjent i eldre tid. Magnus Lagabøtes bylov frå 1276 har føresegner om kor breie gatene skulle vere, men seier ikkje noko om namnebruken. Gatenamna voks fram av seg sjølve så å seie, på linje med andre stadnamn. Dei vanlegaste orda for gate og plass i mellomalderbyane var *stræti* 'strete/strede, trong gate, veg', jf. engelsk *street* og tysk *Strasse*, *almenningr m./almenning* f. 'open plass' o.a., jf. òg *almenningsstræti*, og *veit* f. 'trong gate'. Som døme på gatenamn som er skriffeste i mellomalderkjeldene, nemner vi her *Engelskmannastretet*, *Skinnara strætít*, (av *skinnari* m. 'garvar'), *Sutaristreti* (av *sútari* m. 'skomakar'), *Breiði almenningr*, *Skraddara gata*, alle frå Bergen; *Biskupsalmenningr*, *Langstræti*, *Vestra stræti*, *Eystra stræti*, *Eyrastræti* frå Oslo, og *Vestrastræti*, *Nyrðrastræti*, *Kaupmannastræti*, *Geilar* (av *geil* f. 'veg med gjerde på sidene' frå Trondheim (Nidaros). I Tønsberg heitte ei gate *Langstrætihitøfra*. I mellomalderkjeldene finn ein òg namn på vegar og vegstykke utanfor tettgrendene, t.d. det kjende *Feginsbrekka* Ufo gno. *feinn* 'glad') sør for Trondheim. *Guldsmedstretet* er nemnt frå Bergen i 1559. I kjelder frå 1600-talet førekjem *Closterstrædit*, *Fiske torffued* på Hamar og *Kannikegjerde*, *Algaden* i Stavanger. Somme av gatenamna frå mellomalderen er enno i bruk,

medan andre har skift. I sagaene blir gata ovanfor Bryggen i Bergen kalla *Strætitt hit Øfre*, men i 1527 er namnet *Øffregathen* teke i bruk, og dette har sidan vore nytta (sjå nærare under *Gader* i Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, bind V).

3.2 By- og festningsnamn

Dei aller fleste stadnamna som viser til ulike slag busett område som gardar, byar og administrative inndelingar, er nedarva, dvs. at eldre namn har fått ein viss funksjon gjennom hevd. Men det er òg ein del namn som er resultat av ei meir målretta namnsetjing. Frå 15-1600-talet og frametter har vi ei rekkje døme på at særleg byar og festningsverk vart oppkalla etter kongar. Etter at Sarpsborg brann i 1567, vart det bygd ein by lenger nede ved utlaupet av Glåma, og den nye byen fekk namnet *Fredrikstad* etter Frederik II. Dette er den første norske byen som er oppkalla etter ein konge. Mindre kjent er det at borgarane i dei gamle ladestadene Strømsø og Bragernes (frå 1811 Drammen) gjekk inn for å kalle byen *Fredrikstrøm* etter einevaldskonge Frederik III. Kongen gjekk mot dette av handelspolitiske grunnar. Derimot fekk *Fredrikshald* namn etter denne kongen – til det gamle *Halden*, eigentleg *Hallen*, vart innført i 1928. *Christiania*, frå 1877 *Kristiania*, fekk namn etter Kristian IV då han i 1624 let byggje ein ny bykjerne utanfor det gamle Oslo. Namnet *Oslo* vart teke inn att 300 år seinare. Også *Kristiansand* (1641) fekk namnet etter Kristian IV. Den gamle strandstaden *Fosna* vart kjøpstad i 1742 og fekk namnet *Christiansund*, seinare skrive *Kristiansund*, etter Kristian VI. Frå 1600-talet og frametter har styringsverk og embetsverk sett merke etter seg i ei rekkje namn på festningsverk, anlegg, bygningar og institusjonar, og sjølv sagt ikkje minst i gatenamn.

Av festningane med kongelege namn kan nemnast *Fredriksten* (1660, Halden), *Fredriksvern* (1750, Stavern), *Oscarsborg* (1856, Drøbak). Ein annan type festningsnamn er representerte ved endinga *-hus* som her har tysk bakgrunn, t.d. *Akershus*, *Bergenhus*, *Vardøhus*. Særskild namngjeving av adelsgardar førekom heller sjeldan. Eitt

døme er *Rosendal*, som ikring 1680 fekk dette namnet, truleg etter mønster av dei danske adelsgodsa *Rosenholm* og *Rosenvold*, eller kanskje etter baronen sjølv, Ludvig *Rosenkrantz*.

3.3 Inndelingsnamn

Heller ikkje administrative område, lovdistrikt eller kyrkjelege inndelingar fekk nylaga namn. Namna på dei ulike områda og inndelingane bygde på nedarva namnebruk, oftast eit distrikts- eller bygdenamn. I tillegg til sjølve namnet kunne ei spesifiserande områdenemning bli nytta. Gjennom tidene kunne eit namn i administrativ funksjon femne om eit større eller mindre område etter dei grensene styresmaktene sette.

Mellom dei eldste områdenemningane er *herad* 'bygd, grend' og *fylke* 'busett område' (avleidd av *folk*). Eldre områdenemningar som har gått or bruk i dag, er m.a. *skipreide* 'distrikt som utrustar eit skip' og *sysle* 'distrikt der ein har si gjerning'. På 1300-talet vart *sysle* avløyst av nemninga *len* 'område som er gjeve i lån'.

I dei eldste kjeldene støyter vi ofte på ei aritmetisk oppdeling av større organisasjonseiningar. Eit fylke kunne vere delt i *halvdelar*, *tridjungar*, *fjordungar*, *settungar*, *åttungar*. Slike inndelingar hadde m.a. funksjon som rettskrinsar. Fjordungen var oftast ein mellomlekk mellom fylket og dei einskilde skipreidene. På Austlandet kunne heradet vere oppdelt i fjordungar.

Etter at kristendomen vart innført, kom fjordungen til å danne grunnlaget for den eldste kyrkjelege organisasjonen. I tillegg til fylkeskyrkjer vart det bygd fjordungskyrkjer. Etter kvart vart det sett opp fleire kyrkjer rundt om i bygdene, og kvar bygd av ein viss storleik kom til å utgjere eit *kyrkjesokn*. Eitt eller fleire sokn kunne danne eit *prestegjeld*.

I dansketida vart både inndelingane og nemningane endra på fleire måtar. Fleire prestegjeld gjekk saman i eit *prosti* (seinare *proste-*

døme), og prostia i ein region danna i sin tur eit *stift*, frå 1919 *bispedøme*. Dei einingane som svara til dei gamle skipreidene og tinglaga, vart til dels *lensmannskrinsar*. Lensmannskrinsane gjekk saman i 56 *futedøme*, og over dei stod *lena*, som frå 1662 vart kalla *amt*, og frå 1919 *fylke*. I 1591 vart det skipa *domssokn* med kvar sin sorenskrivar, ei ordning vi framleis har. Rettskrinsane under lagdøma blir kalla *lagsokn*. Dei minste rettskrinsane er *herads-* og *byrettane*.

Formannskapslovene frå 1837 kom i hovudsak til å byggje på prestegjelda. I 1838 hadde landet 355 «Communal-bestyrelsesdistrikter» (formannskapsdistrikt), mot 320 prestegjeld. I lov 6. juni 1863 vart den gamle nemninga *herad* (*herred*) innført i staden for *formannskapsdistrikt på landet*. I kommunestyrelova frå 1954 er nemningane *herredskommune* og *bykommune* nytta, medan kommunelova frå 1992 har berre *kommune* (i tillegg til *fylkeskommune*). Nokre få kommunar i Hordaland har halde på *herad* i namnet, t.d. *Ullensvang herad*.


Dei administrative endringane gjennom hundreåra førte såleis til visse endringar i nemningsbruken. Fram mot vår tid har det offentlege tilsynet med namnsetjing, namnebruk og skrivemåte blitt langt meir omfattande. I 1918 vart det gjort ei rekkje vedtak som galdt inndelingsnamna. Nemninga *fylke* avløyste *amt*, og fleire av fylkesnamna vart endra. Såleis skulle *Nordre Bergenhus amt* heite *Sogn og Fjordane fylke* (med verknad frå 1919). Det tidlegare *Romsdals amt* vart omdøyppt til *Møre fylke*, men lokal misnøye førte til at kompromisnamnet *Møre og Romsdal fylke* vart vedteke i 1935. Når det galdt den geistlege inndelinga, vart det i 1918 slått fast at den tidlegare nemninga *stift* frå 1919 skulle avløysast av *bispedøme*. Såleis vart *Hamar stift* endra til *Hamar bispedøme* og *Bergen stift* til *Bjørgvin bispedøme*.

Bispedøma, 11 i talet, har fått namn som i stor grad samsvarar med dei historiske namneformene, og i tillegg til *Bjørgvin* var det *Hålogaland*, *Nidaros* og seinare *Borg* (*Sarpsborg*) som vart endra i høve til dei administrative inndelingsnamna.


Også dei 5 lagdøma (lagmannsrettskrinsane) har vidareført ein eldre namnebruk: *Eidsivating*, *Agder*, *Gulating*, *Frostating* og *Hålogaland*.

Slike historiske namneformer er stundom tekne opp att i andre samanhengar og t.d. er *Tjodalyng* nytta som namn på postkontoret og på barne- og ungdomsskulen i staden for det moderne namnet *Tjølling*. Det bortkomne norrøne namnet *Skíringssalr* er vidareført i skulenamnet *Skíringssal* og *Skíringssalveien* i Sandefjord. Eit anna historisk Vestfold-namn er *Jarlsø(y)* som er nytta i tillegg til det lydrette *Jersø*.

Kartet på neste side viser den rettsleg-administrative inndelinga av Noreg på Olav den heilage si tid, slik P.A. Munch kom fram til (Det norske Folks Historie b. 2. Christiania 1853).



Kartet nedenfor viser fjordungsinnedinga i den ytre delen av Trøndelag (attgjeve etter Gustav Indrebø: Fjordung. Granskingar i eldre norsk organisasjons-soge (1935), s. 225). Som det går fram av teksten til kartet, byggjer inndelinga på tinglag på 1500-talet, som atter byggjer på eldre skipreider.



Kart 17. Tinglag 1521—49 (skipreidor ikr. 1440) i Fosen len eller nordre delen av Nordmørafylke (innteikna på »Herredskart over Sør-Norge« utgj. av Noregs Geogr. Uppm. 1918). — I. Bjørnør tinglag (1. Stokksund fjordung. 2. Roan fj. 3. Bessaker fj. 4. Os fj.). II. Eids tinglag. III. Tynnøl (seinare Hellem) tinglag. IV. Yrjar tinglag. V. Rissa skipreida (um lag = R. tinglag). VI. Stads skipreida (um lag = Stadsbygd tinglag). VII. Hemnis skipreida (um lag = H. tinglag). VIII. Hitrar skipreida (um lag = Barman tinglag).

3.4 Regulering av skrivemåten

Etter kvart som krava til ein meir konsekvent og norskspråkleg skrivemåte voks fram, vart det aktuelt å regulere ei mengd stadnamn som fram til 1800-talet hadde førekome i skiftande og inkonsekvent ortografi. Men som oftast var det ikkje tale om noka endring av sjølve namnet.

Matrikkelrevisjonane i 1838, 1886 og 1902-08, reglane om skrivemåten av namn frå 1913, 1917, vedtaka om skrivemåten av inndelingsnamn 1917-19, nye reglar om skrivemåten av namn på kart 1929, føresegner om skrivemåten av stadnamn frå 1933 og 1957, og no sist stadnamnlova frå 1990 med tilhøyrande forskrifter, har alle hatt som føremål å gje namna ein skrivemåte i samsvar med styresmaktene si oppfatning av rettskrivingsspørsmålet. I praksis har revisjonane gått ut på oppnorsking av namneverket på grunnlag av den nedarva uttalen og gjeldande rettskrivingsprinsipp. I stor grad er eigedomsnamna òg regulerte etter same prinsipp, sjølv om denne gruppa har lege i ei juridisk gråsone fram til stadnamnlova vart vedteken.

3.5 Den første kommunale namnsetjinga

Den kommunale namnsetjinga kom opp i første halvdel av 1800-talet. Mellom dei som var tidlegast ute med eigen namnekomité, var *Bergen*. I 1822 vart det sett ned ei nemnd som skulle kome med framlegg til «faste Benevnelser paa alle Gader, Smug, Søegaarde og offentlige Pladse, der maatte befindes at have ingen eller ubestemte Navne». Lyder Sagen var formann for komiteen, og i innstillinga frå 1826 skreiv han m.a. (sitert etter Lorentzen 1948):

På 222 Gader, Pladse, Smuge og Søegaarde have vi givet Navn, og, som det paalagdes os, saa meget som mueligt, søgt at bibeholde de nuværende bekjente, og ved at foreslaa nye Navn til dem, der enten ingen havde,

eller hvis Navne var meningsløse og forvanskede, søgt at oplive Bergens gamle Historie og at redde et og andet betydningsfuldt Minde fra Forglemmelse.

Det var med andre ord eit kulturvernprinsipp komiteen la til grunn for arbeidet. Dessverre er den originale namnelista komen bort. I 1856 utarbeidde riksantikvar Nicolay Nicolaysen etter oppdrag eit «motivert Forslag til faste Navne for Bergens Gader og offentlige Pladse», og dei fleste framlegga hans vart etter kvart vedtekne av formannskapet. I 1859 vart dei første namneskilta oppsette, med gatenamna måla på blekkplater.

Kristiansand vart som nemnt grunnlagd av Kristian IV i 1641, og i den nye byen har tilhøva lege godt til rette for ei planmessig namnsetjing, men namn på gater blir nemnde første gong av takstnemnda etter bybrannen i 1735. I 1877 vart eigedomane i kvadraturen ommatrikulerte til eit nummersystem knytt til gatenamn slik som i dag. Bystyret vedtok då å endre ein del gatenamn. Gatenamn frå 1735 som enno er i bruk, er *Gyldenløves gate*, *Kirkegata*, *Kongens gate*, *Skippergata*, *Østre Strandgate*.

Oslo fekk sin første gatenamnkomité i 1847 (med m.a. Johan Sebastian Welhaven som medlem), og etter kvart følgde dei andre byane etter. I 1848 vart Vadsø regulert ved kongeleg resolusjon, og med det fekk ei rekkje gater i byen offisiell status. I 1858 vedtok kommunestyret i Horten namn på 26 gater.

Etter kvart som behovet for nye gatenamn vart større, vart det uråd å gjennomføre tradisjonsprinsippet. Namnsetjinga vart til dels eit skrivebordsarbeid. I ei utgreiing om dansk gatenamnskikk har Hugo Matthiessen (1917) gjeve følgjande karakteristikk av korleis den målretta namnsetjinga av gater kom inn som eit motstykke til tradisjonelle stadnamn:

Denne komplette Mangel paa Forbindelse mellem Gade og Navn var et ægte Kontorprodukt, født paa Papiret sammen med de regelrette, med Lineal og Passer kon-

struerede Grundplaner, som efter udenlandsk Mønster vandt Indpas herhjemme paa Christian den Fjerdes Tid og bragtes i Anvendelse hver Gang nye Købstæder eller Kvarterer skulde grundes og tilrettelægges for Bebyggelsen, - et Princip Eftertiden fuldt ud har knæsat, og som uafviseligt stiller Krav om, at man paa Gadehjørnene maa kunne læse sig til, hvor man er.

3.6 Privat namnsetjing i eldre tid

Også private har nok til ein viss grad stått for namnsetjing av tiltak og fast eigedom i eldre tid, som t.d. då Ludvig Rosenkrantz ikring 1680 opphøga den gamle setegarden Hatteberg, saman med gardane Mel og Seim, til *Rosendal baroni*, visstnok namngjeve etter mønster av adelsseta *Rosenvold* og *Rosenholm* i Danmark (jf. s. 55). På 1600-talet var det mote mellom adelsfolk å leggje til endinga *-holm* til namn på somme storgardar. Såleis vart *Foss* i Øvre Eiker omdøyppt til *Fossesholm*. Oftast vart desse tillegga nytta berre i skrift. Ei slik omdøyping som fekk plass i det folkelege talemålet, var *Hovinsholm* på Helgøya i Mjøsa. Det eldre namnet var *Hovin*. Med den veksande industrialiseringa utetter 17- og 1800-talet oppstod det mange slags private tiltak der eigarane hadde ein viss innverknad på namna, sjølv om namna her òg ofte kom av «seg sjølv».

Matrikulerte eigedomar (bruk) og bustader har vanlegvis vore kalla med det namnet som tradisjonelt har vore knytt til staden. I 1836 kom for første gong spørsmålet om endring av eigedomsnamn inn i lovverket. Seinare har prinsippet om at namnet og skrivemåten av det skulle fastsetjast av eigaren, stått sentralt. Rettstilstanden har likevel vore uklar på dette punktet av di eigedomsnamn som samstundes er nedarva stadnamn, som hovudregel er blitt normerte etter same prinsipp som andre stadnamn. Ved stadnamnlova frå 1990 er den juridiske sida blitt klarare, men framleis må vedtak om skrivemåten av nedarva bruksnamn ofte baserast på eit kompromiss mellom privatrettslege omsyn og offentlege normeringskrav.

4 Namnsetjing i dag

4.1 Ulike sektorar

Hovudregelen er at det organet som har ansvaret for staden eller anlegget som skal få fastsett namn, òg gjer vedtak om kva namn som skal brukast, og korleis det skal skrivast.

Av offentlege organ kan ein skilje grovt mellom den kommunale og fylkeskommunale sektoren på den eine sida og den statlege og halvstatlege sektoren på den andre sida. Prinsippa og regelverket er langt på veg det same for all offentlig namnsetjing og namnebruk, men av praktiske grunnar vil det i denne handboka bli skilt mellom ulike sektorar, sjølv om det kan føre til ein del overlapping. Det kommunale namneansvaret står sentralt i handboka, og det vil difor bli lagt vekt på korleis kommunen kan løyse sine oppgåver i samsvar med gjeldande regelverk.

Det *statlege* namneansvaret kviler på ei rekkje ulike etatar, og fleire av desse blir omtala kvar for seg. Namnsetjing av institusjonar og tiltak som er drøfte under den kommunale og fylkeskommunale verksemda, blir ikkje teken opp særskilt under den statlege namnsetjinga av

tilsvarende objekt, ettersom same prinsipp gjeld for begge område. Og motsett vil ein del av det som er nemnt under den statlege namnsetjinga, vere aktuelt for kommunane.

Namnsetjing av *private* eigedomar, bygningar, institusjonar og andre tiltak fell utanfor den offentlege namnerøkta, bortsett frå at stadnamnlova set visse krav til skrivemåten av nedarva stadnamn når dei skal nyttast på offentlege kart o.l.

Men også private kan vere interesserte i rettleiing på dette feltet, og difor er namnsetjing av privat grunn og private tiltak teken opp i eit eige avsnitt. Reint allment kan ein seie at dei faglege prinsippa for offentlig namnsetjing kan leggast til grunn for den private sektoren og.

Namnsetjing og bruk av stadnamn i *samiske* og *kvenske* (finskspåklege) område er drøft i eit særskilt avsnitt. Det heng saman med dei spesielle spåklege tilhøva i desse områda. Men for både kommunale, statlege og private objekt vil i stor mon dei same namngjevingsprinsippa som i norskspåklege område gjelde.

4.2 Kva skal ha namn?

I eit moderne samfunn der mange funksjonar er avhengige av kvarandre, og der mange grupper skal kommunisere med kvarandre, er det viktig med eintydige og spåkleg korrekte namn. Namna må gå inn i eit namnesystem som gjev minst mogeleg rom for mistyding. Samstundes representerer namneverket viktige kulturelle verdjar som skal forvaltast på ein god måte gjennom skrivemåte og bruk. Det føreset ein stor grad av *namneplanlegging* og *namnerøkt*.

Ulike namneobjekt

Kva er det så som det er aktuelt å gje namn? Det er uråd å nemne alle mogelege namneobjekt her - vi må nøye oss med å setje opp eit utval av dei viktigaste gruppene:

- adresseparsellar, dvs. gater, vegar, plassar og andre klart avgrensa einingar som går inn i adressesystemet (jf. Del 1, kap. 5)
- tomter, bruk, byggjefelt, hyttefelt og andre regulerte område som ikkje er adresseparsellar
- postkontor, teleområde, jordskiftedistrikt, handelsdistrikt og andre administrative, rettslege, kyrkjelege og kommersielle inndelingar
- stoppestader, stasjonar, hamner, kaiar, flyplassar, terminalar
- vegleier, bruer, tunnelar, vegkryss, knutepunkt, parkeringsplassar
- kanalar, farvatn, sjøleier, luftleier, jernbanar, svevebanar, turleier
- idrettsanlegg, ferieparkar, forsamlingsstader, ferieparkar og andre område som er lagde ut for fritidsføremål
- barnehagar, skular og andre utdanningsinstitusjonar
- sjukehus, aldersheimar, rekreasjonsheimar og andre sosiale institusjonar
- museum, samlingar, gravhaugar, gravrøyser og andre fortidsminnesmerke
- naturformasjonar, utsiktsplassar, naturparkar, dyreparkar, friluftsområde og allmenningar
- bygningar og rom
- fabrikkar, verksemder og andre næringsbaserte lokalitetar
- forsøksstasjonar, peilestasjonar, observasjonsstasjonar
- oljefelt, kraftverk, anlegg, gruver
- avgrensa felt i berggrunnen, på havbotnen og i polarområda

Namn og stad

Dei fleste stadnamna er blitt til som ei skildring av staden. Namna *høvde* på staden. *Myra* var ei myr og *Kalvhagen* ein stad dei hadde kalvar. I dag er både terreng og utnyttingsmåte ofte endra, og namna svarar ikkje alltid til det dei fortel. *Myra* eller *Kalvhagen* kan i dag vere overført på ein adresseparsell, ein skule, ein idrettsplass e.l. utan at ein tenkjer over den opphavlege tydinga. Det er altså ingen ting i vegen for å nytte slike innarbeidde namn på nye objekt. Når ein derimot må lage heilt nye namn på t.d. ein veg eller eit bustadfelt, bør ein velje namn som karakteriserer namneobjektet eller tilhøva på staden i dag. Nye namn bør likevel byggje på tradisjonelle namnemønster.

4.3 Tidleg skilting

Det å innarbeide gode namn kan vere eit kappløp med tida. Ofte blir prosjektnamn og andre tilfeldige namn tekne i bruk før den ansvarlege forvaltninga har gjort namnevedtak. Seinare kan det vere vanskeleg å få gjennom namn som er tilfredsstillande kulturhistorisk og språkleg. Difor er det viktig at prosessen med å fastsetje offisielle namn kjem i gang så tidleg som råd, helst alt i planleggingsfasen av utbygginga, og at namna kjem på skilt så snart som mogeleg etter at dei er vedtekne. Ein kan gjerne forsyne skilta med ein tilleggstekst om bakgrunnen for namnet.



5 Det kommunale namneansvaret

5.1 Gamle og nye oppgåver

Tradisjonelt har stadnamnarbeidet i kommunane først og fremst dreia seg om namnsetjing av vegar og gater og ulike kommunale anlegg og institusjonar som skular og eldreheimar. Særleg i dei tett busette områda har det gjennom åra vore gjeve mange slike namn. Truleg finst det 40-50 000 gate- og vegnamn i landet. Oslo åleine har nærare 4000. I 1970 var det 658 tettstader i Noreg (etter Statistisk sentralbyrås definisjon busetnader med minst 200 personar og med ein samanhengande bygningsmasse der største avstanden mellom husa er 50 meter). I 1990 hadde dette talet auka til 868. Mange av tettstadene er større byområde der adressearbeidet har hatt og framleis har eit stort omfang. Dei fleste kommunane har utbyggingsområde der det har vore eller er aktuelt å tildele adresser.

Det er gjeve nærare instruks om dette arbeidet i forskriftene til delingslova (sjå *Kommunal oppmåling. Håndbok til delingsloven av 23.juni 1978* (jf. kap. 5.2) og *Adresser og stadnamn. Del 1. Handbok i kommunal adressetildeling*).

Ein annan type stadnamnarbeid vart pålagt kommunane frå 1960-talet og utetter då Økonomisk kartverk skulle utarbeidast og namnsetjast. Det vart då utpeikt namnekomitear som i samarbeid med lokale informantar skulle kome med framlegg til namn på dei enkelte kartblada. Elles har ein del kommunar engasjert seg i lokal innsamling av stadnamn med tanke på å opprette regionale og lokale stadnamnarkiv, sjå kap. 12.

Det nye no er at kommunen skal *følgje stadnamnlova* når det skal gjerast vedtak om skrivemåten av stadnamn. Dette gjeld også gate- og vegnamn og namn på andre kommunale anlegg og tiltak som kan reknast som stadnamn. Prosedyren går kort sagt ut på at namna skal sendast ut på høyring til visse grupper i kommunen, og at dei kan leggjast fram for namneconsulentane til fagleg vurdering før skrivemåten blir fastsett. Dessutan skal kommunen høyrast i samband med stadnamn som andre offentlege organ skal vedta skrivemåte av. Kommunen skal og syte for at grunneigar og festar får uttale seg om bruksnamn.

I rundskriv V-13/92 frå Kulturdepartementet (Vedlegg III) er stadnamnsaker som kommunane får til behandling etter stadnamnlova, sette opp i tre grupper:

1. *Bruksnamn*, der Statens kartverk er vedtaksorgan (gjeld bruksnamn som fell saman med nedarva stadnamn). Her har eigaren/festaren og kommunen uttalerett.
2. *Andre stadnamn der skrivemåten skal fastsetjast av andre enn kommunen*. Kommunen og lokale organisasjonar har uttalerett.
3. *Stadnamn kommunen sjølv skal fastsetje skrivemåten for*.

Når det gjeld *val av namn* på gater og vegar og andre kommunale anlegg, så er det ikkje lovfest nokon særskild høyringsrunde, men det vanlege er at namna blir fastsette etter at lokale organ og grupper som bydelsutval, grendelag, vellag, historielag o.l. har uttala seg. Når no stadnamnlova har fått verknad for dette feltet, vil det vere praktisk å gjennomføre ein høyringsrunde der høyringspartane får uttale seg om både *val av namn* og *skrivemåte* samstundes.

5.2 Lover og forskrifter

Det er fleire lover og forskrifter som kjem inn på det kommunale ansvaret ved namnsetjing og skrivemåte. Dei viktigaste er

- 1) stadnamnlova,
- 2) kommunelova,
- 3) grunnskulelova,
- 4) delingslova.

Dessutan gjeld *lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) med endringer sist ved lov 17. desember 1982 nr. 86* for kommunen som for alle andre offentlege organ. Viktig her er kap. VI om saksgangen ved klage.

Stadnamnlova

Mest å seie for fastsetjing av skrivemåten og bruk av stadnamn i offentlig samanheng har den nye stadnamnlova, *lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn*. Ho avløyser den tidlegare *kronprinsregentens resolusjon 31. mai 1957* (Føresegner om skrivemåten av stadnamn). Det er gjevne forskrifter til denne lova 4. juli 1991, endra 14. oktober 1993 (lova med merknader og forskrifter er trykt som **Vedlegg I** til denne boka). Stadnamnlova har ført til at kommunen skal gjere vedtak om fleire namn enn før, og dessutan har kommunen fått utvida oppgåver i samband med høyring der andre gjer vedtak om skrivemåten.

Kommunelova

I *lov 25. september 1992 om kommuner og fylkeskommuner* § 6 heiter det:

Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.

Dette lovgrunnlaget, som tidlegare var heimla i kommunestyrelova frå 12. november 1954, byggjer på prinsippet om kommunal sjølvrå-

derett. Før stadnamnlova vart vedteken, vart kommunestyrelova nytta som heimel både til å *velje* namn og til å *fastsetje skrivemåten* av namna. Såleis har det førekome at kommunestyret har røysta over alternative skrivemåtar av stadnamn og stundom med eit større eller mindre fleirtal vedteke namneformer som kan ha vore i strid med gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn.

Når kommunane har gjort slike «lovstridige» namnevedtak, kan det hange saman med fleire ting. For det første kan prinsippet om kommunalt sjølvstyre, slik det var nedfelt i kommunestyrelova, og no den nye kommunelova, ha vore sett over dei andre regelverka som grip inn på dette feltet. For det andre har det tidlegare regelverket kunna gje eit visst rom for skjøn (det gjeld i ein viss mon det nye og). For det tredje kan det ha vore mangelfull informasjon om kva reglane krev når det gjeld skrivemåte. Og for det fjerde har vel ikkje den tidlegare konsulenttenesta fungert godt nok i høve til dei kommunale stadnamnoppgåvene.

Berre i § 3 set kommunelova direkte krav til stadnamn, og det er ved endring av kommunenamnet, sjå s. 107.

Grunnskulelova

For namngjeving av grunnskular gjeld *lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskular*, § 2, 3. ledd:

Kommunestyret fastset krinsskipnaden, krinsgrensene, skolestader og namn på skolar, etter at skolestyret og skoledirektøren har gjeve tilråding.

Naturleg nok er det berre eit fåtal av namna i den enkelte kommunen denne lova får verknad for.

Delingslova

Lov 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven) gjev i § 4-1 reglar om adressetildelinga i kommunane.

I forskriftene til delingslova går det fram at det bør gjevast offisielle adresser i norske tettstader med over 1 000 innbyggjarar, og for heile kommunen når det samla innbyggjartalet er over 10 000. Kommunestyret kan òg vedta adressetildeling for visse område ut over dette.

Adressetildelinga inneber at alle vegar og gater som går inn i adressesystemet, skal gjevast offisielle namn. I praksis vil det seie at eit namn som har vore nytta på vegen før, får offisiell status, eller at ein lagar eit nytt namn, eventuelt gjennom ei utviding av eit eksisterande namn. I dag har dei fleste kommunane fullført adressearbeidet for eldre parsellar, men namnsetjinga er ein kontinuerleg prosess etter som det stendig er aktuelt å gje namn til nyregulerte område. Meir sporadisk førekjem det at gamle adressenamn blir skifte ut med nye.

Sjølve lova seier ikkje noko om namnsetjinga av adresseparsellane, men i pkt. 15.5 og 15.6 i forskriftene heiter det:

Adressen skal normalt være et gate/vegnavn med fortløpende nummerering av de enkelte adresseenheter.

...

I områder der det ikke er formålstjenlig å knytte navn til veger, f.eks. i hyttekonsentrasjoner, kan navnet knyttes til et avgrenset område.

...

Også private veger og områder kan tildeles offisielt adressenavn.

Hver gate/vegstrekning eller område som blir brukt til adressering, skal tildeles et navn som er entydig innenfor kommunen.

Navnet bør mest mulig følge den lokale navneskikken, samtidig som det bør være lett å skrive og oppfatte. Gjeldende regler for skrivemåte for stedsnavn må følges. Navnet fastsettes av kommunestyret eller av en instans som kommunestyret har gitt myndighet.

Forskriftene til delingslova seier altså klart at gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn skal følgjast (dvs. no stadnamnlova med forskrifter), og dei slår fast visse andre prinsipp for namnsetjing av adresseparsellar. Desse prinsippa er utdjupa i kommentarane til forskriftene (sjå kap. 2, 3 og 5 i *Adresser og stadnamn. Del 1*).

5.3 Tekniske, språklege og politiske sider


I *Adresser og stadnamn Del 1* er det gjort greie for korleis kommunen kan gå fram for å fastsetje og halde ved like adressenamna. Her skal vi utdjupe desse spørsmåla noko og sjå dei i samanheng med dei nye oppgåvene som stadnamnlova har ført til.

Dei tekniske, språklege (namnefaglege) og politiske sidene ved stadnamnarbeidet i kommunen blir løyste på ulike måtar rundt om i landet. *Teknisk etat* har som regel ansvar for å leggje namnesakene til rette som saksførebuar, t.d. ved oppfølging av reguleringsplanen og fastsetjing av adresseparsellar. Denne etaten har og ansvar for framstilling av adressekart og andre kommunale kart, oppsetjing av skilt o.l. Ved utgjeving av økonomiske kart samarbeider den tekniske etaten med Statens kartverk (Fylkeskartkontoret) om namnsetjing og annan informasjon. Også ved utgjeving eller revisjon av statlege kart i mindre målestokkar hjelper kommunen til med å skaffe fram data.

Kommunale kart i store målestokkar blir ofte framstilte utan at Statens kartverk har vore inne i biletet. Men her òg skal skrivemåten av stadnamna fastsetjast etter § 6 i lova, dvs. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten der ikkje andre offentlege organ eller private har vedtaksrett. Dersom Kartverket eller namnekonsulenttenestene ikkje har kapasitet til å gjere namnevedtak på vanleg måte, kan karta gjevast ut med ein skrivemåte av stadnamna som inn til vidare har merkelappen «uvurdert» etter stadnamnlova, eventuelt «godkjent» om dei har vore nytta på andre offentlege kart tidlegare. Men merkelappen «godkjent» bør ikkje gjelde skrivemåtar som er klart feilaktige. Målet med ein slik forenkla saksgang må vere å ta i bruk skrivemåtar som er i samsvar med gjeldande forskrifter.

Den *språklege* eller *namnefaglege* sida vil seie at ein nyttar høvelege og funksjonelle namn i samsvar med reglane for namnsetjing og skrivemåte i offentlig bruk. Denne sida vil oftast vere vurdert av administrasjonen, men i tillegg bør ein *namnekomité* eller eit anna utval med språkleg, lokalhistorisk eller tilsvarande fagleg bakgrunn kunne uttale seg. Dessutan kan ein hente inn råd frå dei statlege namnekonsulenttenestene. Også andre partar som namna gjeld, kan kome inn med namnefaglege synspunkt før namnet og skrivemåten blir endeleg fastsett.

Namnekomiteen



Namnekomiteen vil som regel vere politisk vald. Frå eit namnefagleg synspunkt er det viktig at medlemmene har ein så god bakgrunn som råd for å løyse oppgåva si. Ein generell kvalifikasjon vil vere at vedkomande har interesse for namn og språk i det heile, ikkje minst vil det vere nyttig med kunnskapar i lokalhistorie og språkbruk i området. Personar med språkviitenskapleg bakgrunn, særleg slike som har arbeidd med namnegransking, vil fülle ein viktig plass. Det same gjeld personar med røynsle i museumsarbeid, registrering og anna kulturell og historisk verksemd. Ofte vil personar med slike kvalifikasjonar kunne finnast i lokale organisasjonar, særleg i historielag og blant lærarar og andre kulturarbeidarar. Folk som er oppvaksne i området, og som er fortrulege med lokalmiljøet og dialekten der, vil òg fülle ein viktig funksjon i komiteen.

Den kommunale administrasjonen bør syte for fast sekretær for utvalet. Det bør helst vere ein person som står sentralt i den førebuande fasen av namnsetjinga, og som såleis lett vil kunne skaffe fram dei opplysningane utvalet treng for å kunne ta si avgjerd.

Politiske sider - kommunalt vedtaksmynde

Når det gjeld den *politiske* sida i det kommunale namnearbeidet, dvs. forvaltning av vedtaksmyndet, er det noko skiftande praksis rundt om i landet. I somme kommunar er det kommunestyret eller formannskapet som gjer vedtak på grunnlag av framlegg frå ein namnekomité eller frå ein annan førebuande instans. I Nord-Fron gjer t.d. kommunestyret namnevedtak, etter innstilling frå det tekniske utvalet, som på førehand har hatt sakene til høyring i vellag og andre lokallag. Andre stader har namnekomiteen, kulturstyret, hovudutvalet, bydelsutvalet eller andre organ fått delegert vedtaksmyndet. Dersom hovudutvalet gjer vedtak, bør bydelsutval, kulturutval og/eller namneutval vere høyringsorgan.

Oslo kommune har ved bystyrevedtak 21.5.1981 overlate til bydelsutvala å gjere vedtak om gate- og vegnamn, men med Byrådsavdeling for kultur- og byutvikling (tidlegare kulturrådmannen) som kontrollinstans. Somme bydelar har eigne namneutval som gjev tilråding overfor bydelsutvalet. I Bergen er det òg bydelsutvala som gjer vedtak om namn, men med det kommunale namnerådet som kontrollinstans. Oppgåva til kontrollinstansen er å sjå til at dei vedtekne namna er akseptable reint generelt, og at dei ikkje kjem i konflikt med det eksisterande namnesystemet. Etter at stadnamnlova tok til å verke, har namnerådet i Bergen òg fått delegert mynde til å gjere vedtak om *skrivemåten* av stadnamn som kommunen skal fastsetje. I Trondheim hadde tidlegare styret for teknisk avdeling (politisk hovudutval) vedtaksrett i namnesaker etter tilråding frå namneutvalet. No er gangen slik at Avdeling for byutvikling førebur namnesakene, deretter går dei til høyring i bydelsutvalet og andre aktuelle partar for så å bli lagde fram til vedtak i kommunerådet. Harstad har nemnt opp ein tre-mannskomiteé for kvar av dei 16 skulekrinsane til å kome med framlegg om vegnamn o.l. i sine område. Vedtaksmyndet er lagt til avdelingsstyret for tekniske saker.

5.4 Diskusjon av ulike ordningar

Mange vil finne det naturleg at ein namnekomité førebur namnesakene i samråd med den tekniske etaten, lokale organisasjonar og dei regionale namnekonulentane. Innstillinga kan så leggjast fram for det vedtakande organet til avgjerd, t.d. formannskapet eller teknisk hovudutval. Særleg i mindre kommunar med ikkje alt for mange namnesaker kan dette vere ein brukande modell.

I større kommunar med mange namnesaker kan ei slik ordning fungere mindre bra, m.a. av di namnekomiteane ofte ikkje har tid eller kapasitet til å ta seg godt nok av dei mange namnesakene. Det kan òg skorte på sekretærhjelp i namnekomiteen. Ei løysing her kan vere at den tekniske etaten får ansvaret for å førebu namnesakene. Namnekomiteen vil likevel ha ein funksjon ved å gje si tilråding overfor den vedtakande instansen. Særleg viktig blir funksjonen til namnekomiteen i dei høva han får overført vedtaksmyndet.

Ei anna oppgåve som namnekomiteen kan ha, er å uttale seg i namnesaker der kommunen berre har høyringsrett - dette skal vi kome tilbake til.

I *Adresser og stadnamn. Del 1*, kap. 5 er det føreslått at den førebuande delen av arbeidet med adressenamn blir lagd til *den tekniske etaten* i kommunen, og at ein politisk vald namnekomité får delegert vedtaksretten i namnesaker, men slik at det er høve til å anke avgjerda inn for formannskapet, det tekniske hovudutvalet eller eit anna sentralt politisk organ.

Føremønen med at ei fast forvaltningsgrein i kommunen kjem sterkare inn i namnearbeidet, er at ein då vil sikre større samanheng og kontinuitet i den viktige oppgåva som namnsetjinga er, m.a. med fast sekretærfunksjon. Ein vil lettare kunne byggje opp eit fullstendig namnearkiv med alle relevante opplysningar til kvart einskilt namn, og ein vil støtt ha oversyn over kva namn som eventuelt ikkje kan veljast. Både som grunnlag for sjølve namnsetjinga og som ein framtidig dokumentasjon av dei adressenamna som blir føreslått og/eller vedtekne, er det viktig med fylldige bakgrunnsopplysningar

for kvart enkelt namn. (Om arkiveringsprinsipp sjå *Adresser og stadnamn. Del 1*, kap. 9.) Og ikkje minst viktig er det at ein ved å byggje opp ein fast sekretærfunksjon vil kunne starte eit målretta namnsetjingsarbeid på eit tidleg steg i utbygginga av kommunale felt.

Skolering



Når ein så stor del av det namnefaglege arbeidet blir overført til den kommunale administrasjonen, er det viktig at dei som er engasjerte denne oppgåva, set seg grundig inn i prinsippa for god namnsetjing, m.a. ved å studere dei to delane av *Adresser og stadnamn* og annan relevant litteratur (sjå litteraturlista bak). I kommunar med stor nok administrasjon kan det vere mest praktisk at dette feltet blir skjøtta av ei særskild arbeidsgruppe som etter kvart kan tileigne seg større innsikt på dette feltet.

I byrjinga vil mange kommunar streve med å setje seg inn i regelverket og finne løysingar som passar med dei lokale tilhøva. I tillegg til å studere denne handboka vil det vere viktig å halde innføringskurs for dei kommunale organa som er med i namnearbeidet. Fleire kommunar kan gå saman om slike kurs, og det vil vere nyttig at både namnekonulenttenesta og Kartverket deltek.

Lokal kompetanse

I tillegg til si eiga skolering bør namnegruppa i administrasjonen tidleg i førebuinga av namnesakene dra inn namnekomiteen og andre med

særlege språklege og lokalhistoriske kunnskapar. Det kan vere filologar med interesse for namn (særleg slike som har skriva hovud- eller mellomfagsoppgåve om stadnamn), lokalhistorikarar, historielag, bondekvinnelag, fiskarlag, velforeiningar, sameorganisasjonar, språkorganisasjonar o.a. Det vil vidare vere aktuelt å ta kontakt med lokale eller regionale arkiv for å få tilgjenge til eventuelt innsamla namnemateriale. Dersom det ikkje er samla inn stadnamn frå det området som skal namnsetjast, bør administrasjonen syte for at det blir gjort (jf. kap. 12). Namnekonulentane for regionen vil på alle steg i namnsetjingsprosessen kunne spørjast til råds.

5.5 Førearbeidet

Førearbeidet til namnsetjinga bør utførast så tidleg som råd, dvs. så snart ein veit eller reknar med at det blir aktuelt å innføre nye namn. Ei viktig side ved dette førearbeidet er då å samle inn opplysningar om dei eksisterande stadnamna i området. Først og fremst bør ein intervjuje lokalkjende personar, særleg eldre. For å få eit best mogeleg grunnlag til å byggje nye stadnamn på, bør ein òg samle inn opplysningar om ulike sider ved arbeidsliv, skikkar og anna menneskeleg verksemd i området. Ofte vil ein finne stoff om dette i bygdebøker og annan lokalhistorisk litteratur. Vidare er det nyttig å få med opplysningar om korleis det ser ut på staden og om dyre- og planteliv. Ei grundig synfaring i det området som skal ha namn, høyrer med.

I tillegg til å utnytte dei eksisterande stadnamna i området, bør ein gå gjennom eldre oppskrifter og materiale som kan ha interesse for namnsetjinga, t.d. jordskifteforretningar og utskiftingskart. Når det gjeld kart, vil det kommunale jordstyrekontoret eller Jordskifteverkets kartarkiv på Ås kunne gje opplysningar. Dersom ein vil gjere ekstra grundig arbeid, kan ein forhøyre seg om det finst historiske kart over området, anten ved å gå til den fylkesvis utjevne serien *Gamle norske kart* (utgj. av Norsk lokalhistorisk institutt) eller til kartarkivet i Statens kartverk på Hønefoss. Eldre materiale om dei einkilde gardane finst på Statsarkivet. Lettast tilgjengeleg er det historiske stoffet ein finn i bygdebøker og gardshistoriar.

Ein annan viktig del av førearbeidet er kontakten med «grasrota», dvs. at grupper og organisasjonar som namna har særleg verknad for, kan få kome med i ein tidleg fase av namnsetjingsprosessen.

5.6 Kommunen som vedtaksorgan

Som det er peikt på fleire stader i handboka, har stadnamnlova ført til ein meir omstendeleg saksgang enn tidlegare for fastsetjing av skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Dette gjeld òg dei kommunale adressenamna.

Føremålet med lova er at stadnamna i riket til saman skal utgjere eit einskapleg namneverk, og at dei skal takast vare på som kulturminne. Lova har lagt opp vedtaksprosedyren slik at flest moglege interesserte partar skal ha høve til å gjere sitt syn gjeldande før det blir gjort vedtak, og at sjølve vedtaket om skrivemåten blir gjort av det organet som har ansvar for den namngjevne staden eller lokaliteten. Ovanfor er det nemnt kva namnegrupper kommunen har ansvar for. I § 7 i stadnamnlova heiter det:

Kommunane skal også syte for varsling om at saka er teken opp, til eigar eller festar i saker som gjeld bruksnamn, og til lokale organisasjonar i saker dei har særleg tilknytning til. Kommunen skal samordne innhenting og utsending av fråsegner og gi melding om at det er gjort vedtak.

Nokså mange stadnamn gjeld bruk, tomter og andre særskilt matrikulerte eigedomar. Etter § 5-3 i delingslova er det eigaren som bestemmer namnet. Dersom eigaren vel eit nedarva stadnamn på eigedomen, skal skrivemåten likevel fastsetjast av Statens kartverk. I slike tilfelle har eigaren/festaren uttalerett, og det skal takast omsyn til hans syn når det blir fastsett skrivemåte (sjå og kap. 11.1). Av praktiske grunnar er det kommunen som skal syte for at grunneigaren

eller festaren blir kontakta når det skal fastsetjast skrivemåte av bruksnamn. Som det står i lova, skal kommunen samordne høyring og melding av vedtak.

Når lova legg opp til ein etter måten omstendeleg og tidkrevjande saksgang, er det for å sikre at avgjerdene blir tekne på demokratisk grunnlag i tråd med forvaltningslova, samtidig som dei namnefaglege sidene blir tekne vare på.

Kommunen skal altså gjere vedtak om skrivemåten av namn på adresseparsellar (gater og vegar) og andre kommunale anlegg som torg, parkar, bustadfelt, bydelar og tettstader. I *Rundskriv nr V-13/92* (sjå Vedlegg III bak i boka) frå Kulturdepartementet er namnsetjinga av kommunale område presisert slik:

Når ein stad i ein kommune har eller blir gitt eige namn som t.d. tettstad, bygdesentrum, grend eller bustadfelt vil dette oftast ha samanheng med at eit offentleg organ har behov for å identifisere denne staden som noko anna og meir enn den eller dei eigedommane som ligg der, og som kan ha same eller forskjellige namn.

I mange tilfelle har staden alt eit namn, med ein skrivemåte som er i bruk av det offentlege, jf. § 6 siste ledd. Ein kan da fortsetje å bruke denne skrivemåten eller reise namnesak etter reglane i stadnamnlova.

I andre tilfelle kjem det nye namn til, fordi nye tettstader, senter o.l. oppstår, eller fordi det er bruk for ein eigen identifikasjon av staden, jf. ovanfor. Det at ein ny tettstad e.l. får eit namn, kjem ikkje i seg sjølv inn under stadnamnlova. Dette vil gjelde anten det er eit bruksnamn eller eit anna eksisterande namn, eller eit heilt nytt namn som blir valt. Men deretter skal det fastsetjast ein skrivemåte for det namnet som er valt, og det skal gjerast i samsvar med reglane i lova og forskrifta.

Kommunen har også ansvar for fastsetjing av skrivemåte for namn på private bustadfelt og på vegar i private bustadfelt, jf. delingslova § 4-1 og § 15.6 i forskrifta til delingslova.

Grensetilfelle I

Det kan likevel vere tvil om kven som skal gjere vedtak om skrivemåten når t.d. eit nedarva gards- og bruksnamn blir nytta som namn på eit bustadfelt. Ein aktuell situasjon er at eit nytt kartblad skal gjevast ut, og det er reist namnesak på eit nedarva namn som er 1) namn på naturlokalitet, 2) gards- og bruksnamn, 3) namn på stoppestad ved riksveg og 4) namn på kommunalt bustadfelt. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av namnet i dei to første funksjonane, Statens vegvesen i den tredje og kommunen i den fjerde. Det organet som reiser namnesaka, bør finne ut kva ulike funksjonar eit namn har, slik at dei aktuelle partane kan koplast inn. Namnekonsulenttenesta skal i slike høve samordne saksbehandlninga.

I den førebels tilrådinga vil namnekonsulenttenesta opplyse kva partar som har uttalerett. Etter å ha motteke endeleg tilråding frå namnekonsulenttenesta, gjer dei ulike organa vedtak om skrivemåte i den aktuelle funksjonen og sender melding om vedtaket på vanleg måte. Kommunen gjer altså vedtak om skrivemåten når namnet gjeld bustadfeltet.

Etter § 4 andre ledd i stadnamnlova skal eit stadnamn som hovudregel ha same skrifform om det er brukt i ulike funksjonar. Som regel vil den aktuelle skrivemåten vere innarbeidd og akseptert av alle partar. Men det kan og førekome at dei aktuelle vedtaksorganane fastset ulike skrivemåtar for same namnet i ulike funksjonar. I slike høve kan eit vedtaksorgan (eller ein annan part med klagerett) be om at namnesaka blir vurdert på nytt. Dersom det aktuelle vedtaksorganet held oppe vedtaket, skal saka leggjast fram for klagenemnda til endeleg avgjerd.

Døme: Statens kartverk, Møre og Romsdal, gjorde i 1992 vedtak om skrivemåten *Fjørtofta* for øynamnet og gardsnamnet. Namnet er òg

brukt som poststadnamn og soknenamn i forma *Fjørtoft*. Haram kommune klaga på vedtaket, og saka vart lagd fram for klagenemnda. Fordi namnet ikkje var vurdert som poststadnamn og soknenamn, vart saka send attende slik at Postverket og kyrkjelege styresmakter også skulle få uttale seg.

Grensetilfelle II

Ein fylkeskommunal eller statleg veg går gjennom ein tettstad der kommunen skal gje adresser. Den gjennomgåande vegen er delt i fleire adresseparsellar. Kven har ansvaret for å fastsetje namn og skrivemåte?

Etter delingslova og stadnamnlova er det kommunen som fastset namn og skrivemåte på adresseparsellane. Skrivemåten av namnet på ein fylkeskommunal veg skal fastsetjast av fylkeskommunen, medan Statens vegvesen gjer tilsvarende vedtak av namnet på ein statleg veg.

Det er såleis høve for kommunen å nytte meir enn eitt namn på ei vegstrekning som i fylkeskommunal eller statleg samanheng har berre eitt namn. Men dersom det fylkeskommunale eller statlege vegnamnet går inn i det kommunale adressesystemet, bør kommunen følgje den skrivemåten som er vedteken av fylkeskommunen eller vegvesenet, eventuelt reise namnesak for å få vurdert rett skrivemåte etter lova.

Sameleis kan det vere usemje mellom kommunen og staten om namnet på ei bru eller ein tunnel. Her gjeld også regelen om at den som har ansvaret for anlegget, har vedtaksmyndet for namnet og skrivemåten av det. Men kommunen vil vere høyringspart i slike tilfelle, og lengst mogleg bør ein prøve å oppnå semje her. Namnekonsulenttenesta bør dragast inn på eit tidleg tidspunkt.

Grensetilfelle III

på Beitostølen i øystre Slidre er det eit hyttfelt under eit bruk som etter matrikkelen heiter *Hagen*. Kommunen og eigaren har opplyst at *Beitohagen* er det eldre namnet. I eit par generasjonar har eigarane

kalla seg *Haug*, og dette namnet blir no nytta om bruket òg. I 1989 gjekk hytteforeininga der inn for å nytte *Haugsynlia* som namn på feltet, med den grunngevinga at det ligg i ei li med godt utsyn. I 1990 rådde den kommunale stadnamnemnda til at feltet burde heite *Sindermyre* av di det ligg ved ei myr der det er funne mykje sinderslagg etter jernutvinning. Hovudutvalet var samd med stadnamnemnda, men av ulike grunnar utsette formannskapet saka. Våren 1993 vart ho teken opp att. Då var namnet *Haugsynlia* blitt så innarbeidd at formannskapet valde å støtte framlegget frå hytteforeininga.

Før formannskapet gjorde vedtaket sitt, fekk namnekonsulentane spørsmål om kva som var rett framgangsmåte i denne saka etter stadnamnlova.

Her må det først presiserast at stadnamnlova berre regulerer *skrivemåte og bruk av stadnamn i offentleg samanheng*. Men ut frå delingslova skal kommunen *velje* (og i neste omgang *fastsetje skrivemåten av*) namn på offisielle adresseeiningar. Namn på andre kommunale anlegg og tiltak kan kommunen fastsetje med heimel i kommunelova eller andre lover (t.d. grunnskulelova).

I dette tilfellet må ein avgjere om kommunen har vedtaksrett i namnesaka. Dersom det er eit privat hyttefelt som er planlagt og realisert utan kommunal medverknad, er det grunneigarane som gjer vedtak om namn dersom namnet er nytt. Er det tale om eit eldre (nedarva) stadnamn, skal det fastsetjast av Statens kartverk etter at grunneigarane og kommunen har hatt høve til å uttale seg.

Men dersom kommunen er part i prosjektet, t.d. med tilrettelegging av veg, vatn, kloakk og straum, må feltet oppfattast som eit kommunalt tiltak, og kommunen gjer vedtak om namn og skrivemåte etter reglane i stadnamnlova. I dag vil kommunen i dei aller fleste tilfella vere så mykje implisert i hytteutbygging o.l. anlegg at han vil ha ansvar for fastsetjing av namn og skrivemåte, også der utbyggjaren har

innført eit tidlegare namn. Det er altså grunn til å gå ut frå at kommunen har mynde til å fastsetje namnet på eit hyttefelt av denne typen.

Når eit hyttefelt går inn som ei eiga adresseeining (adresseparsell) i det kommunale adressesystemet, gjer kommunen namnevedtak etter delingslova og stadnamnlova. Derimot er det ikkje noko i vegen for at dei som held til på feltet, privat kan nytte den namneforma dei ønskjer. Hytteeigarane kan og fastsetje eigne namn på hyttene i feltet. Slike lokale hyttenamn blir sjeldnare brukte offentleg. Men om det er aktuelt, og det er tale om eit nedarva stadnamn, skal skrivemåten fastsetjast etter lova.

Valet stod her mellom to namn som båe er laga med eit visst grunnlag i dei lokale tilhøva, men det namnet som var mest i samsvar med kulturminneprinsippet, *Sindermyre*, vart vraka i høve til *Haugsynlia*, som hyttefolket og det politiske fleirtalet ønskte. Hadde derimot saka blitt avgjord i 1990, er det mykje som tyder på at det første namnet ville blitt valt.

I denne saka knyter det seg og eit par problem til *skrivemåten*. For det første skulle ein etter vanlege samansetjingsreglar vente *s-samansetjing Haugs-*, altså *Haugssynlia*. For det andre har sterke hokjønnsord *-e*-ending i målføret, og etter tidlegare normeringsreglar skulle ein her normalisere til *-i*. Men etter dei nye forskriftene skal ein skrive *-a* som det er gjort i dette namnet. *e*-ending er det derimot ikkje opna for no heller, og *Sindermyre* måtte normerast til *Sindermyra*.

Saksgang kommune - namnekonsulent

Det er altså aktuelt for kommunen å gjere vedtak om skrivemåten for dei ovannemnde namnegruppene, anten ved førstegongs behandling, eller når det er reist namnesak på slike namn, t.d. gjennom kommunen sjølv, eit vellag, eit historielag, ein språkorganisasjon e.l., eller gjennom Statens kartverk eller namnekonsulentane. Saksgangen er då slik at kommunen sender saka med vedlegg (bakgrunnsopplysningar og eventuelle høyringsfråsegner) til namnekonsulenttenesta for området.

Namnekonsulentane for regionen skal gje si tilråding når kommunen ber om det, eller når dei sjølve finn det nødvendig. Dersom kommunen er usikker på om saksgangen er i samsvar med lova, kan det vere nyttig å ta skriftleg eller telefonisk kontakt med namnekonsulenttenesta på førehand. Ved spesielle problem kan Kulturdepartementet kontaktast direkte.

Dersom kommunen ikkje ber om, eller ikkje mottek, tilråding frå namnekonsulentane etter at dei har fått seg framlagd saka, og det er samsvar mellom høyringsfråsegnene og innstillinga til vedtaksorganet, kan det gjerast vedtak utan vidare.

Men dersom kommunen mottek skriftleg tilråding frå namnekonsulentane, skal dei lokale høyringspartane sjå tilrådinga før det kan gjerast vedtak. Er det avvik mellom tilrådinga og høyringsfråsegnene, og det elles kjem til viktige moment i saka, kan høyringsparten eller vedtaksorganet krevje å leggje saka fram for namnekonsulentane på nytt.

Dei vedtekne namna skal meldast inn til Sentralt stadnamnregister (SSR) i Statens kartverk og kunngjerast overfor dei etatane som skal nytte namnet, og overfor dei partane som har rett til å uttale seg, medrekna namnekonsulentane for regionen.

5.7 Kommunen som høyringsorgan

Kommunar og fylkeskommunar har rett til å uttale seg før det blir gjort vedtak om skrivemåten av stadnamna i kommunen, og fylkeskommunar i namnesaker som gjeld meir enn ein kommune.

Når kommunen er høyringspart, kan det organet som har fått delegert vedtaksmyndet i kommunale stadnamnsaker, òg fungere som høyringsinstans. Eller denne oppgåva kan vere lagd til eit anna valt eller administrativt organ som uttalar seg på vegner av kommu-

nen - etter først å ha rådført seg med andre aktuelle etatar i kommunen. Sjølve ekspedisjonsarbeidet bør organiserast i tilknytning til det kontoret som utfører stadnamnoppgåvene i kommunen.

Det kommunale høyringsorganet bør òg hente inn og samordne fråsegner frå lokale organisasjonar og samanslutningar som har rett til å uttale seg. Det gjeld organisasjonar med særleg tilknytning til stadnamnet, t.d. historielag, språkorganisasjonar, vellag, grunneigarlag, bondekvinnelag. I større kommunar kan talet på slike organisasjonar vere høgt, og det kan vere vanskeleg å ha oversyn over alle som har uttalerett etter lova. Her bør det vere nok å ta direkte kontakt med dei viktigaste, og elles ved kunngjering gje aktuelle samanslutningar høve til å uttale seg. Ofte vil dei ulike lokalinteressene vere representerte i bydelsutval, kulturutval og andre kommunale organ, og vil kunne fremje sitt syn gjennom dei.

Sidan kommunen skal stå for varsling i saker som gjeld bruksnamn, kan det vere praktisk at det kommunale høyringsorganet/sekretariatet syter for å få inn og formidle til vedtaksorganet fråsegner frå eigar/festar. Sameleis kan melding om vedtak gå gjennom dette organet.

Eit døme

Ein vanleg situasjon er at Statens kartverk skal gje ut eit nytt kart i hovudkartserien NORGE 1:50 000 (N50-serien), og kommunen får til høyring ein del namn som det er reist namnesak på. Namnesakene blir sende til kommunen gjennom den regionale namnekonsulenttenesta med førebels tilråding om skrivemåte. Kommunen syter for kunngjering overfor lokale organisasjonar og grunneigarar og festarar som har uttalerett i namnesakene, med opplysning om fristar for fråsegner.

Grunneigarar eller festarar som ei namnesak har verknad for (dvs. bruksnamn), skal tilskrivast direkte eller på annan måte gjerast kjende med saka.

Lokale organisasjonar kan varslast skriftleg til styret, ved kunngjering i lokalaviser eller oppslag på sentrale stader. Saksdokumenta skal liggje til gjennomsyn på ein sentral stad, t.d. i rådhuset.

Kommunen uttalar seg gjennom det organet som har fått i oppdrag å uttale seg på vegner av kommunen. Dersom det er ulike syn innan kommunen, bør det kome fram. Som nemnt har kommunen òg ansvar for at andre som har uttalerett, får høve til å uttale seg, t.d. lokale organisasjonar og grunneigarar og festarar.

I namn der kommunen sjølv er vedtaksorgan, skal lokale organisasjonar og andre som saka vedkjem, ha høve til å uttale seg.

Fråsegnene skal sendast attende til namnekonsulentane, som så gjev si endelege tilråding overfor vedtaksorganet.

Vedtaksorgana melder dei fastsette skriftformene inn til Sentralt stadnamnregister (sjå kap. 8.5), til den regionale namnekonsulenttenesta og til kommunen.

Kommunen syter for at eigar/festar får melding om vedtak som gjeld bruksnamn.

På neste side følgjer eit døme på brev frå kommunen til grunneigarar i samband med varsling av stadnamnsak.

Vinje kommune
Teknisk etat
3890 Ytre Vinje
Tel. 35 07 11 17
Faks 35 07 14 64

Ytre Vinje, 1. september 1993

VARSLING TIL GRUNNEIGAR/FESTAR OM STADNAMNSAK

Statens kartverk (Namnekonsulenttenesta/Statens vegvesen/Postverket el. andre) har reist namnesak på nokre stadnamn i kommunen for å få fastsett skrivemåte i samsvar med lov om stadnamn. Følgjande stadnamn har funksjon som bruksnamn:

.....

Etter lova gjer eigar/festar vedtak om skrivemåten av bruksnamn, men dersom bruksnamnet fell saman med eit nedarva stadnamn, skal Statens kartverk gjere vedtak. Skrivemåten skal då fastsetjast på grunnlag av den nedarva uttalen og i samsvar med gjeldande forskrifter for skrivemåten av stadnamn. Grunneigar/festar skal gjevast høve til å uttale seg, og det skal leggjast vekt på synet hans/hennar.

Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka har gjeve ei førebels tilråding om skrivemåte. Dersom du/de har merknader til framlegget, ber vi om å få dei sende til kommunen til adressa ovanfor innan 6 veker. Kommunen sender dei så til Namnekonsulenttenesta saman med eventuelle merknader frå andre høyringspartar, medrekna kommunen.

Når det er gjort vedtak i namnesakene, vil det bli gjeve melding om det.

Namn som grunneigar/festar kan gjere vedtak om, dvs. nylaga namn, skal meldast inn til kommunen, som så ekspederer vedtaka vidare til Sentralt stadnamnregister.

Med helsing

Oppsummering av kommunale oppgåver

Dei kommunale oppgåvene i stadnamnsaker kan oppsummerast slik:

- gjere vedtak om namn og skrivemåte på gater, vegar og andre kommunale område og anlegg
- uttale seg om stadnamn i kommunen som andre skal gjere vedtak om
- syte for at dei gruppene i kommunen som har rett til å uttale seg ved fastsetjing av skrivemåten, t.d. eigarar/festarar og lokale organisasjonar, får høve til å uttale seg i saker der dei har ein slik rett
- melde inn til Sentralt stadnamnregister vedtak som kommunen sjølv gjer og formidle vedtak som grunneigarar eller festa rar gjer
- syte for kunngjering (overfor namnekonsulenttenesta og partar som har klagerett) av vedtak som kommunen eller andre har gjort
- syte for at eigarar/festarar får melding om vedtak som gjeld bruksnamn
- ordne med arkivering av namnesakene

5.8 Samordning av det kommunale stadnamnarbeidet

For at dei kommunale namnesakene skal behandlast på ein best mogeleg måte, er det viktig å leggje opp til rasjonelle rutinar. Dersom kommunen ikkje alt har kome fram til eit tenleg opplegg, bør ei arbeidsgruppe få i oppdrag å leggje opp rutinane slik at oppgåvene kan løysast i samsvar med lova og forskriftene på ein rasjonell måte. Her kjem nokre synspunkt på korleis arbeidet kan organiserast.

Sekretariat

Stadnamnlova medfører ein god del papirarbeid for kommuneadministrasjonen, og det trengst difor eit effektivt apparat. Ei mogeleg løysing vil vere å byggje opp eit *sekretariat* under teknisk etat eller kulturkontoret som tek på seg den praktiske tilrettelegginga og

ekspedisjonen av namnesakene. Før ein eventuelt får bygd opp eit slikt apparat, bør kommuneadministrasjonen ha minst éin kontaktperson som kan samordne namnesakene.

Vedtaksorgan

Som nemnt kan vedtaksorganet vere ulikt frå kommune til kommune, alt frå kommunestyret eller formannskap til hovudutval, bydelsutval og namneutval. Etter stadnamnlova kan ein rekne med ein god del kommunale namnesaker, og det kan såleis vere ein fordel at vedtaksretten er delegert til eit organ som kan vurdere dei faglege og juridiske sidene på ein innsiktsfull måte. Dette organet bør stå i nær kontakt med det kontoret som står for den praktiske delen av arbeidet.

5.9 Kommunal medverknad ved namn på kart

Hovudregelen er at Statens kartverk ved fylkeskartkontora fastset skrivemåten av nedarva namn på kart, òg på Økonomisk kartverk, etter høyring i kommunen. Det same gjeld for kommunale kart i ulike målestokkar. Derimot blir adressenamn (gate- og vegnamn), namn på bustadfelt og bydelar og namn på kommunale institusjonar og tiltak fastsette av kommunen sjølv, slik det er gjort greie for ovanfor.

I samband med nytgjeving eller revisjon av kart vil Statens kartverk oftast ta kontakt med kommunen på førehand for å vurdere kva namn som bør kome med. Dessutan har kommunen når som helst høve til å reise namnesak på namn på kart, og skrivemåten av desse vil bli vurdert etter stadnamnlova.

Når kommunen står som kartutgjevar, avgjer han sjølv kva namn som skal med. Men skrivemåten av dei må fastsetjast etter stadnamnlova. Kommunen er då vedtaksorgan for namn på kommunale objekt, eigaren/festaren for bruksnamn som ikkje er nedarva, og Statens kartverk for namn som ikkje andre organ skal fastsetje, dvs. dei fleste nedarva stadnamna.

Dersom kommunen gjev private kartprodusentar i oppdrag å lage kart, skal også desse nytte namn med rett skrivemåte. Derimot er ikkje private kartleverandørar bundne av stadnamnlova når oppdragsgjevaren er ein privat instans, sjølv om det er ønskjeleg at offisiell skrivemåte blir nytta mest mogeleg.

Dersom kommunen meiner at eit namnevedtak kan endrast etter lova, kan han krevje å få saka vurdert på nytt og eventuelt anke vedtaket inn for klagenemnda for stadnamnsaker.

5.10 Gate- og vegnamn

I Del 1, kap. 5 er det gjort greie for dei viktigaste sidene ved namnsetjing av vegar og gater i samband med adressetildelinga.

Hovudprinsippa som er nemnde der, er:

1. Namnet må passe inn i eit samordna system for adressering.
1. Namnet bør byggje på den lokale namnetradisjonen.
2. Namnet bør høve på staden.
3. Namna bør vere varierte.
4. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk.
5. Namnet bør vere lett å skrive og uttale og ikkje føre til forveksling med andre namn.
6. Ein bør unngå å nytte namn på nolevande personar i adressenamna. Namn på avlidne personar eller fantasipersonar bør nyttast berre når særlege grunnar talar for det. Vidare bør ein vere tilbakehalden med bruk av gruppenamn (kategorinamn), særleg i mindre adresseringsområde. Ein bør og unngå framande ord som allé, aveny, chaussé, promenade.
7. Skrivemåten skal byggje på den lokale uttalen og elles følgje gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn.

I kap. 11 nedanfor er det ført opp eit meir detaljert oversyn over namnetypar og ordtilfang som det kan vere aktuelt å nytte i adressetildelinga.

Her skal vi avgrense oss til å peike på nokre rådande tendensar i namnsetjing av vegar og gater i nyare tid. Ein kan grovt skilje mellom fem språklege hovudtypar av gate- og vegnamna:

1. Namn på *-gate/-gata(en)*
2. Namn på *-veg(en)/-vei(en)*
3. Namn som endar på andre «vegord», t.d. *-far(et)*, *-kleiv(a)*, *-sti(g)(en)* o.l.
4. Namn som endar på andre ord, t.d. *-eng(a)*, *-haug(en)*, *-li(a)*.
5. Usamansette namn som *Enga*, *Haugen*, *Lia*.

Medan namn på *-gate* ikkje er nytta i byane i mellomalderen, har det i hundreåra etter reformasjonen blitt det mest vanlege namneleddet i byane. Namna på *-veg/-vei* har kome sterkt i dei seinare tiåra, slik at ein no ofte finn ein bykjerne med namn hovudsakleg på *-gate* og ein nyare ring rundt med byutviding og forstader der namn på *-veg/-vei* dominerer. Namn på *-gate* er mindre brukt i landkommunane. Den vestnorske forma *-gote* og den austnorske *-gut(t)u* 'krøterstig' er nytta ein del. I dei siste åra har det vore ein særleg stor tilvokster i gruppe 3-5, slik at det etter kvart er blitt eit meir variert tilfang av vegnamn. Men namnsetjinga varierer mykje frå kommune til kommune. Somme kommunar kan ha gjennomført nesten berre *-veg/-vei*, medan andre har ei jamnare fordeling mellom alle gruppene. Såleis har Voss nytta heile 39 ulike hovudledd (sisteledd) i vegnamna.

Fordeling av ulike typar

Institutt for namnegransking gjorde i 1979 ei rundspørjing til kommunane i landet om den kommunale namnsetjinga, og det kom inn over 300 svar, m.a. med oversyn over vedtekne vegnamn. Vi har valt ut to kommunar frå kvart fylke (ein tettstadkommune og ein med meir grisgrendt busetnad) for å vise eit utsnitt av den kommunale

namnsetjinga i landet. Tilfanget er ordna etter dei 5 hovudgruppene som er nemnde ovanfor, men då slik at gruppe 4 og 5 er slegne saman.

Til samanlikning er det henta inn opplysningar om fordelinga av desse namnetypane i 1991. Resultata frå dei 36 kommunane er viste i ein tabell bak i boka (Vedlegg IV). Her skal vi peike på nokre hovudtendensar. Som vi alt har vore inne på tidlegare, har det vore ein klar nedgang i gruppe 1 og 2 (namn på *-veg/-vei* og *-gate*), medan gruppe 3 (andre "vegord") og 4 (andre ikkje-"vegord") har auka sin del tilsvarande. Særleg er gruppe 4 i framgang i mange kommunar, mest i nyare tettstrok. Strand kommune i Rogaland opplyser t.d. at dei i dei siste namnevedtaka jamvel har erstatta somme tidlegare namn i gruppe 1 og 2 med namn i gruppe 4. Heile 15 kommunar kan vise til ein prosentvis auke på ikring 10% eller meir innan gruppe 4.

Biletet er likevel ikkje eintydig. Materialet viser at i 25 kommunar har det vore ein prosentvis nedgang i gruppe 1, medan 8 kommunar viser oppgang i denne gruppa. Oppgangen gjeld både i bykommunar og landkommunar. I 3 kommunar er forholdet uendra. Endå større er tapet i gruppe 2, her kan berre 2 kommunar vise til framgang, 12 viser inga endring, og resten tilbakegang. I resten av kommunane har dei andre gruppene vunne prosentvis tilslutning, mest altså gruppe 4.

Konklusjonen er at tradisjonsprinsippet, dvs. det å nytte lokale stadnamn eller lage stadnamn av tradisjonell type, har vind i segla i ein stor del av kommunane. Til og med i bykommunar, der namn i gruppe 1 og 2 har lang tradisjon, er gruppe 3 og særleg gruppe 4 i framgang.

5.11 Namn på byggjefelt

Planlegginga av byggjefelt startar gjerne fleire år før dei står ferdige, og slike prosjekt kan få namn som *Vest I* og *Vest II*, *Vik vest*, *Vik aust*, *Felt I vest*, *Felt II vest*. I planleggjarspråket kan dette vere rasjonelle nemningar, men dei bryt med tradisjonell namnelaging og kan knapt seiast å vere særleg miljøskapande. Sjølv om dei ikkje er tenkte som

endelege namn på dei aktuelle bustadfelta, blir dei ofte hangande ved prosjekta, gjerne med god hjelp av kommunale organ og av lokalpresse.



Konkurrans med tradisjonelle stadnamn

Mange stader får slike prosjektnamn likevel sterk konkurranse av tradisjonelle stadnamn. T.d. blir *Vinstra vest* og *Vinstra vest II* (Nord-Fron) omtala som *Sorperoa* og *Knutsmorka* etter staden felta ligg på. I dag har dei tradisjonelle namna vunne fram, sjølv om prosjektnamna framleis blir nytta i planlegginga. Teknisk etat i kommunen trur at etter kvart som felta blir vidare utbygde og adresser innførte, vil også *Sorperoa* og *Knutsmorka* kome meir i bakgrunnen. For *Harpefoss nord* (Sør-Fron) har det kome framlegg om å nytte det eldre namnet *Moom* (dativ fleirtal av *mo m.*), men prosjektnamnet synest framleis stå sterkt. I Sula har kommunestyret gjort vedtak om å endre *Rørstad vestre* i reguleringsplanen til den meir tradisjonelle

namneforma *Rørstadmarka*. *Solsiden terrasse* er døme på eit anna uheldig namneval ut frå tradisjonsprinsippet - det har seinare blitt skift ut med dei lokale namna *Vallalia* og *Vallaheiane*.

Ein vanleg prosjektnamntype som *Dal skog* blir i folkeleg språkbruk gjerne omtala som *Dalsskogen* eller berre *Skogen*, *Dalsskogfeltet*, *Byggjefeltet i Dalsskogen* o.l., alle laga etter meir tradisjonelle namnemønster.

Dersom ein ser på dei namna som er nytta på bustadfeltet rundt om i landet, vil ein finne stor variasjon, alt frå «papistknitrande» prosjektnamn av den typen som er nemnd ovanfor, til fantasinamn som *Arkadien*, *Pippi*, *Veslemøy* og tradisjonelle stadnamn som *Haugen*, *Høgebakkane* og *Loenga*. Ei viss tilknytning til staden kan botanisk relaterte namn som *Kantarellen* og *Silkestrå* ha, men dei bryt med den vanlege namnestrukturen ved at dei manglar eit lokalitetsindikerande hovudledd. Humoristiske tilnamn på bustadfelt førekjem ikkje sjeldan, t.d. *Tolvkonehuset* som er brukt uformelt om eit rekkjehus med 12 husvære i Kvam.

Det førekjem ikkje sjeldan at entreprenøren set namn på byggjeprojekt før kommunen eller eigarinstitusjonen får høve til å ta stilling til namnebruken. Stundom kan slike namn falle saman med namnet på utbyggjaren, t.d. *Fjellbirkeland studentby*, *Yggdrasil*. Slike namn er uheldige av di dei kan gje inntrykk av at eigaren av prosjektet er identisk med utbyggjaren.

Ordtilfanget

Eit svært vanleg ord i samband med reguleringsplanar og byggjeprojekt er *felt*, jf. tysk *Feld* 'mark, avgrensa jordstykke'. I planleggjarspråket tyder det 'avgrensa del av eit område', til dels med same tyding som *teig*, og har såleis ei nokså generell tyding. Ordet er ofte nytta i namn på byggjefelt, særleg i anleggsperioden, men ofte etter og, t.d. *Dalsskogfeltet*, *Vikfeltet*.

Lånord

Også *senter* (av latin *centrum*) er eit framandord som har fått stort rom blant dei nye stadnamna. Det er nytta i namn på konsentrasjonar av hus og anlegg, særleg der ulike forretningar og tenesteytingar ligg, oftast i lause samansetningar som *Stovner senter*, eventuelt med eit spesifiserande ledd som i *Bø ridesenter*, *Tinn jaktcenter*, men og i faste samansetningar som *Hurdalssenteret*.

Nemningar som tidlegare har vore så å seie ukjende i det lokale namnetilfanget rundt om i landet, er *hageby*, og *terrasse*. Medan dei før fanst sporadisk i dei større byane, har dei no spreidd seg både som adressenamn og områdenamn til mindre tettstader og bygdestrok, t.d. *Hasle hageby*(*Sarpsborg*), *Førre terrasse* (Lyngdal). Somme stader har det vore lokal motstand mot denne namnetypen, t.d. har *Lindås terrasse* og *Fanebust terrasse* (Lindås) blitt skifte ut med dei lokale namna *Apalbakken* og *Rissundet*. I Dyrøy er eit byggjefelt på *Skogstadhaugen* kalla *Skaubu*, med førsteleddet i austnorsk form, her burde det lokale namnet ha vore nytta beinveges.

Nye funksjonar

Både *senter*, *hageby* og *terrasse* er uttrykk for nyare funksjonar i samfunnet. I seinare tid har det dukka opp ei rekkje nye funksjonsområde som har fått namn som *Romerike bakkenter*(lokalt namnet er *Lundbybakken*), *Kittilsbu utmarksmuseum*. Ei heil gruppe slike nye namn har dukka opp i samband med olympiaden på Lillehammer: *Birkebeineren skistadion*, *Hamar OL-amfi*, *Hamar Olympiahall*, *Kantheugen fristilanlegg*, *Kvitfjell Alpintenter*, *Lillehammer Olympiahall*, *Lillehammer Olympiske Bob- og Akebane*.

Heimlege ord

Med tanke på å føre vidare ein tradisjonell norsk ordbruk i nye stadnamn finst det ei rekkje avløyssarar til dei orda som er nemnde ovanfor. Eit slikt ord er *grend*, og for mange vil det ha ein lun klang. Såleis vil *Bergegrenda* og *Øvregrenda* vere gode alternativ til *Bergefeltet* og *Øvre hageby*. Men ein bør ikkje overdrive bruken av ordet heller. Tidlegare innførte Postverket *grend* i ein del namn der stadnamnet kunne ha vore nytta utan noko tillegg. Eit anna brukande ord

er *tun*, t.d. *Daletunet*, *Dusaviktunet*, *Lenmannstunet* (dei to siste i Stavanger). Når det er tale om å namngje noko større bygningsmassar, kunne ord som *by* og *bygd* dragast inn, t.d. *Ryggebyen*, *Sørbygda*, men føresetnaden bør vere at dei kjennest naturlege i det lokale språkmiljøet. Andre «klassiske» bustadnamneledd som *heim*, *land*, *stad* er òg mogelege avløysarar til framandord.

Eldre namn

Før ein eventuelt prøver å lage ei samansetning med eit ord for 'busetnad', bør ein sjå om ein ikkje kan nytte eit eksisterande stadnamn. Det er då naturleg å ta utgangspunkt i eit namn som finst på staden frå før, anten eit som gjeld ein avgrensa lokalitet i bustadfeltet, eller eit som er nytta om eit større område der feltet ligg. I det siste høvet vil det ofte vere tale om eit gards- eller bruksnamn eller eit anna vanleg brukt stadnamn, t.d. *Berg*, *Steinsdalen*, *Øvrehagen*, *Osen*, *Stranda*.

Ved å overføre eit slikt eksisterande namn til feltet gjev ein namnet ein ny eller utvida funksjon. Dette er i prinsippet det same som når reine naturnamn, t.d. *Djupvik* blir nytta om «garden i/ved Djupvika» eller *Steinsdalen* om «garden i Steinsdalen». Dersom det ikkje er naturleg å overføre gardsnamnet direkte på bustadfeltet, kan ein nytte det som utmerkingslekk, t.d. *Bergsgrenda*, *Bergsbakken*.

I mange høve byr det likevel på vanskar å finne fram til eintydige og samstundes tradisjonelle namn på bustadfelt. Dei vanlegaste tilfella er:

1. feltet ligg på ein stad som ikkje blir rekna å ha «eige» namn frå før
2. feltet ligg på ein del av eit namngjeve område, t.d. på ein del av innmarka eller utmarka til ein gard
3. feltet ligg på eit område som går inn på to eller fleire eigedomar
4. fleire felt ligg på eit område med same namn

«Namnlause» stader

Ofte vil byggjefelt på «namnlause» stader kunne gjevast namn etter dei same prinsippa som gjeld for gate- og vegnamn (bortsett frå at

det som regel ikkje er aktuelt å nytte ord for *veg* o.l.). Det vil seie at ein lagar namn ut frå terreng- og naturforhold elles på staden, t.d. *Rognekroken*, *Einerhaugen*, *Lia*. Slike namn kan òg spegle av ulike former for menneskeleg verksemd som har vore eller er knytte til staden eller den næraste omgivnaden, t.d. *Skyttarholtet*, *Kolgrov*.

Del av eit namngjeve område

Dei aller fleste bustadfelte vil liggje på ein større eller mindre del av ein eksisterande gard. Særleg vil det vere naturleg å namngje det første utbyggingsfeltet under ein gard i relasjon til garden, t.d. *Vik*, *Berg*, *Norddal*, eventuelt med tillegget *-feltet*, (som ein bør nytte minst mogeleg), *-grenda*, *-tunet*, *-byen* o.l. Her vel ein dei orda som høver best med den lokale språkbruken. Ofte vil det vere ei betre løysing - i pakt tradisjonell norsk namnelaging - å leggje til eit anna høveleg terrengord, t.d. *-strand*, (*Vikastranda*), *-bakke* (*Bergsbakken*) (sjå kap. 13 om ordtilfang). I staden for å gå ut frå gardsnamnet kan ein byggje på bruksnamnet dersom det er eit anna. Såleis kan det under garden *Berg* gjerne vere eit bruk med namnet *Bergslykkja* som beinveges kan nyttast på feltet. Dersom feltet ligg i eit namngjeve utmarksområde, t.d. *Bergsmarka*, kan også dette namnet nyttast direkte. Stundom vil ein finne at ei presisering som *Søre Bergsmarka* eller *Nermarka* kan vere ein betre utveg.

Namn i grenseområde

Når bustadfeltet ligg på grunnen til to (sjeldnare fleire) gardar, har somme kommunar valt å nytte dobbeltnamn, t.d. *Berge og Teigland*, gjerne skrive *Berge/Teigland* eller *Berge-Teigland*). Slike dobbeltnamn er tunge, og ein bør prøve å unngå dei. Med tanke på namnevernet er det heller ikkje noka heldig løysing å lage nye namn ved å kombinere ledd i eksisterande namn, t.d. «*Bergland*», sjølv om det kunne synast praktisk. Ein bør prøve å løyse namnproblemet ved at ein legg større vekt på å leite fram lokale namn, ikkje berre ved at ein dreg inn eventuelle bruksnamn eller andre namn som femner om eit noko større område, men ved å nytte namn med meir avgrensa utbreiing, eventuelt lage nye namn i samsvar med eksisterande mønster. Relasjonsnamn av typen *Bergshagen* og *Teiglandshagen*

kunne vera aktuelle namneval i somme høve. Dersom feltet låg i den gamle beitemarka til Berge og Teigland, kunne kort og godt *Hagen* vere eit alternativ.

Fleire felt under same namn

Den konsentrerte utbygginga mange stader fører ofte til at fleire felt blir utbygde meir eller mindre i tilknytning til kvarandre. I slike høve er det lett å ty til konstruksjonar som *Berg nord/vest*, *Berg I/II*. Som nemnt bør ein unngå slike lagingar. I staden kan ein nytte former som *Nordre Berg* eller helst *Nordberg* om namnet er uttala som eitt ord, *Vestberg* o.l., eller ein kan lage relasjonsnamn som nemnt ovanfor. Ein tredje utveg er også her å lage heilt nye namn.

5.12 Namn på skular, institusjonar o.l.

I eit moderne samfunn finst det eit stort tal institusjonar, tiltak, verksemder og anlegg som skal ha namn, t.d. barnehagar, skular, helse- og aldersheimar, fritidsklubbar, forsamlingshus- og plassar, museum, arkiv, samlingar, selskap og stiftingar for ulike føremål. Slike tiltak kan vere offentlege (kommunale, fylkeskommunale eller statlege), halvoffentlege eller private og blir namnsette av eigaren. Kommunen vil såleis ha ansvar for namnsetjing av ei lang rekkje tiltak utanom adressetildelinga. Det gjeld m.a. grunnskular der den kommunale retten til fastsetjing av kringsgrenser og namn har heimel i særskild lov (jf. kap. 5.2). Dei vidaregåande skulane er derimot fylkeskommunale, og namna blir fastsette av fylkestinget etter at fylkesskulestyra har uttala seg. Vi skal dra fram nokre døme på namnsetjing av kommunale tiltak, men det som blir sagt her, vil kunne gjelde for namnsetjing der andre er eigarar og. Andre offentlege namnsetjingsoppgåver som kan ha interesse for kommunen, er tekne opp i kap. 7 under den statlege namnsetjinga.

Barnehagar. skular. helseinstitusjonar



Det vanlegaste mønsteret for namnsetjing av kommunale institusjonar og tiltak er å nytte eit tradisjonelt stadnamn som *første* del av namnet, og eitt eller fleire som fortel kva slags institusjon det er, som andre del eller hovudledd, t.d. *Røst kommunale barnehage*, *Lakselv skole*, *Steigen aldershjem*. I samiske område vil det vere aktuelt med samiske namn på slike institusjonar.

Det stadnamnet som går inn i institusjonsnamnet, viser oftast til kommunen eller bygda/tettstaden der institusjonen ligg. Det gjeld særleg når institusjonen er den einaste i sitt slag i kommunen. Spesielt i større bykommunar kan denne praksisen føre til at ein får mange mest likelydande namn. Etter telefonkatalogen for 1993 finst det t.d. ca. 260 namn som tek til med *Stavanger...*, dei fleste nytta om private tiltak. Firmanamn bør helst ikkje nyttast i namn på offentlege barnehagar eller barnehagar som får offentleg støtte.

Grunnskulane og ungdomsskulane har som regel namn *etter* kripsane dei ligg i, og her får ein såleis ei større spreining i namngjevinga. t.d. *Ottestad ungdomsskole* og *Tangen skole* i Stange. Skulesentraliserin-

ga dei siste tiåra har likevel ført til langt færre slike lokale skulenamn. På den andre sida synest det i dag å vere ein tendens til å nytte meir lokale stadnamn ved namnsetjing av m.a. barnehagar, aldersheimar, forsamlingshus o.l., t.d. *Nordgrenda barnehage, Eikeli aldersheim, Dalen grendehus*.

Namnetypen *Tangen skole, Eikeli aldersheim*, skrive i to ord og med sisteleddet i ubunden form, er i dag svært utbreidd i namn på både institusjonar og verksemder. Slike namn der hovudleddet fortel kva slags institusjon eller verksemd det er tale om, og der utmerkingsleddet er eit meir eller mindre kjent stadnamn, er funksjonelle i eit moderne samfunn, sjølv om dei kan bli litt einsformige når det på større stader finst dusinvis av dei. Alternativt kunne ein nytte den meir tradisjonelle og munnleg prega namngjevingsmåten med samanskriving av namneledda og bunden form av sisteleddet, t.d. *Hurdalssenteret, Romeriksklinikken*. Denne siste samansetjingsmåten vil mange finne meir uformell og heimleg enn den meir skriftspråkprega typen *Tangen skole*.

I daglegtale vil enklare former som *Skolen, Ungdomsskolen, Barnehagen* vere mykje brukte. Elles er det nokså vanleg at lokale stadnamn blir nytta direkte både offisielt og særleg i daglegtale som institusjonsnamn, t.d. *Bjørketeigen, Lia, Oppstad, Valen, Trastad*. Denne nemningsmåten er i samsvar med norsk namnetradisjon, jf. at ein seier *Harstad* og ikkje *Harstad by*. Dessutan kan eit slikt «nøytralt» stadnamn vere mindre belastande i enkelte situasjonar enn når eit forklarande tillegg som t.d. «psykiatriske klinikk» eller «kretsfengsel» blir sett til namnet.

I tillegg til desse hovudtypane førekjem namn som *Kosekroken, Pjokken, Tommeliten* på barnehagar, og *Alders hvile, Aldersro, Kveldsro* på aldersheimar. Mange vil finne slike namn artige, men somme i den siste gruppa kan ha ein negativ undertone. Adresse «Kveldsro» kan gje eit signal om at ein har kome til det siste venteromet. Her bør ein som ofte elles dra inn lokale stadnamn som er nytta på staden frå før, t.d. som ved dei nemnde *Bjørketeigen* og *Lia*.

Idrettsanlegg

Av dei mange andre kommunale tiltaka som det kan vere aktuelt å gje namn, nemner vi idrettsanlegg. Mest vanleg er at dei får namn etter staden dei ligg på, t.d. *Bislett idrettsplass, Frogner stadion, Jordal idrettsanlegg*. Til dagleg blir gjerne stadnamnet nytta åleine, såleis *Bislett, Frogner, Jordal*. Sameleis blir *Åråsen stadion* på Lillestrøm oftast berre kalla *Åråsen*. Særleg når eit lokalt namn er nytta berre om anlegget, fungerer det godt utan noko spesifiserande tillegg. Derimot vil ikkje *Odda stadion* kunne kallast berre «Odda» etter som dette namnet samstundes er kommune- og tettstadnamn. Her vil eventuelt *Stadion* førekome i meir uformell samanheng. Ved kortare sisteledd som *bad* er det meir vanleg med fast samansetjing, t.d. *Frognerbadet, Tøyenbadet, Vestkantbadet*, men laus samansetjing førekjem og som i *Bislett bad*. Laus samansetjing er òg vanleg ved dei mange spesialorda i namn på idrettsanlegg som *alpinanlegg, skisenter, travbane, idrettssenter, idrettsgrend, sportstun*. For at namn med slike ord skal fungere i ein større samanheng, trengst det eit presiserande tillegg, oftast eit tettstadnamn eller eit anna kjent stadnamn, t.d. *Kongsberg skisenter*. Ein alternativ lagingsmåte ville vere *Skisenteret på Kongsberg* med lokalisering uttrykt ved preposisjonsuttrykk.

5.13 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er nødvendig når det er aktuelt å gje namn til objekt som gjeld to eller fleire kommunar - det kan vere vegar og andre kommunikasjonsanlegg, institusjonar og samarbeidstiltak av ymse slag. Stundom kan prestisjeomsyn føre til at ein vel dobbeltnamn som *Ørsta Volda lufthamn Hovden* (som formelt sett er eit statleg namneobjekt). Slike kompromissløyseringar er nok informative og «rettferdige», men tungvinte som namn. Sjølv om det er vanskeleg å unngå all namnestridd, bør det vere eit mål å kome fram til namn som er i samsvar med den lokale tradisjonen, dvs. anten namn som er nytta på staden frå før eller nylaga namn som høver inn.

Når det er aktuelt å namnsetje anlegg eller institusjonar som får verknad for meir enn éin kommune, bør namneplanlegginga starte på eit tidleg tidspunkt. Det kan vere praktisk at eit utval med t.d. eit par medlemmer frå dei aktuelle kommunane samarbeider med dei tekniske etatane og interessepartane for å utarbeide framlegg til vedtak. Ved kurante namnesaker kan vedtak gjerast av dei kommunale organa som har fått delegert eit slikt mynde. Somme kommunestyre vil finne det føremålstenleg å avgrense delegasjonsretten til kurante namnesaker for sjølv å ta avgjerd i meir prinsipielle namn.

Dersom det er tale om endringar i den kommunale inndelinga eller i andre administrative inndelingar i kommunen (kommunane), må kommunestyret og fylkesutvalet gje si tilråding før det blir gjort vedtak av departementet, Kongen eller Stortinget (jf. kap. 7.1).

5.14 Kommunalt, statleg eller privat ansvar?

Det er ikkje alltid heilt lett å avgjere kven som har ansvaret for namnsetjinga, og handboka kjem inn på slike grensetilfelle fleire gonger. Det avgjerande er om det aktuelle namneobjektet (lokaliteten) er eit kommunalt eller statleg ansvar. I somme høve kjem kommunen inn som vedtaksorgan sjølv om han berre delvis har ansvar for namneobjektet. Det gjeld t.d. når ein del av ein riksveg, fylkesveg eller privat veg blir nytta som adresseparsell i det kommunale adressesystemet. I dei høva Statens vegvesen har fastsett namn for ei veglengd, og dette namnet blir brukt som kommunal adresse, skal den fastsette skrivemåten av namnet nyttast av kommunen. Dersom kommunen meiner at ein annan skrivemåte er aktuell etter regelverket, kan han reise namnesak. Andre adresseparsellnamn på riksvegar gjer kommunen sjølv vedtak om på vanleg måte, men med Statens vegvesen (fylkesavdelinga) som ein av høyringsinstansane. Same prosedyren skal følgjast når delar av fylkeskommunale vegar blir lagde inn i adressesystemet i ein kommune, men då med fylkeskommunen som partner (jf kap. 5.6, Grensetilfelle I).

Private vegar eller vegstykke som går inn i det kommunale adressesystemet, skal få fastsett namn og skrivemåte av kommunen, jf. delingslova § 4-1, med forskrift 15.

Private byggjefelt for bustader, hytter og andre anlegg skal som regel og namnsetjast av kommunen når det aktuelle namneobjektet kjem inn under ei kommunal regulering (jf. kap. 5.6, Grensetilfelle III).

6 Fylkeskommunalt namneansvar

Det som blir sagt både her og i neste kapittel, er ikkje noko nytt reint fagleg i høve til det som er uttrykt under den kommunale namnsetjinga. Men vi har funne det føremålstenleg å peike på nokre tilfelle der andre instansar enn den enkelte kommunen har ansvar for namnsetjing og vedtak om skrivemåte.

Vidaregåande skular

Fylkeskommunen har ei rekkje anlegg og institusjonar som han har namngjevingsansvar for, m.a. som nemnt vidaregåande skular. Då dei tradisjonelle gymnasa og yrkesskulane i 1976 vart omskipa til vidaregåande skular, oppstod det visse vanskar ved namnevalet. I Stavanger vart eit slikt namnespørsmål løyst ved at *Stavanger gymnas* vart heitande *Godalen vidaregåande skole* og *Stavanger yrkesskole* vart heitande *Bergeland vidaregåande skole*, båe etter staden dei ligg på. I Sandnes vart det strid om kva skule som skulle få bynamnet med - utfallet vart at det gamle gymnaset vart heitande *Sandnes vidaregåande skole* og yrkesskulen *Gand vidaregåande skole*.



I desse høva har det etter vårt syn vore lagt til grunn eit heldig prinsipp for namnevalet, nemleg det å nytte eit lokalt stadnamn med lokaliserande funksjon. I Sandnes kunne dei kanskje ha sloppet namnestriden om det gamle gymnaset hadde fått eit meir «avgrensa» namn på linje med *Gand vidaregåande skole*. Ut frå eit administrativt synspunkt kunne ein kanskje ønskje at institusjonsnamnet inneheldt namnet på det området institusjonen var meint å dekkje, men frå eit namnefagleg synspunkt vil eit meir lokalt namn ofte vere betre. I Trondheim er *Adolf øyens vidaregåande skole* valt som namn på det tidlegare *Trondheim økonomiske gymnas*. Tilknytning til eit lokalt stadnamn ville her òg ha vore eit godt alternativ.

Andre fylkeskommunale institusjonar

Fleire institusjonar og tiltak på fylkesnivå, både fylkeskommunale og statlege, har namn som tek til med *Fylkes-*, t.d. *Fylkessjukehuset i Florø*, *Fylkeslandbrukskontoret i Hedmark*. Språkleg sett er desse namna meir i samsvar med tradisjonell namnelaging enn den vanlegare typen institusjonsnamn med laus samansetjing og etterstilt funksjonsord i ubunden form som t.d. *Hedmark fylkesbibliotek*.

Sidan fleire av institusjonane på fylkesnivå går inn i eit landsomfattande system, har det vore ønskjeleg å namngje dei innanfor eit felles system.

Fylkeskommunen har altså namnsetjingsansvaret (val av namn og fastsetjing av skrivemåten) for alle fylkeskommunale anlegg og institusjonar. Det gjeld og vegar, bruer, tunnelar, rekreasjonsområde m.m. som fylkeskommunen står for.

Det er gjort nærare greie for namnsetjing av veganlegg under det statlege namneansvaret, sjå kap. 7.6.

Vidare har fylkeskommunen etter stadnamnlova rett til å uttale seg i saker som gjeld skrivemåten av namn på område som femner om meir enn éin kommune.

7 Statleg namneansvar

7.1 Lover og forskrifter

Staten har ansvar for fastsetjing og bruk av stadnamn på mange område. Vi har her valt ut nokre sentrale felt som vi skal kommentere nærare. Til dels vil det statlege namneansvaret ha parallellar i kommunal og fylkeskommunal samanheng. For fastsetjing av skrivemåten og bruk av stadnamn gjeld stadnamnlova med forskrifter (sjå Vedlegg I).

Kommunelova

Endringar av kommune- og fylkesnamn har heimel i kommunelova (*lov av 25. september 1992 om kommuner og fylkeskommuner*, som gjeld frå 1. januar 1993). I § 3, 3. og 4. ledd heiter det:

Endring i en kommunes navn avgjøres av Kongen. Før navnespørsmålet avgjøres skal uttalelse innhentes fra den eller de berørte kommuner.

Fylkeskommunen skal ha samme navn som fylket.

I den tidlegare kommunestyrelova frå 12. november 1954 var namneparagrafen formulert noko meir omstendeleg: «Endring av herreds-

kommuners og bykommuners navn besluttes av Kongen dersom et flertall i vedkommende kommunestyre har uttalt seg for endringen. I motsatt fall må endringen besluttes av Stortinget.» Og i *lov om fylkeskommuner av 16. juni 1961 nr. 1, § 3*, er namnespørsmålet uttrykt slik: «Endring av fylkeskommuners navn fastsettes ved lov. Kongen kan likevel beslutte endring av skrivemåten når dette ikke har betydning for uttalen. Fylkestinget skal ha hatt anledning til å uttale seg før endring blir gjort.»

Dei omfattande kommunereguleringane først på 1960-talet hadde heimel i *lov av 21. desember 1956 nr. 3 om endring i kommunal inndeling*, og i § 1, 2. ledd heiter det om namnsetjing:

Ved sammenslutning eller vesentlig utvidelse av kommuner fastsetter Kongen ny eller utvidet kommunes navn. Før beslutning treffes, skal navnespørsmålet ha vært forelagt for de kommunestyrerepresentanter som bor på den nye eller utvidede kommunens område, og for fylkesutvalget til uttalelse.

Kyrkjelova

Endring av *soknenamn* er heimla i *lov av 3. aug. 1987 nr. 1 om Kirker og Kirkegarde*, § 1:

Kongen kan etter at herredsstyret og de kirkelige myndigheter har hatt anledning til å uttale seg, beslutte endring av navn på kirkesogn.

Der det ikkje er uttrykt særskilt ved lov, vil departementet eller dei einskilde forvaltningsgreinene gjere vedtak om namn. Tidlegare har det vore vanleg praksis at framlegg til nye eller endra namn blir fastsette i samråd med lokale instansar og statens namnekonsulentar, men saksgangen synest ofte å ha vore nokså tilfeldig. Etter stadnamnlova skal vedtak om skrivemåten no gjerast etter formell høyring hjå dei impliserte partane og tilråding frå namnekonsulentane.

Mållova

Stadnamnlova gjeld stadnamn, medrekna stadnamn som er nytta i namn på offentlege institusjonar og verksemder. For denne siste gruppa gjeld og *lov av 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste (mållova)*. I § 4 i forskriftene til mållova, fastsette 5. desember 1980, heiter det om namn på statsorgan:

Dersom det ikkje høver med den same namneforma på bokmål og nynorsk, skal namnet på eit statsorgan ha ei bokmålsform og ei nynorskform.

I rundskriv nr. V-51/88 frå Kulturdepartementet blir dette påbodet understreka:

Det er ein innarbeidd føresetnad at statsinstitusjonar og andre statlege organ skal ha namneformer både på nynorsk og bokmål, om det ikkje høver med ei felles namneform i dei to målformene. Namna blir fastsette av det aktuelle forvaltningsorganet på området. Kultur og vitenskapsdepartementet har i samråd med Norsk språkråd tilsyn med at namneformene følgjer gjeldande rettskrivingsreglar.

I dette rundskrivet blir det gjeve eit oversyn over statsinstitusjonar som har ulike namneformer på bokmål og nynorsk, t.d. *Noregs landbrukshøgskole/Noregs landbrukshøgskole, Geilomo sykehus/Geilomo sjukehus*. Same prinsippet bør mest mogeleg gjelde for namn på kommunale og fylkeskommunale institusjonar, og for private institusjonar.

7.2 Nærare om namn på inndelingar

Mange av dei administrative einingane samfunnet er bygd opp av i dag, har opphav i eldre tid, medan andre er yngre. Til dei eldste høyrer

m.a. *fylke, herad* og *sokn*. Men dei områda desse nemningane har vore nytta om, har skift gjennom tidene. Ein kan skilje mellom administrative, militære, rettslege og kyrkjelege einingar.

Gammal og ny inndeling

Inndelingsstrukturen i landet vårt i dag byggjer såleis på einingar og nemningar som har oppstått gjennom eit langt tidsrom. Den stendig aukande organisasjonsgraden i samfunnet har ført til nye inndelingar og endringar av gamle og dermed til nye namn og nemningar.

Ved namnsetjing av inndelingar av ulike slag har det vore vanleg å bygge på hevdvunne namn, oftast bygdenamn, gardsnamn eller namn på andre velkjende lokalitetar. I tillegg til det eldre namnet blir det som regel lagt til eit forklarande tillegg som viser kva slags inndeling det er tale om, t.d. *Hordaland fylke, Lindås kommune, Bjørgvin bispedøme, Ullensvang prestegjeld, Kinsarvik sokn*. Som døme på rettslege inndelingar kan nemnast *Frostating lagdøme, Orkdal lagsokn, Nordland jordskiftedømme, Nord-Helgeland jordskiftesokn, Fredrikstad politidistrikt, Kråkerøy og Rolfsøy lensmannsdistrikt*.

Post- og teleområde

Postverket har oppretta 8 distrikt for heile landet. Berre det første, *Oslo postdistrikt*, har eit «normalt» namn - dei andre har nummer som første del av namnet, t.d. *4. postdistrikt* (Bergen). Kvart distrikt er oppdelt i fleire postområde med hovudpostkontor, t.d. *Voss postkontor*, som i sin tur femner om fleire lokale underpostkontor.

Televerket har delt landet inn i 5 distrikt (*Oslo, Øst, Vest, Trøndelag, Nord*) og 27 teleområde, t.d. *Stord teleområde* i *Vest teledistrikt* (område er her altså nytta om ei mindre eining enn distrikt). Tidlegare var det eit stort tal telefonsentralar rundt om i landet, men etter automatiseringa har dei aller fleste falle bort. Oppføringane i telefonkatalogen står no for det meste etter kommune.

Kystverket har delt landet inn i 5 distriktskontor og kalla dei *Kystverket 1. distrikt Arendal, Kystverket 2. distrikt Haugesund* osv. Tidlegare fanst det ei lang rekkje *losdistrikt* med særskilde namn.

For å lette oversynet over handelsverksemda i landet har Statistisk sentralbyrå delt landet inn i 5 handelsfelt som frå nord til sør er kalla *Nordre, Midtre, Vestre og Østre handelsfelt*. Vidare er t.d. *Midtre handelsfelt* delt i 4 *handelsområde* som deretter er delt inn i 21 *handelsdistrikt* med kvart sitt distriktsnummer. Som ein ser, har Statistisk sentralbyrå nytta *distrikt* for den minste inndelingseininga, medan Postverket og Televerket har nytta dette ordet om den største inndelingseininga. Her kunne ein ønskt ei samordning.

Ein ser at det for nyare distriktsinndelingar er ein tendens til å nytte konstruerte namn, t.d. med nummer eller retningsord. Det heng m.a. saman med at ein deler landet på andre måtar enn det som har vore gjort ved meir tradisjonelle inndelingar. Ofte er det tale om namn som stort sett blir nytta internt og lite av folk flest. På den andre sida er det ut frå tradisjonell namnelaging uheldig at den nye namnefloraen blir innarbeidd i strid med det som kjennest naturleg for folk flest.

Grunnkriansar

Den minste administrative eininga er *grunnkrinsane*. Til saman finst det ca. 13.000 grunnkrinsar i landet, og ein kommune kan ha frå ca. ti til fleire hundre. Dei grunnkrinsane som finst no, vart skipa i samband med folketeljinga i 1980. Til dels byggjer dei på gamle teljekrinsar, valkrinsar og skulekrinsar, til dels er dei ordna på grunnlag av nye delingar. Det er Statistisk sentralbyrå som har det administrative ansvaret for grunnkrinsane og for namnsetjinga av dei, men stort sett er framlegga frå kommunane følgde. Sjølv om namna byggjer på tradisjonell namnebruk, har eit stort tal «papirnamn» kome inn, særleg med bruk av retningsord og talord. T.d. vil grunnkrinsane *Sultindvik* og *Strømmen øst, Strømmen vest* i samsvar med den lokale namnebruken lyde *Sultindvika* og *Auststraumen, Veststraumen*. Statistisk sentralbyrå har òg funne det tenleg å slå fleire grunnkrinsar i ein kommune saman i delområde. Om tildeling av namn på grunn-

krinsar og delområde seier byrået (*Grunnkretser, tettsteder og menigheter. Dokumentasjon 1980. Rapporter 83/13. Statistisk sentralbyrå, s. 24*):

Grunnkretser som er identiske med folketellingskretser 1970 beholdt ofte navnet som ble brukt i 1970.

For nye grunnkretser og der navnet ble endret, ble navnet tildelt etter de samme prinsippene som ble brukt ved tildeling av navn til folketellingskretsene, dvs. at navnet ofte bestemmes ut fra et sentralt gardsnavn i kretsen eller et annet innarbeidd områdenavn.

Innen tettbebyggelsen var det ofte vanskelig å sette navn på alle grunnkretsene, og de ble da ofte identifisert med navn på delområdet de ligger i, pluss nummeret innen delområdet f. eks. Østsiden 2.

Som navn på delområde ble det valgt navn som var innarbeidd og oppfattet å dekke det området som delområdet dekket.

Byrået fulgte de forslag til navn på grunnkretser og delområder som ble foreslått fra kommunen, også når det gjaldt skrivemåten.

Navnene på grunnkretsene og delområdene ble lagt inn i et eget register, navnekatalogen. Dette registeret inneholder kommunenr., delområdenr. innen kommunen og navn på delområdet, og grunnkretsnr. innen kommunen og navn på grunnkretsen.

Kommuneendringar

Ved kommunesamanslåingane først på 1960-talet og seinare oppstod det i somme høve problem når det skulle fastsetjast namn på den nye storkommunen. Oftast vart namnet til den største tettstaden eller tidlegare mest folkerike kommunen teke, t.d. *Grimstad* for tidlegare

Grimstad, Fjære, Landvik. I andre høve vart eit tradisjonelt område-namn valt, t.d. *Ringerike* for tidlegare *Hønefoss, Norderhov, Ådalen* og *Tyrstrand*. Den nye storkommunen Ringerike fekk og lagt til seg Brekkebygda og Havikskogen i Krødsherad. I somme høve kom det til kompromissløyser, som dobbeltnamnet *Nore og Uvdal* og skriftmålsforma *Holtålen* for dei tidlegare kommunenamna *Haltdalen* og *Ålen*. Ei anna nyskaping var *Midtre Gauldal* for dei tidlegare kommunane *Budal, Singsås, Soknedal* og *Støren*, til dalførenamnet *Gauldalen*.

Slike endringar i det administrative landskapet kan ein vente fleire av, og då vil det også dukke opp namnespørsmål som ein må ta stilling til. I dei høva ein har tradisjonelle namn som dekkjer heilt eller stort sett det aktuelle området, vil det vere naturleg å nytte dei. I andre høve må ein velje mellom fleire namn, og då vil den folkerikaste delen gjerne stå sterkast. Men det bør ikkje vere automatisk slik - det bør nøye vurderast om eit av dei andre namna som går inn i samanslutninga har historisk tyngd til å bli hovudnamn. Konstruksjonar av det slaget som er nemnt ovanfor, bør ein unngå.

7.3 Namn på kyrkjer og kapell

Endring av soknenamn skal etter kyrkjelova vedtakast av Kongen etter at kommunen og kyrkjelege styresmakter har hatt høve til å uttale seg. Det vil i praksis seie at Kyrkjedepartementet fastset namn på kyrkjer, kapell og andre kyrkjelege anlegg etter at soknerådet/menighetsrådet, kommunen, bispedømerådet og stiftsdireksjonen (biskopen og fylkesmannen) har uttala seg.

Når det er aktuelt å endre eller setje nytt namn på ei kyrkje o.l., vender den lokale kyrkjelege instansen seg til Kyrkjekontoret i Kyrkjedepartementet, som ber namnekonsulenttenesta for området kome med ei førebels tilråding. Denne tilrådinga blir send til kommunen, soknerådet/menighetsrådet (gjennom kommunen), bispedømerådet og stiftsdireksjonen til høyring. Innan fastsett frist sender dei sine

fråsegner attende til namnekonsulenttenesta, som så utarbeider ei endeleg tilråding til departementet. På dette grunnlaget gjer så departementet sitt endelege vedtak.

Som regel har kyrkjene namn etter eldre eller noverande sokn. Det vil oftast seie tradisjonelle bygdenamn, som i sin tur ofte går tilbake på gamle gardsnamn. Den vanlegaste namnetypen er *Norderhov kirke*, *Rauland kyrkje*, *Tingnes kapell*. I daglegtale førekjem samansetningar som *Raulandskyrkja*. Ein del kyrkjer og kapell har namn etter heilagmenne eller andre kyrkjelege personlegdomar, t.d. *Mariakirken*, *Tomaskyrkja*, *Eysteinskyrkja*. Kyrkjelydshus/menighetshus har som regel namn etter kyrkja, t.d. *Markus menighetshus*.

Byutvikling og tettstadvokster har skapt trong for nye kyrkjer og kapell, og dei bør namngjevast etter staden eller området dei ligg i, i samsvar med tradisjonelle mønster for slike namn. Når særlege høve talar for det, kan dei gjevast andre namn.

Namn på bedehus og andre religiøse forsamlingshus som høyrer til frikyrkjelege rørsler, blir fastsette av eigarane eller dei som driv forsamlingshusa (jf. kap. 11.4).

7.4 Namn på postkontor

Postkontora har oftast «vanlege» stadnamn, som regel etter bygda eller bydelen dei ligg i. Dette bør vere hovudregelen. Men ein god del postkontor har fått heilt eller delvis nylaga namn som ikkje alltid er like vellukka ut frå lokal namnetradisjon. Såleis har *Austbygdi* i Tinn fått poststadnamnet *Tinn Austbygd*, og etter kvart har denne forma til dels blitt nytta om bygda og. Den nylaga forma *Masfjordnes* er fastsett som poststadnamn for *Sandnes* i Masfjorden. Her låg eit praktisk omsyn til grunn sidan Sandnes var nytta som namn på ein annan og svært kjend poststad. I nokre høve har namnet på postkontoret blitt til ved at eit nylaga sisteledd som *-grend* er sett til, t.d. *Straumsgrend*.

Slike nylagingar kan altså vere nødvendige for å unngå mistydingar, men så langt som råd bør ein byggje på nedarva namnebruk. I fleire høve har ein unngått faren for samanblanding ved å setje til eit preposisjonsuttrykk, t.d. *Bø i Telemark* ved sida av *Bø i Vesterålen*, *Vik i Sogn* ved sida av *Vik i Helgeland* - i det siste høvet burde «på Helgeland» vore nytta. Etter at ordninga med postnummer vart innført, er faren for mistyding blitt langt mindre.

Samansetjingsmåte og artikkelbruk bør òg vere i samsvar med lokal namnetradisjon. Poststadnamn som *Segalstad bru* og *Briksdalsbre* burde såleis lyde *Segalstadbrua* og *Briksdalsbreen*, med samanskriving og bunden artikkel.

7.5 Namn på stoppestader

Dei fleste namna på flyplassar, jernbanestasjonar, trikkehaldeplassar og buss- og båtstoppestader byggjer på bygdenamn, bynamn, gardsnamn eller andre lokale stadnamn og skal som hovudregel skrivast som desse så sant skrivemåten er i samsvar med gjeldande reglar, t.d. *Kjevik*, *Gjerstad*, *Voksenkollen*, *Fauske*, *Gamvik*. I ein vanleg språksituasjon er det nok å nytte stadnamnet åleine, men i meir formelle samanhengar kan nemningar som *flyhavn/flyhamn-2*, *stasjon*, *stoppestad/stoppested* bli lagde til for å gjere namnebruken tydelegare. Det offisielle namnet på hovudjernbanestasjonen i Oslo er *Oslo Sentralstasjon*, i daglegtale ofte berre *Oslo S*. Den nye hovudflyplassen skal heite *Oslo lufthavn Gardermoen*, men venteleg vil *Gardermoen* åleine bli nytta som daglegnamn blant nordmenn.

Namn på stoppestader blir fastsette av den forvaltningsgreina som har ansvaret for det aktuelle anlegget, dvs. Luftfartsverket for flyplassar, NSB for jernbanestasjonar, Statens vegvesen ved fylkesvegkontora for stoppestader langs riks- og fylkesvegar og kommunane for kommunale stoppestader. Same reglane gjeld for namn på båt- og ferjekaiar.

Offentlege trafikkelskap og trafikkelskap som tek mot offentlig støtte, skal nytte offisiell skrivemåte av stadnamn i rutehefte og annan trafikkinformasjon. Private turoperatørar bør og lengst mogeleg følgje offisiell skrivemåte.

Namna bør veljast i samråd med dei aktuelle kommunane og trafikkelskapa, og eventuelle nye vedtak om skrivemåten skal gjerast i samsvar med stadnamnlova, som føreset m.a. konsulenttilråding og lokal høyring. Som nemnt vil det oftast vere ein vedteken eller godkjend skrivemåte av det aktuelle namnet som er brukt i andre samanhengar, og då skal denne skrivemåten nyttast på stoppestaden òg. Er ein i tvil om kva som er rett skrivemåte, kan ein kontakte namnekonsulenttenesta for regionen, eventuelt reise namnesak på dei namna det gjeld.

I somme høve har trafikkelskapa fastsett namn på stoppestader i strid med reglane. Såleis har Stor-Oslo lokaltrafikk nytta det nyare namnet *Olavsgaard* som namn på ein stoppestad i Skedsmo etter ei lokal verksemd der medan det eldre namnet på staden er *Hvam*. I dette tilfellet vart spørsmålet teke opp på lokalt hald, og det vart reist namnesak på det. Sidan det er tale om ein stoppestad ved ein statleg veg, er det Fylkesvegkontoret i Akershus som har ansvar for val av namn og fastsetjing av skrivemåten.

7.6 Namn på veganlegg

Tidlegare i handboka og særleg i Del 1 er det gjort greie for namnsetjing av vegar og gater i samband med adressetildelinga i kommunen. Her skal vi ta opp namnsetjing og nemningsbruk av statlege veganlegg som det er aktuelt å gje namn. Dei døma som er omtala her, vil og ha interesse for namnsetjing av anlegg der fylket, kommunen eller private står bak. Namn på riks- og fylkesveganlegg blir fastsette av Statens vegvesen ved dei einskilde fylkesvegkontora.

Vegnummer og vegnamn

Det offentlege vegnettet er bygd opp av kommunale vegar, fylkesvegar, riksvegar, stamvegar og europavegar. Dei tre siste kategoriane går inn i eit internasjonalt system, og frå 1992 er det innført nummerendingar på ei rekkje av dei. Europavegar er merkte med *E* pluss vegnummer i kvit skrift på grønt skilt, stamvegar med vegnummer på grønt skilt, og riksvegar med veg nummer i svart på kvitt skilt.

Eit slikt nummersystem er rasjonelt med tanke på å halde god oversikt over vegnettet. For å identifisere vegen eller vegstykket nærare er det vanleg å nytte eit kjent stadnamn i tillegg, som regel eit preposisjonsuttrykk, t.d. *Europaveg 6 over Saltfjellet, Riksveg 7 over Hardangervidda, Riksveg 7 gjennom Måbødalen, Riksveg 890 over Kongsfjordfjellet*. Den aktuelle strekninga kan avgrensast meir nøyaktig ved uttrykk som *Riksveg 7 mellom Geilo og Ustaoset*. Dersom ein ikkje nyttar veg nummer, er fast samansetjing vanleg, t.d. *Saltfjellvegen, Hardangerviddevegen*.

Lokale strekningar av det offentlege vegnettet har ofte lokale namn, og same vegen kan ha ulike namn på ulike strekningar, som regel etter eit senter eller ein annan kjend lokalitet i nærleiken, t.d. *Raveien* over Raet i Vestfold, *Drammensveien* frå Oslo mot Drammen. Ofte går namna på slike lokale vegstykke inn i det kommunale adressesystemet.

Tradisjons- eller turistnamn

Saltfjellvegen og *Hardangerviddevegen* er laga i samsvar med tradisjonell namnelaging, på linje med *Sjøvegen, Vikavegen, Almannavegen, Kongsvegen, Kyrkjevegen, Vintervegen, Storvegen, Nordmannsslepa, Nordgutua, Dalmannagota, Stjørdalsleia*. Mange slike lokale vegstykke er blitt velkjende i samband med turismen, t.d. dei tidlegare *Lærdalsgaldane* og *Stalheimskleivi*. Vegstykke kan og ofte ha namn utan vegindikerande ord, t.d. *Seljestadjuvet, Måbødalen*. Eit visst preg av turisme har *Jotunheimvegen, Ørnestigen* og *Trollstigen*, men dette er og namn som fell godt inn i tradisjonelle namnemønster. Meir typiske «turistnamn» er *Panoramavegen* og *Peer Gynt-vegen*.

Vegdirektoratet gjev med visse mellomrom ut publikasjonen *Vegnett* med oversyn over riksvegar og fylkesvegar. Her finst namn på fleire tusen veglengder og vegpunkt, men ikkje alle er skrivne etter gjeldande reglar. Ikkje sjeldan møter ein konstruerte namneformer som lokalfolk har reagert på, t.d. har *Muggerud veg* blitt nytta på skilt i Lesja om det som tradisjonelt har vore kalla *Svånådsvegen*.

Tunnelnamn

Mange av dei kjende «gysarane» av norske vegstykke er etter kvart lagde i fjell, såleis Seljestadjuvet og Stalheimskleivi, som no er kalla *Seljestadtunnelen* og *Stalheimstunnelen*. Desse namna er i samsvar med tradisjonell norsk namnelaging med samanskiving som dei fleste tunnelnamna. Men det finst mange døme på den meir skriftprega namnetypen som *Skrøyvstad tunnel* (Nord-Trøndelag) med særskiving og ubunden form av sisteleddet. Det vanlege mønsteret er samanskiving og bunden form av sisteleddet som i døma ovanfor. Førsteleddet i namnet viser som regel til den lokaliteten tunnelen går gjennom eller i nærleiken av, t.d. *Slottsfjelltunnelen* i Tønsberg og *Kvinesheitunnelen*. Ofte får tunnelen namn etter den næraste kjende staden og er då å oppfatte som eit retningsnamn, t.d. *Vardøtunnelen*. Denne tunnelen går under Bussesundet og kunne såleis gjerne vore kalla *Bussesundtunnelen*. Så langt det ikkje er gode grunnar mot, bør ein knyte namnet til den lokaliteten tunnelen går gjennom. Sjølv om namnet ikkje er så kjent frå før, vil det snart bli innarbeidd. Ein del av tunnelnamna har fått feil form i samansetjinga, såleis *Arnaniapatunnelen* for *Arnaniapatunnelen*, *Torgilsholettunnelen* for *Torgilsholtunnelen*, båe i Hordaland. Det tidlegare *Bekkestua tunnelen* i Bærum er no retta til *Bekkestutunnelen*.

Stadnamnet brukt utan endring

Det kan innvendast mot tunnelnamn med eit fleirstava stadnamn i førsteleddet og *-tunnelen* som sisteledd at dei er lange og kan vere tunge å lese i for bifarten. Eit slikt problem var oppe då tunnelen gjennom *Damsgårdsfjellet* i Bergen skulle få namn. Her valde ein å forkorte *Damsgårdsfjelltunnelen* til *Damsgårdstunnelen*.


Til ein viss grad kan ein løyse problemet med lange namn på skilt ved å skrive dei på to linjer med bindestrek mellom. Ei anna og ofte vel så god løysing er å nytte det eksisterande stadnamnet direkte på tunnelen utan tillegget *-tunnelen*, slik som det kjende *Gravhalsen* på Bergensbanen. To tunnelar i Eidfjord er t.d. skilta med dei eksisterande stadnamna *Furlo* og *Kyskred*. Noka mistyding om kva desse namna viser til, vil knapt førekome i den samanhengen dei er nytta. Det å overføre eit eldre stadnamn i uendra form på eit nytt namneobjekt, er eit vanleg namngjevingsprinsipp og bør i større grad kunne nyttast på veganlegg og andre menneskeskapte anlegg.

Brunamn

Tunneldriving høyrer først og fremst vår tid til, medan *bruer* er noko menneska har bygd til alle tider. Vanlegvis har bruer namn etter vassfaret dei går over, t.d. *Kinsebrui* over Kinso, *Mjøsbrua* over *Mjøsa*; etter staden dei fører til eller frå, t.d. *Tveitan bru*; etter særmerke ved sjølve brua, t.d. *Langbrua*, *Steinbrua*; etter kvar brua ligg, t.d. *Hovdebrua* (ved *Hovden*), *Øvrebrua*; etter føremålet med brua, t.d. *Gangbrua*; etter brukarane av brua, t.d. *Nordmannsbrua*; etter retning, t.d. *Bybrua* (ligg på *Byvegen*). For mindre bruer er ordet *klopp* stundom nytta, t.d. i *Slettekloppa*. Vidare førekjem *kavle* 'stokkebru i vått lende' i namn. Eit nyare innført ord finst i m.a. *Holte viadukt* i Nord-Trøndelag.

Bruer fungerer ofte som knutepunkt, og ei rekkje opphavlege brunamn har fått funksjon av gards- og tettstadnamn, t.d. *Bøverbru*, *Sundebru*, *Tana bru*.

Dei tre siste døma burde etter tradisjonell namnelaging lyde *Bøverbrua*, *Sundebrua*, *Tanabrua*. Norsk språkråd har uttala seg om denne namnetypen i samband med m.a. brua over Skjomen i Nordland og kome til at ein i staden for *Skjomen bru* som vegkontoret hadde gått inn for, burde nytte *Skjombrua*, etter mønster av eldre stadnamn som *Skjomkjeften*. Sameleis burde brua over Rombaken heite *Rombaksbrua* og ikkje *Rombaken bru*. Dei alternative formene *Skjomenbrua*, *Rombakenbrua* med bunden form av førsteleddet burde etter Norsk språkråd heller ikkje nyttast.



Til vanleg let det seg gjere å finne høvelege namn både på bruer og tunnelar. Stundom kan det vere aktuelt å nytte same namnet to stader, t.d. *Stokksundbrua* i Møre og Romsdal. Slike namnekollisjonar bør ein prøve å unngå, særleg innanfor same fylket. I det ovannemnde dømet viste det seg at det likevel passa betre å nytte *Leirviksundbrua*. Eit alternativ her kunne ha vore *Leirvikbrua*.

I staden for å nytte samansetjing med *-bru(a)* kan ein også som ved tunnelnamn vurdere å nytte det lokale stadnamnet utan noko tillegg, t.d. *Stokksundet* dersom det kjennest naturleg ut frå den lokale namneskikken.

Etter kvart er det blitt vanleg å skilte tunnelar og bruer. I større grad enn tilfellet er, burde det og setjast opp skilt ved vasslaup og særmerkte naturformasjonar langs hovudvegane - i den grad økonomien tillet det. Her kan ein vise til at det i mange europeiske land er vanleg å setje opp skilt med namnet på det vassfaret ein køyrer over. Slike skilt ville hjelpe til med å gjere dei lokale stadnamna meir kjende - samstundes som trafikantane lettare kunne orientere seg.


Vegprosjektnamn

I samband med større prosjekt blir «planleggjarnamn» som *Stamlina Aust-Vest*, *Grunnlinjen*, *Vannlinjen*, *Fjellinjen* nytta i planlegginga og

til dels innarbeidde i vanleg språkbruk før anlegga eventuelt er ferdige. I seinare tid har vi fått fastlandssambanda *Krifast* til Kristiansund (opna 1991) og *Rennfast* frå Stavanger til Rennesøy (opna 1992).

Slike kortnamn viser seg ofte å vere funksjonelle, men somme av dei bryt med den nedarva namnetradisjonen. Difor bør ein tidleg i planleggingsfasen ta stilling til kva namn anlegget bør ha og då leggje vekt på tradisjonelle og naturlege namn. Namneplanlegging bør med andre ord kome inn samstundes som den tekniske planlegginga tek til.

7.7 Namn på kraftverk



I samband med vassdragsutbygginga er det bygd mange tunnelar, men dei har til vanleg ikkje fått offisielle namn. T.d. vil ein tunnel i samband med Tokke-utbygginga bli omtala som «drifts-tunnelen til Songa kraftverk» (i daglegtale gjerne *Songetunnelen* om dette er eintydig nok). Sjølv kraftverka og damanlegga har derimot offisielle namn, t.d. *Songa kraftverk* og *Songedammen*. Kraftverka har vanlegvis namn etter vassdraga dei ligg ved, som *Songa* i dette tilfellet. Dette kraftverket er berre eitt av fleire under *Tokke-verkene*. *Rana-*

verkene har desse kraftverka (1984): *Nedre Røssåga, Øvre Røssåga, Langvatn kraftverk, Reinfossen kraftverk, Bjerka kraftverk, Rana kraftverk*.

Medan *Rana-verkene* og *Tokke-verkene* er døme på tradisjonell norsk namnelaging (burde skrivast i eitt ord og med bunden artikkel -a i inkjekjønn fleirtal i samsvar med målføregrunnlaget), representerer typen *Reinfossen kraftverk* ein skriftprega namnetype (jf. det som er sagt ovanfor om brunamn og institusjonsnamn). Alternative namneformer kunne vere *Reinfoss(kraft)verket* eller med preposisjonsuttrykk *Kraftverket ved Reinfossen*. Endeleg kan ein som ved tunnelnamn og brunamn nytte det lokale stadnamnet direkte som namn på anlegget, t.d. *Reinfossen*. Når namnet blir innarbeidd og nytta i ein viss samanheng, er det sjeldan fare for mistyding.

Kraftprosjektnamn

Også i samband med kraftutbygging og andre store inngrep i naturen har det lett for å oppstå prosjektnamn utan bakgrunn i den lokale namnetradisjonen. Under planlegginga og gjennomføringa av Eidfjordutbygginga oppstod det fleire namn av denne typen. Hovudområdet for den planlagde reguleringa vart omtala som *Eidfjord nord* og *Eidfjord sør*, medan det etter den lokale namnebruken ville vore meir naturleg å snakke om *På nordet* eller *Nord-Eidfjord* og *på søret* eller *Sør-Eidfjord*. Eventuelt kunne ein nytte nylaga områdenamn som *Jøklafjellet* (området kring Hardangerjøkulen) og *Stølsfjellet* (den delen av fjellet der dei fleste stølane ligg). Ofte skjer det ei stegvis utbygging, og då kan det vere praktisk å bruke prosjektnamn av typen *Svartisen I* og *Svartisen II* som høyrer til *Svartisen-anleggene* (burde ha vore *Svartisanleggene/-anlegga*). Dei ulike delane av desse anlegga bør derimot få tradisjonelle stadnamn som *Holmvassdammen*, *Storglomvassdammen*.

Nylagingar som *Sy-Sima* (etter Sysenvatnet og Simadalselvi) og *LangSima* (førsteleddet etter *Langvatnet*), bae nytta om dei to oppsamlingssystema for *Sima kraftverk*, er rasjonelle namnelagingar som fungerer godt i praksis. Det same kan seiast om *Jukla kraftverk* ved *Juklavatnet* i Kvinnherad.

Men ut frå tradisjonsprinsippet synest det uheldig å ta ut førsteleddet i ei fast samansetjing og nytte det i ei laus samansetjing som i desse tilfella. Sjølv om samansetjingar med heile stadnamnet som *Simadalen kraftverk* og *Juklavatnet kraftverk*, eventuelt *Simadalskraftverket* og *Juklavasskraftverket* er tyngre, er dei meir i samsvar med namnetradisjonen. Ein bør i det heile vere varsam med tilfeldige kombinasjonar av ledd i eksisterande namn, jf. det som er sagt om *Holtålen* i kap. 7.2.

Når ei vassdragsregulering femner om to større vassdrag samstundes, kan det vere aktuelt å nytte namna på bae, t.d. *Sira-Kvina-anlegga*, *Ulla-Førre-anlegga*. Både praktiske og prestisjemessige omsyn kan ligge bak slike namneval. Men sidan det her er tale om to likestilte namneledd, kunne ein nytte bindeordet *og*, altså *Ulla- og Førreanlegga*, eventuelt preposisjonsuttrykk som *Anlegga ved Ulla og Førre*.

Statkraft er namnet på eit frittstående selskap av statlege vasskraftprodusentar, underlagt Noregs vassdrags- og elektrisitetsvesen (NVE). Frå 1992 er Statkraft organisert i dei fire regionane *Nord-Noreg*, *Midt-Noreg*, *Vest-Noreg* og *Aust-Noreg* med kvar sine administrasjonssenter. I tillegg til dei statlege kraftverka finst det fylkeskommunale, kommunale og private kraftverk. Oftast har desse namn etter eit vassdraget eller staden dei ligg ved.

Til no har det ikkje vore laga noko samla oversyn over namn på norske kraftverk, men ei slik liste er planlagd. Dei aller fleste energilaga, til saman om lag 250, er samla i *Medlemsliste for Norges energiverkforbund*. Blant namna her finn ein *Asker Elverk*, *Austevoll kraftlag*, *Bergenshalvøens kommunale kraftselskap*, *Oslo energi*.

7.8 Namn på oljefelt



Bakgrunn

Ei gruppe stadnamn som i særleg grad har stått i brennpunktet sidan midt på 1960-talet, er namna på olje- og gassfelta på den norske kontinentalsokkelen. I større grad enn ved andre nye stadnamn viser desse avvik i høve til tradisjonell norsk namnelaging. Ei viktig årsak kan vere at det er tale om ein ny type namneobjekt som ein også gjennom namnsetjing har vilja markere på ein særskild måte. Eit anna forhold som har spela inn, er at namna skal vere lette å bruke på andre språk enn norsk - her er det særleg tenkt på engelsk. Heilt sidan starten av oljeverksemda på den norske sokkelen har engelsk språk stått sentralt i oljeterminologien og verka i alle fall i byrjinga inn på val av namn og skrivemåte. Det at fleire norske oljefelt i Nordsjøen grensar inn til engelsk sektor, har styrkt kontakten med engelsk. I reglane for namnsetjinga av petroleumsførekomstar heiter det at namna «bør være enkle å uttale på flere språk». Dessutan blir det lagt vekt på beredskapen når nye namn blir gjevne. Namna må ikkje kunne forvekslast med namn på andre felt, fartøy eller stader.

Våren 1993 var 69 godkjende feltnamn i bruk på norsk sokkel.

Motivgrupper

Fleire av dei tidlegaste oljefeltnamna var reint engelske, såleis *Cod* og *Bream*. Til den første fasen høyrer og nylagingar utan sjølvstendig leksikalsk tyding som *Ekofisk*, *Eldfisk*. Etter kvart er namn frå fleire ulike tydingsområde (motivkrinsar) dregne inn. Det gjeld m.a. norrøn mytologi, vikingtid og mellomalder, eventyrverda, edelsteinar, fiskeslag og sjøfuglar. Som avgrensingsnamn innan eit større felt kan retningsord eller namnet på greske bokstavar vere nytta, t.d. *Tyrihans Nord*, *Tommeliten Gamma*. Nokre få eksisterande eller nylaga stadnamn etter tradisjonelt mønster er og tekne i bruk, som *Ula* og *Statfjord*.

Dei ulike operatørselskapa har gått inn for å halde seg til visse namnegrupper på sine respektive blokker. Statoil ønskjer hovudsakleg å nytte namn frå eventyrverda. Eventyralderen vart innleidd på Tromsøflaket i 1980, og det låg då nær å nytte eit namn som *Askeladd*. I grunngevinga for namnet heitte det at «Statoil kom til Nord-Norge, startet opp letevirksomheten og fant». Saga Petroleum vil ha namn frå norrøn mytologi og frå vikingtid. Norsk Hydro ønskjer sameleis som Saga namn frå norrøn mytologi og vikingtid på felt i Nordsjøen, men norske sjøfuglnamn på felta utanfor Nord-Noreg.

1. Engelske fiskenamn: *Cod* 'torsk', *Bream* 'brasme' (ikkje nytta i seinare tid)
2. Konstruerte namn utan sjølvstendig leksikalsk tyding: *Ekofisk*, *Eldfisk* (ikkje nytta i seinare tid)
3. Fiskenamn: *Albuskjell*, *Brisling*, *Flyndre*
4. Fuglenamn: *Albatross*
5. Mytologiske namn: *Balder*, *Brage*, *Frigg*, *Heidrun*, *Heimdall*, *Hugin*, *Munin*, *Midgard*, *Odin*, *Sleipner*, *Tor*, *Valhall*
6. Namn frå vikingtid eller mellomalder: *Edda*, *Oseberg*
7. Eventyrnamn: *Askeladden*, *Draugen*, *Gullfaks*, *Huldra*, *Smørbukk*, *Troll*, *Tyrihans*
8. Edelsteinnamn: *Agat*

9. Nylaga namn etter tradisjonelt mønster: *Statfjord*

10. Tradisjonelle (lokale eller innlånte) stadnamn: *Ula*

Etter kvart som det kjem i gang utvinning på nye oljefelt, er det trong for fleire namn. Desse namna er førehandsgodkjende av Norsk språkråd:

Frå eventyrverda:

Bamse	Rise
Heks	Soria Moria
Jotun	Valemon
Mikkel	Varg



Sjøfuglar:

Alke	Skarv
Havsule	Svartbak
Hegre	Teiste
Lomvi	Terne

Frå norrøn mytologi:

Alvheim	Grane	Trymheim
Breidablikk	Hyme	Utgard
Folkvang	Iving	Vanaheim
Gimle	Njord	Vide
Glitne	Trudvang	

Andre motivkrinsar:

Bruse	Fram	Ramn
Falk	Nordhav	Rollaug
Flaks	Nordlys	Stjerne

Retningslinjer for namn på oljefelt

Olje- og energidepartementet har fastsett følgjande retningslinjer for namnsetjing av petroleumsførekomstar på den norske kontinentalsokkelen (2. mars 1984):

1. På vegne av rettighetshaverne søker operatøren Oljedirektoratet samtykke til å bruke et framsatt navneforslag på funn av petroleumsførekomstar på norsk kontinentalsokkel.
2. Navn skal ikke benyttes på funn som det ikke er en viss sannsynlighet for vil bli utbygget.
3. Navnet bør velges fra en av Norsk språkråd forhåndsgodkjent liste. I særlige tilfeller kan Oljedirektoratet godkjenne annet navneforslag fra rettighetshaverne.
4. Navnene bør ikke kunne forveksles med andre feltnavn på sokkelen eller stedsnavn forøvrig. De bør være enkle å uttale på flere språk.
5. Olje- og energidepartementet er klageinstans.
6. Disse retningslinjer erstatter «retningslinjer for navngiving på Olje- og gassfelt i Nordsjøen» av 27. februar 1978.

Departementet vil særlig gjøre oppmerksom på at de nye retningslinjene overlater til Oljedirektoratet ansvaret for å godkjenne navn på petroleumsførekomstar.

I de nye retningslinjer er det ikke fastsatt at egne navneserier skal benyttes innenfor begrensede geografiske områder. Departementet vil likevel be om at Oljedirektoratet tilstreber å gjennomføre en ordning hvor navn på petroleumsfelt har en tilknytning til det geografiske området hvor feltet ligger. Selv innenfor en slik ordning vil det være mulig for olje-selskapene å velje navn som også kan identifiseres med de enkelte selskaper.

Merknader frå Norsk språkråd

I januar 1978 uttala Språkrådet seg om namn på olje- og gassfelt i Nordsjøen etter førespurnad frå Olje- og energidepartementet. Språkrådet la særleg vekt på at namna burde vere i samsvar med norsk språkssystem i rettskriving og uttale. Dette måtte òg gjelde samansetjing og bruk av bunden artikkel, t.d. *Nansenfeltet* og ikkje *Fridtjov Nansen felt* om det skulle vere aktuelt namn. Opphavleg var Språkrådet mest stemt for å nytte sisteleddet -feltet, t.d. *Trollfeltet*, men har seinare godteke usamansette former som *Troll*. I praktisk språkbruk førekjem baa typane.

Oljedirektoratet har ikkje alltid følgt tilrådingane frå Språkrådet. Hausten 1984 hadde rådet fleire namn til vurdering og kom til at *Snehvit/Snøhvit* ikkje burde nyttast for di det ville valde vanskar for andre språk. Seinare er *Snøhvit* likevel teke i bruk. Språkrådet hadde og innvendingar mot *Albatross*, som ikkje var nokon norsk fugl, og mot *Snorre*, som var eit islandsk namn. Oljedirektoratet har likevel godkjent desse namna òg.

Statoil fekk i 1974 gjennomslag for namnet *Statfjord* nordvest for Bergen, men då selskapet ønskte fleire namn på *Stat-*, m.a. *Statvik*, vart det avsege av Olje- og energidepartementet etter at både Språkrådet og Oljedirektoratet hadde gått mot fleire namn av denne typen. Dei meinte det kunne føre til forvirring.

Namn som er laga av appellativ, skal vanlegvis ha bunden form, t.d. *Draugen* og *Huldra*. Når det gjeld *Askeladd*, vart namnet først nytta i bunden form (*Askeladden*) i samsvar med vanleg norsk språkbruk, men Energidepartementet gjekk inn for *Askeladd* i ubunden form. Som det går fram av lista ovanfor, er det dei ubundne formene som dominerer. Blant unntaka er *Huldra* og *Draugen*. Her kan ein rekne med at omsynet til engelsk har hatt litt å seie. Sidan engelsk har førestilt bunden artikkel, får ikkje namnet noka ending i bunden form slik som på norsk, jf. *The Sognefjord* for norsk *Sognefjorden*.

Ofte er det tale om samansetjingar med *-feltet*, *-området* o.l., og då bør ein nytte den samansetjingsmåten som er i samsvar med tradi-

sjonell norsk språkbruk, t.d. *Draugfeltet* og ikkje *Draugenfeltet*. Ved mange fleirledda samansetjingar skal det vere s-innskot, t.d. *Heimdalsfeltet*, men her førekjem ofte s-lause former som *Heimdalfeltet*.

Teknisk terminologi

Ved sida av den meir generelle nemninga *område* (t.d. leiteområde, havområde) er både *blokk*, *struktur* og *felt* nytta i samband med oljeverksemda. Heile kontinentalsokkelen er delt i nærast rektangulære blokker (12 blokker innanfor kvar lengde- og breiddegrad). Blokkene er nummererte etter eit fast system (eitt system for Nordsjøen og eit anna for områda nord for den 62. breiddegraden). Blokkene blir gjerne omtala med referanse til meir kjende stadnamn, t.d. «Blokk 34/10 vest for Bergen».

I samsvar med Stortinget sine føresetnader blir det med visse mellomrom lyst ut ledige blokker, og operatørselskap som får tildelt konsesjonar, set så i gang med leiteboring og eventuell produksjon. I ei blokk kan det vere fleire olje- eller gassførande strukturar, og etter kvart som det blir gjort drivverdige funn, kan selskapet gje strukturane eit førebels namn med greske bokstavar (skrivne fullt ut), t.d. *Alfa (Alpha)*, *Beta*, *Gamma*, *Delta* osv. Strukturar som det er aktuelt å byggje ut, blir gjerne omtala som *felt*. Operatøren skal så søkje om å nytte eit meir «naturleg» namn på feltet i samsvar med gjeldande retningslinjer. På *Blokk 34/10* er t.d. dei to strukturane *Delta* og *Alfa* under utbygging, og dei har fått feltnamna *Gullfaks* og *Gullfaks Sør*. Særleg når same operatøren byggjer ut to felt nær kvarandre, er det vanleg å nytte ei retningsnemning som tillegg til eit primærnamn, jf. *Vest Ekofisk*, *Nordøst Frigg*, *Øst Frigg*, *Gullfaks Vest*.

Oljedirektoratet skil mellom *funn* og *felt*. I NPD-Contribution no 31 (1991) er det gjeve eit oversyn over *Oljedirektoratets Ressursklassifiseringssystem*, og om namnsetjing av *FUNN* og *FELT* blir det sagt følgjande:

For å kunne få betegnelsen funn, må funnbrønnen være testet med positivt resultat. Dersom en brønn tester flere petroleumsforekomster (jmf petr. lovens defini-

sjon), skal dette benevnes som flere funn. For nye funn angis funnbrønn-navn pluss et navn som operatøren sjølv velger. Det kan være hensiktsmessig at operatøren velger samme navn som prospektnavnet, betegnelsen. Det kan også være hensiktsmessig å bruke geologisk alder på funnet som navn i denne fasen.

For dagens funn vil en fortsatt bruke funn-brønn-navnet ev pluss et uoffisielt eller godkjent navn. Eks: 9/2-1 Gamma, 241-1 Jura, 15/5-1 Dagny

Funnet (eller flere funn) blir angitt som felt når drivverdigheitsrapporten blir fremsatt av operatøren. Det skal da umiddelbart søkes godkjenning for navnet. Det kan imidlertid søkes om godkjenning av navn tidligere dersom funnet er godt avgrenset. Seneste tidspunkt for søknad om feltnavn er dermed umiddelbart etter at feltet er erklært drivverdig.

Et felt kan inneholde flere petroleumsføremønstre evt reservoarer. Disse skal spesifiseres ifm godkjenning av navnet.
Eks: Loke

Produksjonsplattformer og andre faste installasjonar får ofte namn etter feltet dei ligg på, t.d. *Statfjord A*, *Statfjord B*. Ei slik namnsetjing reduserer risikoen for mistyding.

Nye namn med bakgrunn i lokale tilhøve

Dei nye stadnamna utanskjers har vist seg å fungere godt og representerer eit viktig tilskot til vår nyare namneflora. Ein kan likevel innvende at dei fleste bryt med hevdvunnen namneskikk i kystmiljøet, og ein burde vurdere å nytte vanlege stadnamn i større grad slik at ein ikkje får ein framtidig namneskog på sokkelen på tvers av tradisjonelle namnemønster.


Som referert ovanfor, har Energidepartementet understreka at namn på oljefelt bør ha lokal tilknytning. Det gjeld både bruken av terrengbeskrivande sisteledd og dei tydingskrinsane namna er henta frå. Dersom ein dreg inn tradisjonelt namnemateriale og ordtilfang frå kystmiljøa og dei nære havområda, vil ein finne mange namn og terrengnemne som kunne vere aktuelle i namnsetjinga, t.d. *bakke* m., *berg* n., *botn* m., *brot* n., *bug* m. 'rund vik' *bukt* f., *båe* m. 'undervassskjer', *djup* n., *fall* n., *flag/flak* n. 'grunn og relativt flat havbotn nær land', *fles* f. 'flatt skjær', *flu* f. 'flatt skjær', *fjord* m., *grunne* m., *grande* m. 'grusbanke', *hav* n., *hole* f., *renne* f., *reine* f. 'kant', *sand* m., *skjer/skjær* n., *skolt* m. 'flatt undervassskjer', *ur(d)* f., *vik* f.

For vêr- og straumforhold kunne ein vurdere desse orda: *brim* n. 'brenning', *brot(t)* n. 'brenning', *gjøt* f. 'understraum', *gule* f. 'havvind', *skavl* m. 'brottsjø', *straum* m., *vind* m., *skodde* f., *tåke* f. Vidare kunne ein dra inn namn på fuglar som finst langs kysten, og som førekjem som førsteledd i tradisjonelle stadnamn, t.d. *and* f., *alke* f., *geirfugl* m., *lunde* m., *skarv* m., *teist* m., *terne* f. (ord som *måse/måke* m. og *havørn* f. er mindre tenlege av di dei inneheld bokstavar som ikkje er nytta i ikkje-skandinaviske språk). Sameleis kan ein rekne opp dyre-, fiske- og sjøplantenamn som kunne vere aktuelle.

Døme på slike nye namn kunne vere *Langbakken*, *Straumura*, *Kvalbrotet*, *Kvalrenna*, *Brimgranden*, *Djupgrunna*. For å spegle av dagens aktivitet kunne ein nytte namn som *Oljerenna*, *Riggdjupet*. Med utgangspunkt i eksisterande namn som *Haltenbanken* kunne ein lage namn som *Haltendjupet*, *Haltensanden* eller *Vesthalten*, *Djuphalten*. Ofte finst det lokale namn i tillegg til dei meir kjende fiskebanknamna.

Større vekt på tradisjonell namnelaging

For å kome i møte ønsket om ein meir tradisjonell namnebruk på oljefelta, kunne pkt. 3 i reglane ovanfor få dette tillegget:



- a. Norske olje- og gassfelt skal ha norske namn så langt råd er og byggje på tradisjonell namnelaging i landsdelen.
- b. Dersom feltet ligg på ein stad som har namn frå før, kan dette namnet nyttast anten direkte eller med tillegg av eit anna ord. Innan eit avgrensa område bør ein ikkje nytte same namnelekkjen meir enn 3 gonger.
- c. Når ein lagar nye namn, kan ein nytte ord som karakteriserer forholda på staden, som botntilhøve, geologiske strukturar, straum, fisk, planter.

7.9 Namnsetjing i kystfarvatna

Langs kysten er det ei mengd fyr, lykter og andre navigasjonsobjekt (navigasjonsmerke) som oftast har namn etter staden dei står på. Desse namna er oppførte i publikasjonen *Norsk fyrliste* (ca. 5000 oppslag), utgjeven med visse mellomrom av Kystdirektoratet, som er hovudadministrasjonen for Kystverket. Namna på navigasjonsobjekta er òg innarbeidde i *Den norske los*, som Noregs sjøkartverk står for, og finst elles på sjøkart og til dels på landkart, stundom i avvikande skriftformer. Kystdirektoratet og Kystverket sitt namneansvar er avgrensa til namn på fyrlykter og sjømerke.

Ein del av namna på navigasjonsobjekta er innarbeidde i ein eldre skrivemåte som er ulik den ein finn på nyare kart, t.d. *Stokholmen* for *Stokkholmen*. Kystverket har til no retta opp slike namn etter skrivemåten på nytgjevne sjøkart, men dermed er det blitt eit etterslep i Norsk fyrliste til ny utgåve blir trykt.

Etter at stadnamnlova tok til å verke, blir namna på navigasjonsobjekt retta i samsvar med namnevedtak på det aktuelle sjøkartet. Unntak er når det vedtekne namnet er så ulikt den gamle skrivemåten at det er fare for tryggleiken. I ein overgangsfase kan det vere aktuelt å føre opp den gamle namneforma i parentes ved sida av den nye.

Fiskebankar

Dei fleste fiskebankane har tradisjonelle namn som er kjende og nytta i lang tid, t.d. *Haltenbanken*, *Storegga*. Eit døme på nyare, situasjonsbunden namngjeving av eit fiskefarvatn er *Smuttholet*, der det i 1993 vart drive ulovleg fiske. I seinare år har det førekome enkelte inngrep i den tradisjonelle namnebruken i vërmeldingane for somme havområde. Medan det tidlegare var vanleg å nytte *Doggerbank(en)*, *Fladengrunn(en)*, *Store Fiskebank(en)* o.fl. heilt ut, blir no kortformene *Dogger*, *Fladen*, *Fisker* brukt.

Ei endå større regulering av namnebruken førekjem i *Utsira*, som eigentleg er namnet på eit øysamfunn vest for Karmøy. I vërmeldinga er *Utsira nord* og *Utsira sør* nytta om heile havstykket frå Lindesnes til Sognesjøen. Dei nye namna tok til å gjelde frå 1984, og då som eit resultat av forhandlingar mellom landa kring Nordsjøen. Ei slik regulering har praktiske føremoner og kan vere nødvendig i eit internasjonalt samfunn, men ein kan då kome i konflikt med lokale språklege og kulturhistoriske verdiar som den nedarva namnebruken representerer.

Ein viktig instans i kartlegginga av botntilhøva til sjøs er Noregs sjøkartverk. Til no har dei berre i liten grad hatt bruk for eiga namnsetjing - som oftast har det vore nok å hente inn opplysningar om namnebruken i fiskarmiljøa langs kysten. Eit døme på god utnytting av namnetradisjonen er *Hidrafjellan*, som Sjøkartverket har

innført som namn på ein nyoppdaga undersjøisk vulkan i Norskerenna utanfor Flekkefjord. Dette namnet har vore nytta tidlegare om fiskeplassen ved denne formasjonen.

Kontinentalsokkelen

Namnsetjing på kontinentalsokkelen er særleg knytt til oljeverksemda (kap. 7.8), men også andre aktivitetar kan etter kvart kome til å gjere namnsetjing aktuell. Her har departementet i merknadene til § 2 i stadnamnlova sagt følgjande:

Norsk jurisdiksjon over den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone er avgrensa til den funksjonelt bestemte kompetansen som folkeretten heimlar for nasjonalstaten over desse områda. Det kan også tenkjast eit framtidig internasjonalt harmoniseringsarbeid når det gjeld namngiving til havs, t.d. innanfor internasjonale organisasjonar.

7.10 Namn på geologiske objekt

Tradisjonelt er stadnamn knytte til overflateformer og bergartar som er synlege på land. Dessutan har mange terrengformasjonar på sjøbotnen fått namn i samband med fiske. Etter kvart er det blitt behov for å namngje geologiske former og bergartar under overflata til lands og til sjøs. I åra som kjem, må ein rekne med auka aktivitet både på sokkelen og fastlandet i samband med kartlegging og utvinning av mineral og andre ressursar. Alt i dag er det i det geologiske fagmiljøet teke i bruk ei rekkje nye namn og nemningar på geologiske former og bergartar (sjå NPD- Bulletin No 3: A revised Triassic and Jurassic lithostratigraphic nomenclature for the Norwegian North Sea, Oljedirektoratet 1984).

Eit underutval av Norsk geologiråd, Norsk stratigrafisk komité, har til oppgåve å namnsetje geologiske objekt. I *Norsk geologisk tidsskrift. A Norwegian journal of geology*, vol. 66, Supplement 1, 1986, har komiteen publisert reglane for namngjeving («Regler og råd for

navnsetting av geologiske enheter i Norge»). Reglane byggjer på prinsippa i *International Stratigraphic Guide* (ISSC 1976), utgjeven av *International Subcommission on Stratigraphic Classification*. Hovudprinsippet er uttrykt slik i den engelskspråklege originalen: «The name of a lithostratigraphic unit should be formed from the name of an appropriate local geographic feature, combined with the appropriate term for its rank (group, formation, member, bed), or with the name of the dominant rock type of which the unit is composed, or with both». Det norske regelverket har òg bygd på the *North American Stratigraphic Code*, fastsett av *North American Commission on Stratigraphic Nomenclature* (NACSN 1983).

Den vanlegaste måten å namngje geologiske objekt på er altså å ta eit lokalt stadnamn som førsteledd og eit ord som karakteriserer objektet som sisteledd, t.d. *Mjøsforsasjonen, Oslofjordforkastningen*.

Både på sokkelen og fastlandet er norske og engelske namneformer likestilte. Men på alle offentlege kart blir dei norske namneformene nytta.

Sidan det her er tale om stadnamn i offentlig bruk skal skrivemåten av dei fastsetjast etter stadnamnlova. I dei ovannemnde retningslinjene har komiteen sjølv uttrykt at gjeldande reglar for skrivemåten skal følgjast. Alle nye framlegg til namn på geologiske objekt blir vurderte av Norsk språkråds faste representant i Norsk stratigrafisk komité. Ho konfererer i sin tur med statens namnekonsulentar når det er tvil om skrivemåten av stadnamnet som går inn i namnet på det aktuelle geologiske objektet.

7.11 Namnsetjing i polarområda

Norsk. namnsetjing i polarområda gjeld *Svalbard* og *Jan Mayen* i Arktis og dei norske bilanda *Dronning Maud Land*, *Bouvetøya* og *Peter I øy* i Antarktis og dessutan dei tilgrensande kontinentalsoklane og økonomiske sonene. Hovudsakleg er det Norsk Polarinstitut som har hatt ansvar for namnsetjing og namnenormering i desse områda.

Særmerkt for namnetilfanget i polarområda er at det ikkje har vakse fram i samspel med ein fast busetnad slik tilfellet er på fastlandet. Lengst namnetradisjon er det på Svalbard og Jan Mayen, men før 1600-talet var også desse områda nærast ukjent land og såleis meir eller mindre namnlause. Namna voks gradvis fram i takt med oppdagingsferdene og behovet for identifikasjon. Det same gjeld Antarktis, men der er namnsetjinga jamt over yngre.

Namn etter utanlandske og norske oppdagingsreisande

Dei eldste namna på Svalbard og Jan Mayen skriv seg frå kvalfangartida i det 17. hundreåret. Det var først og fremst hollendarar og engelskmenn som gav namn den første tida, og mange av dei viktigaste landskapsformene har namn etter dei. Såleis er dei kjende namna *Spitsbergen* og *Jan Mayen* hollandske. Frå midten av det 19. hundreåret er det i første rekkje dei vitskaplege ekspedisjonane som har sett spor etter seg i namngjevinga. Slike ekspedisjonar kom det fleire av utetter 1800-talet, og i endå større omfang på 1900-talet. I enkelte område kunne namnsetjinga bli prega fullstendig av den einskilde ekspedisjonen.

Namnetilfanget i polarområda er altså hovudsakleg eit produkt av aktiviteten til norske og utanlandske oppdagingsreisande, forskarar, fangstfolk og gruvearbeidarar. Døme på namn som speglar av historia i polarområda, er *Andrée Land*, *Grimaldibukta*, *Luftskipodden*. Men også fantasinamn og oppkallingsnamn som *Per Gyntslottet*, *Odinfjellet*, *Dovrefjell*, *Vermlandryggen* er brukte.

Norske namne mønster

Dei aller fleste eldre stadnamna i dei norske polarområda har fått eit beskrivande sisteledd i samsvar med namnebruken på fastlandet. I nye namn blir tradisjonelt norsk ordtilfang i større grad lagt til grunn for førsteleddet òg. Namneframlegg som ikkje alt har fått norsk form, blir endra slik at dei høver med norsk namnestruktur. Stadnamn i norske polarområde er til no fastsette i nynorsk form. I dei fleste tilfelle svarar denne skrivemåten til former som gjeld for bokmål òg.

Mange av dei nye namna blir i dag vedtekne etter framlegg frå ekspedisjonsdeltakarar ved Norsk Polarinstitut og frå andre innanlandske og utanlandske ekspedisjonar. Når eit nytt kart skal gjevast ut for område som ikkje er godt nok namnsette frå før, lagar namnekomiteen sjølv nye skildrande namn. Døme på slike namn er *Bratthenget*, *Rundtuva*, *Kvithetta*, *Krokettjørna*, *Kvitrevbreen*, *Kvalrossbukta*, *Stortoppen*.

I utanlandske namn held ein vanlegvis på ortografien til det namngjevande språket i førsteleddet, medan det terrengkarakteriserande leddet får norsk form, t.d. *Mount Cöster* til *Cösterfjellet*, *Höganösglacieren* til *Höganösbreen*. Einskilde namn som *Thank God Bay*, som ein engelsk ekspedisjon gav i 1937, er ikkje endra.

Talet på internasjonale ekspedisjonar til polarstroka har auka sterkt i seinare år, og det har ført til at mange ulike nasjonar har verka inn på namnsetjinga i dei norske områda. Når det gjeld spørsmålet om korleis dei utanlandske namna skal tilpassast det norske namneverket, har tre løysingar vore diskuterte:

- a) heil omsetjing/omskrivning av det utanlandske namnet,
- b) omsetjing av det terrengkarakteriserande hovudleddet (grunnordet),
- c) det utanlandske namnet brukt uendra (men overført til latinske bokstavar om andre alfabet er nytta).

Følgjande norske former har t.d. vore vurderte for det japanske namnet *Azuki zima* 'lita raudbaune-øy': *Bauna*, *Baunøya*, *Azukiøya*, *Azuki zima*. I dette høvet har Norsk Polarinstitut gått inn for *Bauna*.

Nye reglar for namnsetjing i polarområda

Kulturdepartementet har fastsett at stadnamnlova ikkje skal gjelde for dei norske polarområda, men har overlate til Norsk Polarinstitut å gje reglar for namnsetjing i desse områda. I merknadene til § 2 i stadnamnlova blir det peikt på at ein skal ta omsyn til utanlandske verksemder når det gjeld fastsetjing av skrivemåten av stadnamn på

Svalbard og Jan Mayen. Vidare skal ein ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn i bilanda ta omsyn til den internasjonale forskings- og fangstaktiviteten der.

Norsk Polarinstitutt har utarbeidd eit nytt regelverk som skal gjelde for bruk og fastsetjing av stadnamn i dei norske polarområda, med atterhald av godkjenning frå Miljøverndepartementet. Dei nye reglane byggjer i stor grad på eksisterande praksis. Av omsyn til det internasjonale brukarmiljøet har dei fått engelsk språkdrakt.

Hovudpunkta er:

- Norsk Polarinstitutt gjer vedtak om namn og skrivemåte, eventuelt etter å ha rådført seg med statens namnekonsulentar
- namn som er i bruk på norske kart, skal ikkje endrast
- det skal takast omsyn til eksisterande namn i nærleiken
- nye namn skal byggje på norsk namnetradisjon og følgje nynorsk rettskriving
- nye namn skal mest mogeleg vere beskrivande
- personnamn skal nyttast minst mogeleg, og om personnamn blir brukt, skal helst berre etternamnet nyttast
- lange namn skal ein prøve å forkorte
- kven som helst kan gjere framlegg om nye namn
- kart og andre publikasjonar kan nyttast som namneframlegg
- eit namneframlegg kan bli godkjent, avvist, eller nytta på ein annan lokalitet
- beskrivande termar (terrengord) på andre språk enn norsk, skal omsetjast til norsk
- om fleire namn er aktuelle, skal det namnet som er nytta først, prioriterast
- framlegg frå Statens kartverk, Noregs sjøkartverk, om namn i dei polare farvatna, blir handsama på vanleg måte av Norsk Polarinstitutt

- klage på namn kan rettast til Miljøverndepartementet, som har den endelege avgjerda

Scientific Committee on Antarctic Research (SCAR) har teke opp spørsmålet om kva reglar som bør gjelde for namnsetjing i Antarktis, og eventuelle tilrådingar frå denne instansen kan få konsekvensar for det norske regelverket.

Namneregister og kart over polarområda

Norsk Polarinstitutt har bygd opp eit register over stadnamn i dei norske polarområda. Stadnamna på Svalbard og Jan Mayen er gjevne ut i eigne publikasjonar. Det ligg òg føre to lister over namn i dei norske områda i Antarktis, sjå litteraturlista bak i boka. Norsk Polarinstitutt har gjeve ut kart i ulike målestokkar over polarområda, medan Noregs sjøkartverk har gjeve ut kart over dei tilgrensande havområda.

7.12 Anna statleg namnsetjing

Ovanfor har vi omtala nokre viktige sider ved den statlege namnsetjinga. Ut frå prinsippet om at eigaren fastset namnet på det aktuelle tiltaket, vil det vere ei lang rekkje andre felt der staten som eigar har namngjevingsansvaret. Lista over mogelege namneobjekt i kap. 4.2 kunne utvidast mykje. Her skal vi nøye oss med nokre tilleggs kommentarar.

Statlege institusjonar

Karakteristisk for institusjonsnamna er at dei ofte inneheld eit uttrykk for funksjonen til det aktuelle tiltaket, stundom i kombinasjon med eit stadnamn, t.d. *Noregs geotekniske institutt* i Stryn, *Statens forsøksstasjon, Avdeling Njøs*. I daglegtale vil gjerne kortformer som *Geoteknisk, Forsøksstasjonen, Stasjonen* bli nytta. Dette gjeld i stor grad og namn på kommunale og fylkeskommunale institusjonar.



lokale uttalen av namnet. *Kvitskriuprestan naturminne* (uttala - *præstein*) i Sel, som i fredingsvedtektene feilaktig er skrive «Kvitskriuprestin», kunne alternativt heite *Naturminnet Kvitskriuprestan*.

Dei stadnamna som går inn i slike institusjonsnamn, skal følgje offisiell skrivemåte, dvs. vere i samsvar med stadnamnlova. Dersom ein er i tvil om kva som er rett skrivemåte, kan ein kontakte Sentralt stadnamnregister i Statens kartverk eller dei regionale namnekonsulenttenestene, eventuelt reise namnesak. Oftast vil den skrifforma som alt er innarbeidd, og som det er aktuelt å bruke, vere korrekt.

Naturvernområde

Namn på naturvernområde inneheld vanlegvis eit stadnamn pluss eit ord for den typen naturvernområde det er tale om, t.d. *Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark*, *Børgefjell nasjonalpark*, *Gjuvet naturreservat* (i Tinn), *Stølsheimen landskapsvernområde*, *Vassfaret landskapsvernområde*.

Ei meir munnleg form av slike namn vil vere *Nasjonalparken på Børgefjell*, *Naturreservatet i Gjuvet*, *Landskapsvernområdet i Stølsheimen*. I daglegtale er ofte stadnamnet åleine nok, for det vil gå fram av samanhengen at det er tale om ein spesiell eigenskap ved området, t.d. *Børgefjell*, underforstått nasjonalparken.

Stundom er namn på naturvernområde skrivne feil, t. d. *Grytting naturminne i Selje*. Det burde skrivast *Gryttingane* i samsvar med den

8 Kartverket

8.1 Statens kartverk

Statens kartverk (før 1986 Norges/Noregs geografiske oppmåling - NGO) har heilt sidan starten i 1773 spela ei sentral rolle som forvaltar, brukar og formidlar av stadnamn. Denne rolla er ikkje blitt mindre etter at stadnamnlova vart vedteken. Statens kartverk er samansett av sentraladministrasjonen med m. a. Landkartdivisjonen på Hønefoss, Noregs sjøkartverk i Stavanger og 18 fylkeskartkontor. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av stadnamn som ikkje andre offentlege organ eller private instansar gjer vedtak om etter lov eller forskrifter. Vedtaksmyndet for namn på landkart og sjøkart er overført til dei enkelte fylkeskartkontora. Det vil seie at alle stadnamn som Statens kartverk etter lova skal vedta skrivemåte for, blir fastsette av kartkontoret i det fylket namna finst. Etter stadnamnlova skal Statens kartverk fastsetje skrivemåten av namn (innan den nemnde avgrensinga) på alle offentlege kart, også kommunale kart, men i praksis blir mange kart av den siste typen gjevne ut utan nokon formell godkjenningsprosedyre av namneverket. Etter kvart vil rutinane her bli innstramma.

8.2 Karttypar

Stadnamn og kart heng nøye saman. For dei fleste karttypane er stadnamna ein heilt nødvendig del av informasjonen. Såleis blir karta den framstillingsforma som meir enn noko anna gjer stadnamna synlege og tilgjengelege for folk flest - og dermed er med på å føre namnetradisjonen vidare.

Karta blir produserte i ulike målestokkar etter kva føremål dei har, frå oversynskart i t.d. 1:6 mill. til økonomiske kart og planleggingskart i store målestokkar som 1: 1 000. Av ulike karttypar kan nemnast topografiske kart Ufo topografi 'terrengskildring'), inndelingskart, sjøkart (draft), fiskerikart, flykart, vêrkart, fritidskart, vegetasjonskart, geologikart og andre tema kart med vekt på ulike natur- og kulturtilhøve.

Den viktigaste landsdekkjande kartserien er den topografiske hovudkartserien NORGE 1:50 000 (tidlegare M711) som Statens kartverk, Landkartdivisjonen, står for. Førstegongsutgjevinga vart fullført i 1988. Denne kartserien inneheld om lag 340 000 namn.

Statens kartverk, Noregs sjøkartverk, gjev ut sjøkart for kystområda, hovudsakleg i målestokk 1:50 000, og dessutan hamnekart, båtsportkart, fiskerikart og andre spesialkart i ulike målestokkar.

Økonomisk kartverk (ØK), som dekkjer om lag 60% av landet (høgfjell og andre mindre produktive område er ikkje medtekne), blir gjevne ut av dei 18 fylkeskartkontora i Statens kartverk i samarbeid med andre statlege etatar og kommunane. Kartkonstruksjonen blir i hovudsak utført av private firma. Målestokken er 1:5 000 og 1:10 000. Samla utgjer ØK-serien ca. 32 000 kartblad og inneheld godt over 1 mill. stadnamn. Ved detaljinnsamling av lokale stadnamn ut over dei som står på NORGE 1 :50 000-karta, er ØK-blad i målestokk 1:5 000 særleg praktiske.

Produsentane av dei einskilde kartverka er ansvarlege for *utvalet* av namn, men *fastsetjing av skrivemåten* er delegert til fylkeskartkontora, og i praksis er det den namneansvarlege på kvart fylkeskart-

kontor som gjer vedtak i samsvar med fastsett saksgang. Statens kartverk har gjeve ut ein eigen instruks for namnearbeidet (*Håndbok for navnebehandling i kartverket*, redigert av Anne Svanevik).

8.3 Namn på kart

Redaksjonelle omsyn

Utvalet av namn på dei ulike karttypane er avhengig av målestokk, føremål og redaksjonelle omsyn. Oftast vil det vere fleire namn på kart over strom med tett busetnad enn over skog- og fjellområde. Alle typar stadnamn kan førekome på kart, frå namn på landsdelar og distrikt til namn på bustader, verksemder, vegar og andre kultur- og naturlokalitetar. Allment kan ein seie at det er dei mest brukte og kjende namna som først og fremst skal med. I valet mellom nylaga namn og eldre namn blir gjerne dei siste prioriterte.

Ulike skrifttypar og fargar viser til kva lokalitetstype namnet gjeld, t.d. blå tilbakehallande skrift for namn på vassdrag, svart loddrett skrift for namn på andre naturformasjonar og svart kursivert skrift for busetnad og andre kulturlokalitetar. På det einskilde kartbladet er det som regel prenta eit oversyn over symbol og forkortingar som er nytta. Desse grafiske detaljane kan bli endra i seinare kartutgåver.

Av praktiske grunnar er det uråd å ta med *alle* stadnamna i eit område på vanlege kart. Karta skal ha rom for mange slags opplysningar som høgdekurvar (for å markere ekvidistanse), vassfar, vegetasjonstype, vegar, verksemder, busetnad osv. Kartet må vere redigert slik at det ikkje blir overlesst.

Innhenting av namn

Kartinstitusjonane har faste reglar for framgangsmåten ved namn setjing på kart. Ved førstegongs utgjevinga av NORGE 1:50 000-serien vart det utført eit omfattande feltarbeid for å samle inn namn. Det skulle nyttast lokalkjende folk som informantar. Det vart lagt vekt på å få med eldre og allment kjende namn. Etter feltarbeidet vart


namnematerialet redigert og sendt til statens namnekonsulentar til kontroll og retting. Deretter vart den endelege namneredaksjonen utført.

No blir det berre teke med nye namn eller namneendringar som Kartverket får melding om utanfrå, i tillegg til endringar i skrivemåten som skal gjerast i samsvar med stadnamnlova.

For Økonomisk kartverk er det gjeve ut eit særskilt hefte med «Retningslinjer» som gjer greie for m.a. namnsetjing. Her går det fram at fylkeskartkontora tek initiativ til å få oppnemnt namnekomitear i kommunane. Den kommunale namnekomiteen skal a) gjere framlegg om namn på sjølve kartbladet, b) gjere framlegg om namn som kan takast med på kartbladet, c) føre namna på rett plass på kartkopien, d) føre namneliste over dei medtekne namna.

Førstegongskartlegginga av Økonomisk kartverk er nærast fullført, og ved revisjonen skal ein følgje same prosedyre for behandling av namn som for NORGE 1:50 000-serien. Kvart ØK-blad inneheld opp til 40-50 namn, eit tal som truleg kan aukast utan at det går ut over annan kartinformasjon.

På dei neste sidene følgjer utsnitt av dei to vanlegaste norske karttypane, først NORGE 1:50 000 (M711-serien), kartblad 1927 – 2 Korgen, deretter Økonomisk kartverk i målestokk 1:5 000. blad DR 191-5-4 Finneide Vest (her nedfotografert til halv storleik). Begge dekkjer ein del av Finneidfjorden i Hemnes i Nordland. Som ein ser, er ikkje skrivemåten av alle namna lik.



NAMNESAK NR: 1/93 **KOMMUNE (nr og navn):** 1032 Lyngdal **KARTBLAD:** 1412-3 Lyngdal

Jf. folkekrav: Fordeling tilhøring fra navnekon. 15.03.93 tilhøring fra kommunen 01.04.93. Endelig utdeling fra navnekon. 01.05.93. Vedtekter fra SKVE 15.05.95

Nr.	Koordinat	Sted	Oldetyp	Et. tilhøring	Skrivemåte	Fordeling	Fordeling	Utdeling	Vedtak	Merknader/ Begrunnelser
1	ED 50 UTM 6448000	Lyngdal	Vann	Bleevann	ØK	Harvann	Bleevann	Bleevann	Bleevann	Se endelig utdeling fra navnekon.
2	6456000	Lyngdal	Ås	Havvann	ØK	Havvann	Havvann	Havvann	Havvann	-
3	6441000 382000	Lyngdal	Bak 601,2	Silsløyf B	ØK NSO	Silsløyf Vegskilt	Silsløyf E, K	Silsløyf	Silsløyf	-

Fastsetjing av skrivemåte

Statens kartverk, Landkartdivisjonen og Noregs sjøkartverk, har i alle år nytta namnekonsulentar når skrivemåten av stadnamna skulle fastsetjast. Namnekonsulentane har bygd tilrådingane sine på gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn. Likevel finn ein ofte ulike skrivemåtar på ulike kartutgåver. Det kjem av at reglane for skrivemåten av stadnamn har blitt noko endra gjennom tidene, og særleg av at mange namn er nytta utan at dei har vore skikkeleg kontrollerte.

Heretter skal namna på alle nye offentlege kartutgåver, også økonomisk kartverk og andre kart i store målestokkar, fastsetjast i samsvar med stadnamnlova. Dvs. at normalt skal eitt og same namn ha ei fastsett skriftform. Denne opprettingsprosessen vil måtte ta nokså lang tid av di kvart namn som det blir reist namnesak på, skal gjennom ein omstendelig prosess med lokal høyring og konsulenttilråding. Namn som er fastsette etter lova, skal meldast inn til Sentralt stadnamnregister (SSR, sjå nedanfor).

Forenkla saksgang

Dersom det skal gjevast ut eit kart e.l. med så kort frist at vanleg saksgang ikkje kan følgjast ved fastsetjing av skrivemåten, kan det vere aktuelt å handsame namnesaker etter forenkla saksgang. Fylkeskartkontoret kan då leggje namnesakene fram for namnekonsulentane til førebels tilråding og så nytte ein skrivemåte som får status «godteken». Namnesakene kan då takast opp att neste gong det er aktuelt å bruke namna offentleg, eller den ordinære saksgangen kan halde fram straks slik at vedteken namneform kan meldast inn i SSR uavhengig av kartproduksjonen.

8.4 Kartnamnregister

NORGE 1:50 000-serien og einskilde andre kartutgåver blir no trykte med namneregister på baksida. Etter kvart som kartinformasjonen blir databasert, vil fleire kart kunne forsynast med namneregister. For somme meir avgrensa område er det gjeve ut særskilde stadnamnkart der alle lokale namn er tekne med, anten ved at dei er trykte rett på kartet, eller ved eit nummersystem der namnet berre står i eit register.

På grunnlag av den tidlegare hovudkartserien til Statens kartverk i målestokk 1:50 000 (for det meste oppfotografert frå kart i 1:100 000) gav US Army Map Service i 1957 ut ein tobinds namnekatalog (gazetteer) med til saman noko over 200 000 namn. Same institusjonen sende i 1977 ut ein namnekatalog på nærare 36 000 namn frå kartserie 1501 i målestokk 1 :250 000. Desse katalogane har vore lite i bruk mellom folk flest.

Etter at den nye utgåva av NORGE 1:50 000 vart gjeve ut, har Statens kartverk førebudd eit nytt namneregister. Det kom ut i tre bind i 1990-91 og inneheld om lag 340 000 namn (sjå litteraturlista bak). Elles finst det register over namn på ulike kartverk i større målestokkar. For dei mange lokale adressekarta er eit alfabetisk namneregister uunnverleg. Men fleire kartgrupper manglar slike register.

8.5 Sentralt stadnamnregister

Sentralt stadnamnregister/stedsnavnregister (SSR) er eit landsdekkjande stadnamnregister som er oppretta i samsvar med lov om stadnamn. Det er administrert av Statens kartverk og skal innehalde alle stadnamn med skrivemåte fastsett etter lova. Registeret vart først laga ved at namna på NORGE 1:50 000-serien vart henta inn, men skal etter planen innehalde namn på alle offentlege kartverk, skilt o.l. Registeret skal ha opplysningar om det er gjort vedtak om skrivemåte etter lova av dei einskilde namna.

Registeret skal oppdaterast kontinuerleg og skal - etter nærare reglar - vere offentleg tilgjengeleg. Nærare opplysningar om status og bruk av registeret får ein ved å vende seg til Statens kartverk, Hønefoss, eller til namnekonsulenttenestene (sjå under *Adresser* i kap. 16). Etter kvart vil det bli bygd opp rutinar som gjer det enklare for offentlege kontor å hente inn opplysningar frå registeret.

Særleg vil det vere viktig at dei organa som gjer vedtak om skrivemåten, får direkte tilknytning til SSR. Dei statlege namnekonsulenttenestene skal ha permanent tilgang til registeret for å kunne utføre oppgåvene sine på ein effektiv måte.

SSR skal innehalde ei rekkje opplysningar som gjeld namnet og den namngjevne lokaliteten, m.a.

- kven som er vedtaksorgan for namnet
- når namnet er behandla
- status etter lov om stadnamn
- kvar den namngjevne lokaliteten ligg
- talet på førekomstar av namnet
- kvar namnet er i bruk (kartserie, kartblad, vegskilt o.l.)
- arkivnummer

Statens kartverk har utarbeidd ein fyldig dokumentasjon for SSR. Det er oppretta ei særskild stilling for å føre fagleg tilsyn med SSR og med namnesaker generelt i Kartverket.

9 Stadnamn i fleirspråklege område

9.1 Utbreiing av samiske og finske stadnamn

Samiske stadnamn finst frå Sør-Trøndelag til Finnmark, mest i dei tre nordlegaste fylka. Sørsamisk blir nytta i ein del fjellbygder frå Røros til Saltfjellet, lulesamisk frå Saltfjellet til Ofoten og nordsamisk derfrå og nordover. I eit mindre område i Aust-Finnmark finst skoltesamisk, og ikkje så få stadnamn her har opphav i dette målet. I Nord-Troms og Aust-Finnmark er det ein del bygder med finsktalande folkesetnad. I desse områda kan både finsk, samisk og norsk bli tala, og same lokaliteten kan ha namn på tre ulike språk. I Sørøst-Noreg, særleg i Finnskogane, finst det mange stadnamn med rot i den finske innvandringa på 16-1700-talet. I denne delen av landet er ikkje finsk lenger noko levande språk.

9.2 Tidlegare behandling av samiske og finske stadnamn

Namn på kart

Samiske stadnamn har heilt sidan dei dukka opp i skrift på 1500-talet, blitt heilt eller delvis omsette eller tilpassa til norsk, t.d. *Luftjok* for samisk *Luovttejohka* (av *luokti*, gen. *Luovtti* 'innretning til opphenging av matvarer') og *Russeluft*, for samisk *Ruoššaluokta* (i lokal dialekt *Ruoššaluovta*, av *ruošša* 'russar' og *luokta* (*luovta*) 'bukta, vik'). Også på kart frå byrjinga av 1900-talet var samiske namn omsette frå samisk til norsk, ofte feil, t.d. *Larsholmen* for samisk *Lássásuolu*, av *lássá*, genitiv av *lásis* 'skjer' og *suolu* 'holme'. Stundom stod den samiske forma i parentes.

I 1914 gjekk Noregs geografiske oppmåling inn for å gje samiske namn større rom, men framleis fekk berre vel halvdel av namna på karta over indre Finnmark samisk form.

I 1927-28 vart det gjeve nye reglar om bruk av samiske stadnamn på kart. Framleis skulle det takast sterke omsyn til norsktalande, anten ved at namna vart heilt eller delvis omsette, eller ved at berre det norske namnet vart nytta når staden hadde både samisk og norsk namn. Etter kvart vart det likevel lagt større vekt på dei språklege realitetane i Nord-Noreg, men det var først med den nye hovudkartserien NORGE 1:50 000 (tidlegare M711) over Finnmark frå 1970-åra at dei samiske namna vart nytta i samsvar med tradisjonell namnebruk.

I 1979 vart det vedteke ei ny felles rettskriving for nordsamisk i Noreg, Sverige og Finland, altså etter at førsteutgåva av 1:50 000-serien for Troms og Finnmark var komen ut. På seinare kartverk er den nye rettskrivinga teken i bruk. Stadnamnlova med forskrifter gjev klare reglar for skiving og bruk av samiske stadnamn på kart og i annan offentleg samanheng. Feilskrivne og feilbrukte namn blir retta opp i takt med revisjon av kart og andre publikasjonar.

« ... gives Norsk Navn »

Alt i kgl. res. 6. mai 1876 om framgangsmåten ved tildeling eller bortpaktning av statsjord i Finnmark heiter det at «den opmaalte Eiendom gives Norsk Navn med det muligens gjængse lappiske eller kvænske tilføiet i Parenthes». I reglementet frå 7. juli 1902 vart regelen om norsk namnsetjing innskjerpa. I § 5 d stod det: «Udmaalte Jordeiendom gives særskilt norsk Navn». Same regelen galdt kvænske namn. Denne praksisen førte til at det kom opp ei mengd «papirnamn» som *Skogmo*, *Storeng*, *BjørkLi*. I daglegtale heldt folk fram med å bruke dei eldre lokale namna, som stort sett framleis er levande. Bak den norske kartforma *Øvregård* lever t.d. det samiske namnet *Badjegoadit* 'øvregammene'. Slike papirnamn som vart innførte som eigedomsnamn, kunne i neste omgang bli nytta som slektsnamn, t.d. *Nedregjord*, *Svineng*.

Reglementet frå 1902 vart ikkje oppheva før i 1963 og har såleis vore medverkande til at samiske stadnamn er blitt skuva til side på kart og på skilt, i adresse- og eigedomsregister og som slektsnamn.

9.3 Behandling av samiske og finske stadnamn i dag

Eigedomsnamn

I dag er det fullt høve til, og det bør vere hovudregel, å bruke samiske og finske namn på privat eigedom i samisk- eller finstalande område. Sjølv om det etter innføringa av GAB-registeret er blitt mindre aktuelt å føre inn namn i eigedomsregisteret, bør folk oppmodast til å nytte dei lokale og hevdvunne namna på eigedomen i andre samanhengar. Det gjeld anten dei er samiske, finske eller norske. Nye namn bør byggje på tradisjonelle namnemønster i dei aktuelle miljøa (jf kap. 9.5).

Her kan det visast til merknadene til § 3-2, 4. pkt. i stadnamnlova: «Eigedom med norsk namn i samisk eller finsk busetjingsområde kan eigaren gi samisk eller finsk namn i staden for eller i tillegg til det norske namnet.»

Stadnamnlova

Grunnen til at dei fleirspråklege områda blir nemnde særskilt her, er at namneformene i mindretalsspråka ofte er blitt sette til side, særleg i offentleg samanheng. Fastsetjing og bruk av stadnamn i dei fleirspråklege områda frå Sør-Trøndelag og nordover, dvs. i område der samisk og/eller finsk og norsk er nytta, skal følgje same prinsipp som elles i landet.

I forskriftene til stadnamnlova (§ 2-3) er det fastsett kva språkform som skal nyttast av det offentlege for *samiske* stadnamn i dei ulike områda: «Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland sør til Ofoten-Efjorden. Lulesamisk rettskriving skal brukast herfrå sørover til Dunderlandsdalen-Langvatnet-Vesterdalen-Glomfjorden. Lenger sør skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei einskilde språkområda skal ein nytte den rettskrivinga som høver best med den nedervde uttalen». I § 4 i stadnamnlova står det at «For finske stadnamn i Nord-Noreg skal ein følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk». Finske stadnamn på Austlandet kan derimot tilpasset norske rettskrivingsprinsipp, jf. § 4-1, sjetle ledd i merknadene til lova.

Når det gjeld *bruken* av samiske og finske stadnamn, seier lova (§ 3) at «Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform», og i forskriftene (§ 3-1) blir det presisert at «Når eit namneobjekt har berre eit norsk, eit samisk eller eit finsk namn, skal dette namnet brukast utan omsetjing.»

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er i kor stor grad det er høve til å nytte namn på to eller fleire språk for same lokaliteten. Her seier

forskriftene (§ 3-2): «Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller finsk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og dei er i bruk blant folk på staden, skal som hovudregel begge eller alle namna nyttast.»

9.4 Inndelingsnamn

Inndelingsnamn og andre namn på høgare nivå har tidlegare ikkje hatt offisiell samisk form, og det var faktisk ein liten revolusjon då Kommunaldepartementet ved kongeleg resolusjon 3.7.1987 fastsette dobbelforma *Guovdageaidnu-Kautokeino* som offisielt namn på kommunen. Tilsvarende samisk-norske dobbelformer vart fastsette for *Unjarga-Nesseby* 26.5. 1989, for *Karasjohka-Karasjok* 26.1. 1990, og for *Deatnu-Tana* 29.5. 1992. Om bruken av slike dobbelnamn seier Kommunaldepartementet i eit skriv til Tana kommune 10.6. 1992:

Kommuner med dobbeltnavn har således, som andre kommuner, bare ett offisielt navn - det doble kommunenavnet. Intensjonene med å fastsette tospråklig kommunenavn tilsier at det tilstrebes en mest mulig konsekvent bruk av hele navnet i offentlig sammenheng både i den statlige, fylkeskommunale og kommunale forvaltning. Dette bør ikke være til hinder for at den samiske delen av kommunenavnet kan brukes alene inne i sammenhengende tekst på samisk, og at den norske delen likeledes kan brukes alene i sammenhengende tekst på norsk. Men det vil alltid være korrekt å bruke hele dobbeltnavnet.

Også andre kommunar der det er språkleg grunnlag for det, kan etter lokalt initiativ få fastsett samisk og/eller finsk namneform. Det same gjeld namn på andre inndelingar som prestegjeld, sokn og rettskrinsar. Slike namneendringar må takast opp med det ansvarlege departementet, eventuelt etter at saka er drøft med den regionale namnekonulenttenesta.

9.5 Samiske vegnamn, institusjonsnamn o.l.

Dei kommunane som ligg i dei sentrale samiskspråklege områda, har til dels norske og til dels samiske vegnamn. I seinare tid er det blitt meir vanleg med samiske namneformer. Såleis vedtok Karasjok kommunestyre 18.8 1971 at 5 nye vegnamn av til saman 14 skulle ha samisk språkform. Men av 15 namn vedtekne 12.11. same året var berre 1 samisk. Kulturstyret i Kautokeino kommune gjorde på eit møte 1.3. 1984 følgjande prinsippvedtak:

Bruk av stedsnavn og adresser er en viktig del av arbeidet med å bevare og utvikle et språk. Det må derfor være en selvfølge at det brukes samiske navn ved fastsetting av adresser og vegnavn i vår kommune.

I dei områda der samiske vegnamn alt er i bruk, er det vanleg å nytte det opphavlege naturnamnet uendra som vegnamn. Dette namnet kan samstundes vere namn på bustadfeltet som vegen går gjennom, t.d. *Boaronjárga, Bohtaldievvá, Láttöšluohkká*. Andre vegnamn er *Ájagohpi*, ei samansetjing som tyder 'kjelde, bekk' og 'søkk', *Heargedievvá*, av *heargi*, truleg 'reinokse' og *dievvá* 'bakke, haug'.

Ein kan bruke det same førsteleddet i namn på fleire vegar som ligg nær kvarandre og variere sisteleddet med ulike topografiske ord alt etter terrenget, t.d. *Gártnetluohkká, Gártnetnjunni, Gártnetvađđa*.

Det er òg vanleg å føye til eit siste ledd som tyder 'veg' eller 'gate' på samisk, t.d. *Áldogeaidnu, Gumpegeaidnu, Márkangeaidnu*, jf. *geaidnu* 'veg'. Det finst også døme på at gamle namn på stigar og heste- eller traktorvegar blir førte vidare i namn på vegar eller gater og på nye bustadfelt, t.d. *Jeagilvármáđii, Sávkadasmáđii*, jf. *máđii* 'hestestig', i Karasjok.

Dei aller fleste vegnamna i Kautokeino er no samiske. Eit nytt bustadfelt har alt i planleggingsfasen fått namnet *Gáhkkorčorru*. Kommunen har og gjort vedtak om samiske namn på fleire kommunale anlegg og institusjonar, t.d. idrettshallen *Báktehárji*, ab bákti 'berg' og hárji 'ås'.

Namn på skilt

I stadnamnlova § 3, 2. ledd står det at «Samiske og finske stadnamn som blir nytta blant folk på staden, skal til vanleg brukast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform.» Etter § 3-2 i forskriftene til lova skal det på skilt, kart o.l. nyttast baa eller alle tre språkformene når dei er i bruk. Etter forskriftene treng ein nytte berre to namn «der det av praktiske eller tekniske årsaker er vanskeleg å bruke tre namn». Rekkjefølgja av dei ulike språkformene skal då vere norsk - samisk - finsk. I kommunar med samisk forvaltningspråk skal rekkjefølgja vere samisk - norsk - finsk. Av omsyn til dei ulike språkgruppene bør ein likevel så langt råd ta med namneformer i alle tre språka når dei er i bruk.

Auka bruk av samiske og finske namn

I område der dei samisktalande er i mindretal, er samiske stadnamn lite nytta i den kommunale namnsetjinga. Heller ikkje på private institusjonar er det vanleg med samiske namn, bortsett frå reint samiske tiltak som *Sámi Siida* 'sameheimen' i Oslo. Det same gjeld i endå større grad dei finskspråklege områda. Av omsyn til kulturelt mangfald og demokratiske rettar bør det i større grad nyttast namn på desse språka når det høver med den nedarva tradisjonen, slik stadnamnlova legg opp til.

I område der norsktalande representerer eit fleirtal, har det vore registrert ei viss misnøye ved at samiske og til dels finske namn blir nytta i offisiell samanheng. For ein moderne kulturnasjon bør det likevel vere eit viktig prinsipp at dei lokale, nedarva språka kjem til uttrykk i dei nye stadnamna. Etter ei viss tid blir også dei som har norsk som morsmål, fortrulege med desse språkformene. Og ein må ikkje gløyme at dei som nyttar samisk eller finsk, i langt større grad har måtta finne seg i å bruke norske namn.

Språkform i samanhengande tekst

I samanhengande tekst, både munnleg og skriftleg, nyttar ein den namneforma som svarar til det språket ein nyttar (finsk, norsk, samisk), jf. § 3-2 i merknadene til stadnamnlova og instruksjonen frå Kommunaldepartementet i kap. 9.4 ovanfor.

Samiske kulturminne

Ei nyttig innføring i innsamling og bruk av samiske stadnamn finst i boka *Samikulturmuittut - Samiske kulturminner* (1991).

9.6 Liste over samiske terrengord med norske parallellar

I lista nedanfor er det ført opp ein del samiske ord som blir brukte i stadnamn, og som kan brukast i nye stadnamn. Lista er på ingen måte fullstendig. Ved fastsetjing av gate- og vegnamn bør ein ta omsyn til den lokale samiske dialekten og byggje på dei lokale terrengorda. Av praktiske grunnar er dei norske terrengorda førte opp alfabetisk i venstre kolonne. Til høgre står dei tilsvarande samiske orda. På samisk finst det ofte fleire ord med tilnærma same tyding. I somme høve kan det samiske ordet ha ein noko annan tydingsnyanse enn det tilsvarande norske. Ein må og rekne med dialektale variasjonar.

bakke	dearbmi, mielli, luohkká, vielti, vierra
bekk	jogaš, oadji
berg	bákti
(berg)nase	njunni
brenne	buollán
bru	šaldi, (sildi), rovvi
bukt, vik	gohppi, luokta, mohkki
dal	vággi
eid	muotki
elv	johka, fielbmá, eatnu
eng	gieddi, niitu
fjell	várri
fjelltopp	čohkka
fjord	vuotna

160

fossefall	gorži
gate	gáhtta, gáhta
gjerde	áidi
haug	dievvá, čorru
holme, øy	suolu
høgfjell, vidde	duottar
høgfjellsslette	láhku
innsjø	jávri
isbre, jøkel	jiehkki
kjos	vuohppi, uitu, čuitu, huitu, skuitu, skoahppa
kløft	gurra
lem, avsats	latnja, lokta, stealli
myr	jeaggi, áhpi, vuohčču
nes	njárga
passasje	bohki, gudji, ráigi
rygg	čielgi
skar	ávži
skog	vuovdi, rohtu, suovka
sti	bálggis
tind	gáisá, gáisi
utmark	meahcci
veg	geaidnu, luodda, máđii, máđidja, máđeadji, bálggis
ås	borri, hárji, gielas, ruvža

Vanlege ord for administrative einingar på samisk

by	gávpot
bygd	gilli
fylke	fylka
kommune	gielda, suohkan

161

Vanlege variasjons- og relasjonsord på samisk

fram, fremre	ovda
(inne), indre	sis(a)
indre, innerst	siskkit, siskkimus
lille, litle, vesle	unna, uhca
midt, midterst	gaska, gaskkamus
nedre (ner)	vuolle
nedst, nedst	vuolit, vuolimus
stor(e)	stuora, stuorra
ut, ytre	olgo
(øver), øvre	badje
øvre, øvst	bajit, bajimus

9.7 Finske vegnamn .

Den vanlegaste måten å lage vegnamn på finsk er å nytte eit ord som tyder 'gate' eller 'veg' som sisteledd og namnet på den staden vegen ligg eller går til som førsteledd. Førsteleddet står då i genitiv. Dei vanlegaste finske vegorda er *tie* 'veg', *katu* 'gate', *kemo* veg, stig. Lista nedanfor viser nokre døme på finske vegnamn i Nord-Noreg:

Karieli →	Karielin + <i>tie</i>	= <i>KarieJintie</i>
Kaula →	Kaulan + <i>tie</i>	= <i>Kaulantie</i>
Koskelankuru →	Koskelankurun + <i>tie</i>	= <i>Koskelankuruntie</i>
Mettäperä →	Mettäperän + <i>tie</i>	= <i>Mettäperäntie</i>
Paskajoki →	Paskajoen + <i>tie</i>	= <i>Paskajoentie</i>
Porimaa →	Porimaan + <i>keino</i>	= <i>Porimaankeino</i>

Ofte blir beskrivande ord (adjektiv) eller relasjonsord brukte som førsteledd i veg- og gatenamn, t.d.

Alakatu, av *ala* 'nedre' + *katu*

Sileätie, av *sileä* 'flat' + *tie*

Vanhatie, av *vanha* 'gammal' + *tie*

Ylikatu, av *yli* 'øvre' + *katu*

Det er også mogeleg - og tilrådeleg - å bruke det opphavlege stadnamnet som veg- eller gatenamn direkte, utan å føye til eit sisteledd som tyder på veg, gate o.l.

9.8 Liste over finske terrengord med norske parallellar

Som døme på ord som kan nyttast i namn på gater og vegar i finskspråklege område, tek vi med eit utval av dei vanlegaste terrengorda som blir brukte i finske dialektar i Nord-Noreg, og som kan brukast i nye vegnamn o.l. i finskspråklege område i Troms og Finnmark. Ein bør ta omsyn til den lokale finske dialekten og elles ta utgangspunkt i dei lokale terrengorda. Lista er ikkje fullstendig, og dei norske motsvara har ofte berre tilnærma same tyding som dei finske orda. M.a. må ein rekne med dialektale variasjonar.

bakke	luokka, mella, mäki, törmä
bekk	oja
berg	kallio, pahta
botn	perä
bru	silta
bukt, vik	lahti, mukka
dal	vankka
eid, gangveg	
mellom to vatn	muotka
elv	joki, eno
eng	kenttä
fjell	vaara
fjord	vuono

gate	katu
gjerde	aita
glenne	aukea
haug	kumpu, tieva
holme, øy	saari
innsjø	järvi
krok	mukka
linje	lilja
mo	kuolpano, palo
myr	jänkka, jänkä
nes	niemi
park	puisto
passasje	kuja, kuru, reikä
plass	aukea, paikka
sandfelt	hieta
side, skråning	laita, kylki, rinne, rinta
skog	maa, outa, mettä, ruto
sti(g)	pol ku, keino
strand	ranta
teig	sarka
torg	tori
tunnel	tunneli
veg	tie
voll	kenttä
ås	harju



Vanlege administrative ord på finsk

by	kaupunki
bygd	kylä
fylke	lääni
kommune	kunta

Vanlege variasjons- og relasjonsord på finsk

bak, bakre	taka
fram, fremre	etu
indre	sisä
lille, litle, vesle	pikku
midt, midterst	keski, keskimäinen
nedre (ner)	ala
nedst, nederst	alimmainen
stor(e)	iso
ytre	ulko
øvre	yli
øvst, øverst	ylimmäinen

10 Offentleg namnsetjing i andre nordiske land

10.1 Danmark

Stednavneudvalget

Alle dei nordiske landa har namnsetjingsoppgåver av meir eller mindre same slag som Noreg. I *Danmark* har eit offentleg, breitt samansett utval, *Stednavneudvalget*, sidan 1910 hatt ansvar for å kome med forslag til skrivemåtar og former av stadnamn. Den faglege ekspertisen i dette utvalet er knytt til Institutt for Navneforskning ved Københavns Universitet.

Autoriserte stadnamnlister

Sidan 1932 har Stednavneudvalget sendt ut stadnamnlister som er autoriserte av det ansvarlege departementet (eigentleg av statsråden, for tida statsråden for Kulturministeriet). Dei sist utgjevne listene er *Fortegnelse over stednavne i amterne øst for Lillebælt* (1978) og *Fortegnelse over stednavne i amterne vest for Lillebælt* (1985). Dei finst i ein oppdatert database i Kort og Matrikelstyrelsen (tidlegare Geodætisk Institut). Stednavneudvalget skal òg ta stilling til nye stadnamn for større og viktige lokalitetar (t.d. sokn, kommunar,

gardar og allment kjende naturlokalitetar) før statsråden autoriserer dei. Men det står den einskilde statsinstitusjonen og andre organ fritt å kome med framlegg til nye namn. Før dei blir autoriserte, må dei handsamast av Stednavneudvalget.

Namn på kart

I Danmark blir offentlege kart utgjevne av Kort og Matrikelstyrelsen. Namneformene på karta svarar til dei autoriserte namneformene der dei finst. Andre namn blir skrivne i samsvar med dei prinsippa for rettskriving som er omtala i føreorda til dei autoriserte listene. Kart som private gjev ut, har som regel dei same namneformene som dei offentlege karta. Men korkje Stednavneudvalget eller Kort og Matrikelstyrelsen har mynde til å påleggje private å nytte autoriserte former.

Kommunal namnsetjing

Dei kommunale namnesakene blir som regel avgjorde av kommunane sjølve (med unntak av namn som finst i dei autoriserte namnelistene). Del fleste kommunane har politisk samansette utval som kjem med framlegg til namn, t.d. gate- og vegnamn. Vanlegvis er det ikkje sett opp særskilde retningslinjer for slike utval. I enkelte tilfelle har kommunane vendt seg til Institut for Navneforskning for å få rettleiing. Generelt meiner det danske fagmiljøet at det skal gripe minst mogleg inn i den frie namnelaginga og namneutviklinga.

Den kommunale namnsetjinga gjeld gater, vegar, parkar og ulike andre kommunale anlegg. Ho omfattar og mindre vasslaup og naturareal som det er aktuelt å nytte namn på. Nye gate- og vegnamn kan byggje på tradisjonelle stadnamn, eller dei kan vere heilt eller delvis nylaga. Det er i dag stor språkleg variasjon i den kommunale namnsetjinga.

Namn på privat eigedom

Namn på mindre eigedomar kan eigaren fastsetje fritt. Namn på større eigedomar skal skrivast etter dei rettskrivingsprinsippa som er

oppførte i dei autoriserte namnelistene og i *Retskrivningsordbogen* utgjeven av Dansk Sprognævn. Det må ikkje nyttast tidlegare autoriserte namn eller kjende namn.

10.2 Finland

Bruk av namnekonsulentar

I Finland er det til no ikkje vedteke noka særskild stadnamnlov, men i 1957 gav Riksdagen ei tilråding om at ein ved offentlege stadnamnsaker skulle rådføre seg med namnesakkunnige og særleg ta omsyn til historiske, kulturelle og språklege sider ved namna.

Forskningscentralen for de inhemska språken

Oppgåva som sakkunnig organ i namnesaker ligg til Forskningscentralen for de inhemska språken. Finska namnbyrån tek seg av finske og samiske namn, og Byrån for svenska språket tek seg av svenskspråklege namn. Etter at dei sakkunnige organa har gjeve tilråding, blir dei endelege vedtaka om namna gjorde av dei ansvarlege forvaltningsgreinene, t.d. departement, embetsverk, länsstyre, kommunestyre.

Kommunal namnsetjing

Rådmannen (kommunfullmäktige) gjer vedtak om namn på vegar, gater, parkar osv. Namnesakene blir førebudde anten av ein særskild namnekomité, av kulturstyret eller av ein tilsett i kommunen med passande utdanning eller bakgrunn. Den namnefaglege kompetansen til dei lokale namneutvala har vore vekslende. Berre ein mindre del av kommunane har vendt seg til fagmiljøet på Forskningscentralen. Somme kommunar med tettstader i sterk vekst har tilsett egne kvalifiserte namneplanleggjarar som på heil- eller deltid arbeider med namnerøkt.

Namn på kart

Namnetilfanget på grunnkarta i målestokk 1:20 000 med til saman nærare 1 mill. namn er granska av namnekonsulentane ved Fors-

kningscentralen. Dei har og tilsyn med alle endringar av namn på dette kartverket. Andre kart i mindre målestokk blir namnsette i samsvar med grunnkarta. For postkartet og vegkartet over Finland i 1:800 000 (1974) finst det eit register på 14 000 namn, og i kartboka *Fennica* i 1:250.000 (1979) tel namneregisteret 9000 namn. Ei nyare kartbok er *Uusi Suomen matkakartasto/The New Finnish Travel Atlas* (1983) med eit register på 9500 namn. Dei viktigaste svenske stadnamna i Finland er tekne med i *Svenska ortnamn i Finland* (4. oppl. 1984, med 4000 namn).

Tospråkleg namnebruk

I område med både finsk og svensk språk blir stadnamna førte opp på baa språk, t.d. på skilt, men slik at namneforma på fleirtalsmålet står øvst. Utanom dei tospråklege områda finst det ein god del større lokalitetar som har namn på baa språka, slik som distrikt, byar og kommunar, t.d. svensk *Tammersfors* mot finsk *Tampere* i eit finsk-språkleg område og finsk *Marianhamina* mot svensk *Mariehamn* i eit svenskspråkleg område.

10.3 Færøyane

Sakkunnig nemnd

Færøyane har ikkje særskilde lover eller føresegner om stadnamn. Vanleg praksis er at stadnamn som skal med på kart, blir lagde fram for eit sakkunnig utval ved Fróðskaparsetur Føroya før karta blir trykte i Kort og Matrikelstyrelsen (tidlegare Geodætisk Institut) i København. Elles gjer kommunane vedtak om egne namn. Det kan skje etter framlegg frå lokale namneutval eller andre. Det er særleg i Tórshavn det har vore aktuelt å gje nye namn, og her er det eit namneutval med fagleg kompetanse.

Nye stadnamn

Nye gate- og vegnamn blir hovudsakleg laga 1) etter tradisjonelle stadnamn og namnemønster, 2) av gruppenamn der ein dreg inn motivkrinsar som er naturlege for lokalmiljøet, 3) ved bruk av andre

ord enn *-gøta* og *-vegur*, t.d. *-gerði* som i *Lambagerði*. Andre trekk som kan nemnast, er at når namn på historiske personar blir dregne inn, blir oftast berre førenamnet nytta, for di det lettast den daglege bruken av namnet, t.d. *Simunargøta*. Men det finst mange eldre gatenamn som inneheld fullt personnamn, t.d. *Gríms Kambansgøta* (ofta nytta utan genitiv i førenamnet). I samband med kvinneåret (1975) gjorde namneutvalet framlegg om å nytte berre kvinnelege førenamn i ein bydel.

Stadnamnregister

I *Fortegnelse over stednavne på Færøerne* (utgjeve av Det danske Stednavneudvalg i 1960 og autorisert av Statsministeriet) finn ein eit oversyn over dei viktigaste stadnamna på Færøyane. Eit eldre register finst i det store kartverket *Færøernes Kortlægning*, Kbh. 1944.

10.4 Island

Lov om gardsnamn

på *Island* vart det alt i 1913 vedteke ei lov om nye gardsnamn og endringar av slike namn. Ei ny lov om gardsnamn kom i 1937, med endringar i 1953. Ved alle islandske namnevedtak har det lege sterke nasjonale og historiske omsyn til grunn.

Stadnamnemnd

Den islandske stadnamnemnda (Örnefnanefnd, skipa i 1935) er sakkunnig instans for all statleg namnsetjing, medan det er Kulturministeriet som set vedtaka i verk. Gate- og vegnamn blir fastsette av den einskilde kommunen.

Kommunal namnsetjing

Somme kommunar har eigne namneutval. Hovudregelen er at tradisjonelt namne- og ordtilfang blir nytta i nye namn. I seinare tid er det blitt meir vanleg å dra inn andre ord enn dei som svarar til gate/veg. Det islandske stadnamninstituttet (Örnefnastofnun þjóðminjasafns) blir ofte rådspurt.

Firmanamn

Firmanamn skal mest mogleg følgje islandsk ordlaging, og når nye firmanamn skal først inn i det offentlege registeret, er det vanleg at stadnamnemnda blir rådspurd.

Stadnamnregister

Det er ikkje utgjeve noko fullstendig autorisert register over islandske stadnamn, men enkelte kartblad har separate register. Landmælingar Islands har eit internt namne register på arkivkort. Ein ny digital kartserie i målestokk 1:25 000 er påbyrja med Örnefnastofnun som namnekunnig instans.

10.5 Sverige

Skrivemåten av stadnamn

I Sverige har òg fagmiljøet stått sentralt som rådgjevande instans i arbeidet med fastsetjing og bruk av stadnamn. Den Kungl. Ortnamnskommittén (seinare Ortnamnskommissionen) kontrollerte alt frå 1902 namn på offentlege kart. I 1905 vart det vedteke at stadnamn i visse samanhengar skulle skrivast i samsvar med siste utgåva av Svenska Akademiens ordlista (SAOL). Ei rekkje utfyllande forordningar vart vedtekne i åra fram til 1927. Den siste stod fram til 1987, då regjeringa oppheva henne utan å kome med noka ny, men i prinsippet er rettskrivinga i siste utgåva av SAOL følgd seinare.

Offentleg utgreiing

Eit offentleg utval som i 1982 la fram innstillinga *Ortnamns värde och vård* (SOU 1982:45) understreka at det måtte takast både kulturhistoriske, språklege og praktiske omsyn ved fastsetjing av namn og skrivemåte. Utvalet gjorde framlegg om ei stadnamnlov for å sikre ei best mogleg behandling av stadnamn, men departementet gjekk i staden inn for å opprette eit breitt samansett stadnamnråd (Ortnamnsråd), som fekk i oppdrag å føre tilsyn med offentleg stadnamnbruk og arbeide for ei god stadnamnpleie i landet i samarbeid med Lantmåteriverket og stadnamnarkiva.

Lantmäteriverket

Det svenske statlege kartverket, Lantmäteriverket (Gävle), har som det norske Statens kartverk vedtaksmynde for namn på kart, dvs. for namn som ikkje andre offentlege etatar skal gjere vedtak om, og vidare namn som går inn i grunneigedomsregisteret (fastighetsregisteret).

Lantmäteriverket har to avdelingar som arbeider med namn, ei som har ansvar for namn i grunneigedomsregisteret, og ei som gjer vedtak om namn på offentlege kart som ikkje er grunneigedomsnamn. Språklege problem blir tekne opp med stadnamnarkiva.

Namn på kommunar og landstingskommunar blir fastsette av regjeringa. Namn på sokn (församlingar) blir fastsette av Kammarkollegiet

Fastighetsbeteckningsreformen

I 1968 vart det vedteke å opprette nytt grunneigedomsregister (fastighetsregister) i Sverige. Visse endringar vart vedtekne i 1974. I landkommunane vart den nye termen *traktnamn* innført for det som tidlegare var kalla *registernamn*. Byane kunne velje mellom å innføre traktnamn eller halde på dei gamle *kvartersnamna* (kvartalsnamna) som tidlegare fungerte som registernamn. Dei namna som vart valde, måtte ikkje kollidere med andre likelydande namn i kommunen. I det nye registeret har ikkje dei einskilde eigedomane under kvart traktnamn eige namn, berre nummer, men den aktuelle eigedomen kan tildelast eit eige namn (*särskilt* namn) om eit slikt finst. Omlegginga av eigedomsregisteret har ikkje ført til mange endringar i den tradisjonelle namnebruken. Til dagleg blir namna stort sett nytta som før. Namna i det nye eigedomsregisteret blir gjennomgått av Ortnamnsarkivet i Uppsala, som i sin tur hentar inn opplysningar frå dei regionale arkiva. Reforma skal vere gjennomført hausten 1994.

Kommunal namnsetjing

Kommunane gjer vedtak om namn på gater, vegar, parkar og andre kommunale anlegg. Berre ein del av dei større kommunane har egne namneutval. Stockholm fekk eit slikt utval i 1920 (Byggnadsnamndens Namnberedning). Alt i 1923 fekk byen dei første retningslinjene for namnsetjing, og nye reglar er blitt vedtekne i 1962 og 1970, den siste kalla «Namn- och adressnummerstadga för Stock-

holms stad». Namneutvalet har lagt særleg vekt på å kome fram til namn som kan fungere som eintydige og rasjonelle adresser for ein sterkt trafikkert storby som Stockholm.

11 Privat namnsetjing

11.1 Juridiske og praktiske sider

I vårt land finst det over ein million faste eigedomar, frå gardsbruk, fabrikkanelegg og andre verksemdar til hus og husvære, tomter, hytter, forsamlingshus og institusjonar. Kvart år kjem nye til ved frådeling.

Dei fleste grunneigedomane har eigne namn. Ein eigedom som blir skjøyt over på ein ny eigar, held gjeme på det gamle namnet og den gamle skrivemåten, men det er ikkje noko i vegen for at ein eigar når som helst kan ta initiativ til å få namnet på eigedomen endra. Eigedomar som oppstår ved skylddeling, kan få namn som er knytte til staden frå før, eller dei kan få nye namn. Tradisjonelt har namnet vore ein viktig del av identifikasjonen til ein eigedom, og i den gamle grunnboka har namnet vanlegvis vore oppført. Men etter at det dataførte Grunneigedomss-, adresse- og bygningsregisteret (GAB) med bruksnummer som hovudidentifikasjon vart oppretta, har eigedomsnamnet fått mindre å seie i denne samanhengen.

Det har vore noko skiftande praksis rundt om i kommunane når det gjeld innføring av eigedomsnamna i GAB. Der dei er tekne med, er stort sett skrivemåten i grunnboka nytta. Desse skrifformene avvik

ofte frå dei som forskriftene påbyr. Men ei justering her vil måtte ta lang tid. I første omgang kunne ein tenkje seg ei samordning med vedtekne skrivemåtar i Sentralt stadnamnregister.

Tinglysingslova

seier ikkje noko om namnsetjing av tinglyste eigedomar.

Delingslova

Lov av 23.juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom, med endringar av 5. juni 1981 og 18. mai 1990, gjev reglar om namnsetjing ved deling av fast eigedom i § 5-3:

Det kan brukes navn på eiendommene i målebrev. grunnbok m. v. Navnet bestemmes av eieren.

Dersom navnet allerede er i bruk som slektsnavn og ikkje hører til de mer vanlige, kan navnet bare velges dersom eieren dokumenterer at navnet har gammel, nedarvet tilknytning til eiendommen.

Adresse bør ikke brukes som bruksnavn. Oppmålingsmyndigheten kan slette slike bruksnavn når adressen endres. Melding om slettelse sendes tinglysingsdommeren og hjemmelshaveren.

Det noverande andre avsnittet kom inn som endring då stadnamnlova vart vedteken. Tidlegare lydte dette avsnittet:

Som nye bruksnavn må ikke velges navn som allerede er i bruk som slektsnavn og er lite utbredt. Bruksnavnet og skrivemåten må høve på det stedet eiendommen ligger.

Grunnen til endringa var at det syntest urimeleg at ikkje eit nedarva stadnamn skulle få status som bruksnavn sjølv om det fall saman med eit eksisterande slektsnavn. Denne avgrensinga hadde i sin tur

samanheng med *personnamnlova* (lov av 29. mai 1964 nr. 1, med endringar av 8. juni 1979). Etter § 9-4 kan ein søkje om å få til slektsnamn

... namnet på eit gardsbruk eller ein plass som han sjølv eller nokon av foreldra eig og har ått i minst 10 år eller namnet på eit gardsbruk som han sjølv eller foreldra brukar, såframt bruksretten er fastsett for levetid og er nytta i minst 10 år, eller har vore nytta i minst 20 år.

Denne paragrafen gjer det altså mogeleg å ta bruksnamn til slektsnamn når dei nemnde vilkåra er innfridde. Men det er framleis ikkje høve til å velje eit mindre vanleg (verna) slektsnamn som eigedomsnamn når det *ikkje* har tilknytning til eigedomen. Personregisteret i Statistisk sentralbyrå, eventuelt tinglysingsmakta, vil kunne opplyse om eit aktuelt namn er fritt eller ikkje.

Av bruksnamn-paragrafen i delingslova går det altså fram at det *kan* nyttast namn på eigedomen, og at det er eigaren som skal avgjere namnet. Eigaren står likevel ikkje heilt fritt. I tillegg til avgrensinga i høve til verna slektsnamn skal skrivemåten av bruksnamn som fell saman med nedarva stadnamn, fastsettast av Statens kartverk etter reglane i § 5, andre ledd i stadnamnlova.

Namnet bør høve på staden

Den nye paragrafen i delingslova seier ikkje noko om at eit bruksnamn må høve på staden, slik den gamle paragrafen gjorde. Det er likevel grunn til å oppmode om at dette prinsippet blir følgd. Det nye namnet bør passe til terrengtilhøva og gli naturleg inn i det lokale namnemiljøet.

Ikkje adresse som bruksnamn

Lova seier vidare at *adresser* ikkje kan nyttast som bruksnamn, jamvel om det har vore vanleg i byar og tettstrok. Det heng m.a. saman med at adresseregisteret skal skiljast frå grunneigedomsregisteret. Framleis vil nok ein eigedom med namnet *Lykkja* kunne ha t.d. *Lykkja 5* som adresse, medan eigedomen *Lykkjebu* kan ha adressa *Lykkja 7*.

Men «Lykkja 5» og «Lykkja 7» kan altså ikkje vere *både* eigedomsnamn og adresse. Derimot kan ein eigedom ha berre *bruksnummer* som nemning, t.d. kan eigedomen «25,73» ha adressa «Lykkja 5», medan eigedomen «25,74» kan ha adressa «Lykkja 7» .

Namnet kan nyttast i målebrev

Etter delingslova *kan* altså nye eigedomar namnsettast, men kommunane står fritt når det gjeld å praktisere dette leddet. Somme kommunar ber eigaren melde i frå om namnet på eigedomen, andre gjer det ikkje. Ofte er det slik at nye byggje- og hyttefelt har eit fellesnamn, og at kvar eigedom eller tomt berre får påført bruksnummer i målebrevet. Men eigaren har alltid høve til å få eit særskilt namn på eigedomen tinglyst, sjølv om dette ikkje har så mykje å seie i praksis. Vel så viktig for kjennskapen til namnet er at det blir innarbeidd i andre samanhengar, t.d. ved privat skilting og som tillegg til den offisielle adressa. I telefonkatalogen er gards- og bruksnamn ofte oppførte i tillegg til den offisielle adressa.

Stadnamnlova

Om fastsetjing av skrivemåten av bruksnamn seier stadnamnlova i § 5:

Eigar eller, dersom eigedommen er festa bort, festar fastset skrivemåten av bruksnamn.

Skrivemåten av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglar i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal likevel fastsettast etter reglane i §§ 4 og 6.

Det siste vil seie at den nedarva uttalen skal leggjast til grunn for skrivemåten, og at ein skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp. Men eigaren/festaren har rett til å uttale seg om skrivemåten av slike namn. Vedtaksorganet for slike namn er som regel Statens kartverk. Når det er reist namnesak på namn som er bruksnamn, skal kommunen gjere eigaren/festaren merksam på det saman med ei førebels tilråding frå namnekonulentane. Eigaren/festaren har høve til å gjere

sitt syn kjent overfor kommunen, som i sin tur ekspederer saka vidare til namnekonsulenttenesta, som så sender si endelege tilråding til vedtaksorganet. Eigaren/festaren skal få melding om namnevedtaka.

Firmalova

I denne samanhengen er det ikkje aktuelt å gå særskilt inn på namngjeving av firma, selskap o.l. Vi vil berre vise til *lov av 21. juni nr. 79, 1985 om enerett til firma og andre forretningskjennetegn (firmaloven)*, der det i § 2-1 første ledd heiter:

Et firma må være egnet til å bli oppfattet som navn for en bestemt juridisk person eller for et bestemt enkeltmannsforetak. En alminnelig betegnelse for virksomhetens art eller de varer eller tjenester som utbys, eller navn på fylker, kommuner eller lignende områder, kan ikke nyttes som firma.

§ 2-2 første ledd lyder:

Firma for enkeltmannsforetak skal inneholde innehaverens slektsnavn.

§ 2-4 første ledd lyder:

Firma for enkeltpersons foretak eller ansvarlig selskap må ikke inneholde annet personnavn enn innehavers eller fullt ansvarlig deltakers navn.

§ 2-6:

Såfremt det ikke foreligger samtykke fra vedkommende rettighetshaver, må et firma ikke:

- 1. inneholde noe som er egnet til å oppfattes som annens navn, kunstnernavn eller lignende, med mindre det åpenbart siktes til en forlengst avdød person;*
- 2. inneholde noe som er egnet til å oppfattes som alminnelig kjent navn på en stiftelse, ideell foreining eller lignende sammenslutning;*

- 3. inneholde noe som er egnet til å oppfattes som den særpregede tittel på en annens vernede litterære eller kunstneriske verk, eller som særskilt laget navn i slikt verk, hvis navnet er blitt alminnelig kjent;*
- 4. være egnet til forveksling med firma eller varemerke som er vernet for en annen, eller som blir registrert etter tidligere inngitt melding;*
- 5. inneholde særegent navn på annens faste eiendom, eller noe som kan forveksles med det.*

Foretaksregisteret i Brønnøysund kan opplyse om eit firmanamn kan godkjennast.

Varemerkelova

Lov av 3. mars 1961 nr. 4 om varemerker seier i § 3 at

Enhver har rett til i næring å bruke sitt navn eller sitt firma som kjennetegn for sine varer, når det ikke skjer på en slik måte at det blir egnet til å forveksles med varemerke, firma eller navn som allerede er vernet.

Då varemerkelova vart utarbeidd, vurderte komiteen å forby registrering av merke som inneheldt namn på annanmanns faste eigedom, men gjekk bort frå det av di det ville vere vanskeleg å praktisere, og av di det ville medføre ei avgrensing av aktuelle varemerke. Men det ligg ei avgrensing i bruken av kjende stadnamn som varemerke – ein produsent får ikkje ta som varemerke namnet på ei bygd dersom han ikkje held til i bygda, og dersom det er truleg at same produktet kan kome til å bli framstilt av ein produsent i denne bygda.

Elles står produsentane nokså fritt når det gjeld å ta stadnamn som varemerkenamn. *Jan Mayen* vart godkjent som varemerkenamn for ein svensk søkjar for eit reingjeringsmiddel. Mange norske sportsartiklar har fått namn etter kjende stader i norsk natur, t.d. *Dovre fjell*, *Rondane*, *Kikut*.

11.2 Døme på namnsetjing av grunneigedomar

Dei fleste grunneigedomane har namn, men stundom er det aktuelt å gje namn på nyare bruk. Ofte finst det alt eit namn som det er naturleg å nytte på eigedomen. Andre gonger må ein lage namn, og då kan det vere eit godt råd å velje slike som karakteriserer staden, t.d. *Knausen, Hjallen, Gamleslåtten, Flaten, Bergfall, Bergheim* (det siste høyrer til ei gruppe som har vore svært populært som hyttenamn). Imperativnamn av typen *Kikut, Sjøåfram* har òg tradisjon austafjells.

Ei anna løysing på namngjevinga er å lage eit namn ut frå eit anna eksisterande namn på eller ved eigedomen (relasjonsnamn). Om eit stykke blir fråskilt ein større eigedom *Moen*, kan den nye parsellen få namnet *Mosanden* eller *Mobakken* etter som det høver med terrenget. Ofte vil det finnast eldre teignamn eller utmarksnamn og naturnamn som kan få nytt liv ved at dei blir dregne inn som eigedomsnamn. Men ein bør ikkje trekkje inn namn som ligg så langt borte frå eigedomen at det er unaturleg å nytte dei.

Gardsbruksnamn

Ein stor del av eldre eigedomsnamn gjeld namn på gardsbruk. Det tradisjonelle mønsteret er her at ein eldre gard (matrikkelgard) utgjer eitt eller oftast i fleire bruk, og kvart bruk har eige namn. Ofte er bruksnamnet det same som gardsnamnet, t.d. kan bruk nr. 1 og 2 under garden *Vik* òg heite *Vik*, i alle fall offisielt, medan bruk nr. 3 kan heite *Stranda*, og bruk nr. 4 *Sjøteigen*. Når fleire bruk har same namnet, vil det oftast vere slik at det enkelte bruket har eit daglegnamn, t.d. *Nordigard, Sørigard* eller *Oppistog Vik, Neristog Vik* (jf. kap. 2.19). På Økonomisk kartverk har mange slike daglegnamn på bruk kome på trykk. Det bør også vere høve for eigarane å innføre bruksnamn av denne typen som offisielt namn dersom det namnet som står i matrikkelen (grunnboka), ikkje er i levande bruk. Dette vil dessutan vere med på å vidareføre ein nedarva namnetradisjon. Daglegnamn har dessutan ein klarare adressefunksjon enn namn som stort sett berre førekjem i skrift.

Alt i alt finst det mange namneformer i matrikkelen/grunnboka som ikkje er nytta i daglegtale. Ein del av desse namna kan reflektere ein eldre namnetradisjon, men ofte er det tale om namn som vart konstruerte ved matrikuleringa. I Os i Østerdalen er t.d. *Naren, Odden, Nygarden* daglegnamn for matrikkelformene *Narbu volden, Narjordet søndre, Narjordet østre*.

Dersom ein tek føre seg eigedomsregisteret i ein kommune, særleg der det er tettare busetnad, vil ein finne mange ulike namnetypar på tufter, hus og hytter, alt frå heilt framande namn som *Casanova, Meklenburg, Marienlyst, Kildevæld* til heimlege namn som *Brenna, Bergfall, Lindeskor, Pundhåjen* ('oppunder haugen'). Ofte har folk døypt staden med eit «finare» namn enn det som er brukt frå før, t.d. *Solheim* for *Bakkelykkja, Solli* for *Sjøledet*. Ein god del av slike «papirnamn» kjem aldri i aktiv bruk og har i det heile liten praktisk funksjon.

For å vise kva typar eigedomsnamn som vanlegvis er brukte, har vi her teke med eit representativt utval frå eigedomsregisteret i Hole (stort sett registrerte før 1950):

Eigedomsnamn frå Hole i Buskerud

a) Tradisjonelle stadnamn

Bakken	Rundstykket
Brenna	Sletta
Hagan	Smiubakken
Kastet	Steinløsa
Knatten	Tajet
Kvernhusløgga	Stykket
Lamyr	Teigen
Mattisplassen	Veverstykket

b) Nye namn som er laga ut frå tilhøva på staden

Furuholmen	Helgemo
------------	---------

Furuholt	Høgstet
Furuli	Langkastet
Furumo	Neskastet
Furuvoll	Sandmo

c) *Nye namn med positivt innhald*

<i>Namn på Sol-:</i>	<i>Namn på -heim:</i>	<i>Namn på -ro *):</i>
Solbakken	Bergheim	Elsero
Solborg	Fredheim	Kariro
Solengen	Åsheim	Kairo
Solgløtt		Kveldsro
Solhaug	<i>Namn på -ly:</i>	
Solheim	Borgly	<i>Andre:</i>
Solhvil	Furuly	Breidablikk
Solhøy	Stenly	Fjellhvil
Solmo		Fjordgløtt
	<i>Namn på -bo, -bu:</i>	Fjordstup
	Bittebo	Hygga
Solstrand	Jularbo	Kvila
Solstua	Ragnebu	Rolighet
Solvang	Spurvebo	Sollyst
Solvik	Trollbua	Utsikten
Solvoll	Tussebo	

*)ordet ro tyder både 'kvile' og 'krå, krok', og bae kan høve på hyttenamn. Kairo kan dessutan ha ei tredje tyding.

Namn etter framande språkmønster

Beverly	Meklenburg
Bloksberg	Ny York
Frydenhagen	Pipenhus

Frydenlund	Sakrom
Høyenhall	Scala
Kronborg	Villa Moe

Sju måtar å lage eigedomsnamn på

Dei vanlegaste namngjevingsmåtene på privat grunn kan summerast opp slik:


1. Eldre namn på eigedom eller i tilknytning til eigedom, t.d. *Bråtan, Lykkja*.
2. Eldre namn på eller ved eigedomen pluss eit nylaga karakteriserande tillegg (terrengord) som *-bakken, -haugen, -bua, -hytta, -stua*, t.d. *Lykkjebakken*.
3. Nylaga stadnamn som fortel om tilhøva på staden, t.d. *Rinden, Veita, Bjørkelia, Skredhaugen* (unngå «falsk» namngjeving, t.d. *Eikeli* om ei hytte på ein flate der det ikkje finst eik).
4. Oppkalling etter person, t.d. *Peratunet, Sigridplassen, Torsrydningen, Viddingsstykket*.
5. Oppkalling etter ein stad, t.d. *Bergen, Toten, Danmarks plass/ Danmarksplassen*.
6. Nylaga namn, oftast med rosande eller anna positivt innhald, t.d. *Fredly, Kvila, Lykleungen, Lyrygrend, Solvang*.
7. Utanlandske namn, litterære namn og fantasnamn, t.d. *Meklenburg, Schønebrunn, Montebello, Valhall, Et dukkehjem*.

11.3 Namn på verksemder

Firmanamn og stadnamn

Ofte vil det vere knytt særlege interesser til eigedom i samband med næringsverksemd på staden. Eigarane vil i mange høve nytte eit firma eller produktnamn som offisielt namn, og her kan det vere vanskeleg å avgjere om namnet «høver» på staden. Eit firmanamn som A/S

Stålplast kan høve godt for sjølve verksemda, men ikkje som eit lokalisierende stadnamn. Dersom A/S *Stålplast* etablerer seg på ein eigedom med det tradisjonelle namnet *Hamnebakken*, bør staden framleis kallast *Hamnebakken*, m.a. for di firmanamn ofte har ein kortvarig karakter i høve til vanlege stadnamn. Sameleis bør det gamle namnet *Sandbakken* med fordel kunne nyttast på ein eigedom som A/S *Sand og betong* etablerer seg på, og *Kikut* bør heite slik etter at *Larsens pensjonat* har kome i gang. Firmanamnet vil i alle høve bli kjent i samband med verksemda på staden. På kart vil det ofte vere aktuelt å føre opp firmanamnet i tillegg til det eventuelle eldre stadnamnet.



Elles kan det vere vanskeleg å skilje mellom det ein tradisjonelt oppfattar som stadnamn, og det som er firmanamn, institusjonsnamn o.l. Stundom går eit firmanamn over til å fungere som stadnamn og, t.d. er *Christiania Spigerverk*, i daglegtale *Spikerverket*, nytta om både staden og verksemda (om firmanamn sjå kap.11.1).

Hotell- og serveringsstader

Hotell og serveringsstader kan ha vanlege lokalisierende namn som *Brekkestranda fjordhotell*, *Knausen hotell* eller meir spesielle namn som *Kaptein Linge Hotel*. Dette siste namnet er laga etter engelsk mønster, både ved at *hotel* er skriva med enkel *l*, og ved at personnamnet står utan genitivs-s. Etter norske rettskrivingsreglar burde namnet lyde *Kaptein Linges hotell* eller med samanskriving *Kaptein Linge-hotellet*. Andre reint engelske stavemåtar finn ein i namn som *Highland Hotel*, *Westland Hotel*, *King Oscar's Hall*. Ei rekkje hotell

høyrer til kjeder, som *Holmenkollen Park Hotel Rica*. Slike lange namnekombinasjonar høver dårleg med tradisjonell norsk namnelaging. Eit anna langhenta turistsenternamn er *Tropicana* på Gol.



I seinare år har det vakse fram talrike serveringsstader og pensjonat med utanlandske namn, særleg engelske, som *Fagerli Pub*, *Kampen Inn*, *Hawaii Inn*, *Chinese Steak-House*, *Pizzeria Vina del Mar*. Meir originale er ordspelnamn som *By the Way*, og *Hell Drive in* (det siste på *Hell* i Nord-Trøndelag. Fleire kjeder som *Burgerking* og *McDonald* har etablert seg på ulike stader. Her kan vi og nemne danseskulen *Let's Dance*, kledsbutikken *Better Bodies*.

Heller norsk enn engelsk

At innehavarar av etablissement som tilbyr utanlandske produkt, særleg i matvegen, ønskjer å nytte namn som kan assosierast med dei aktuelle landa, er rimeleg. Men etter mange si meining har dei framandspråklege namna, særleg dei engelske, blitt for dominerande også der det ville vere like bra og betre med norske namn. Eit par av dei større byane har teke initiativ overfor forretningsstanden med oppmoding om i større grad å bruke norske namn.



Norsk språkråd har reagert på den aukande bruken av engelsk i slike namn og har sett i gang ein språkreinsingskampanje. Verksemdar som har fått påskjøning for gode norske namn, er restauranten *Grøn Pepper*, kledsbutikken *Topp Til Tå*, undertøybutikken *Det Lille Under*, vaskeriet *Vaskeladden*, skomakarverkstaden *Vesleflikk*, hårsalongen *Vill-Lokk*. Språkrådet har derimot ikkje kommentert bruken av store bokstavar i desse namna. Etter reglane skal liten bokstav nyttast i det eller dei orda som ikkje står på førsteplass i namnet (bortsett frå når eit anna særnamn står først). Når stor førebokstav er nytta i alle ord på namneskilt o.l., er det truleg av di ein trur det kan framheva innhaldet.

Turisthyttene har i langt større grad namn som er laga i samsvar med lokal namnetradisjon. Mange inneheld eit ord for hytte eller bustad, t.d. *Mårbu*, *Gjendesheim*, *Saltfjellstua*. Her bør ein bruke sisteleddet i den forma som høver med målføret, t.d. *-stua*, *-stugu*, *-stega*, *-stova*, men innanfor reglane for skrivemåten av stadnamn. Ofte blir namnet på staden nytta som hyttenamn utan noko tillegg, som i *Raudhelleren*, *Sandhaug*, *Stavali*.

På Austlandet har imperativnamn av typen *Stig inn*, *Pust ut*, *Gå ta*, *Fyll på* vore vanlege i eldre tid for gjestgjevarstader. Eit par namn av denne typen som i særleg grad har overlevd, er trafikknutepunktet og bensinstasjonen *Fyllpå* ved Sandefjord og *Bislett* (Bi-så-litt) i Oslo. Elles er det ikkje så vanskeleg å finne gode norske namn om ein vil. Eit artig døme på namngjeving av ein kafé er *Kakebua* i Florø. Kafeen er innreidd i ei gammal sjøbu.

Forretningssenter

I aukande grad har det rundt om i landet kome opp forretningssenter, ofte med nylaga og framande namn som *City Syd* i Trondheim. Eit *City Nord* i Bergen har vore på tale, men her har Statens vegvesen skilta med *Åsane senter*. Denne namneforma er i alle fall betre enn den engelske, sjølv om «senter»-namna òg har spreidd seg som ein farsott. Andre døme på nyare namn på forretningssenter i Bergen er *Kilden*, *Lagunen Oasen*, alle utan lokal tilknytning. Ein norsk avløyser kunne vere *Handelstorget* eller *Krambutorget* om ikkje eit lokalt stadnamn låg nærare til.

Bygningar og rom

Også bygningar og rom er det ofte aktuelt å gje særskilde namn. I mange høve vil ein nøye seg med å nytte namn i samsvar med bruken eller føremålet med bygningen eller rommet, og då gjerne namn som svarar til den tradisjonelle nemningsbruken (appellativistiske namn), t.d. *Våningen*, *Løa*, *Kårhuset*, *Stova*, *Bua*, *Salen*, *Arka*, *Hallen*, *Telegrafan*, *Postterminalen*. Mange vil ikkje sjå på desse orda som verkelege namn og difor skrive dei med liten førebokstav. I andre høve er det tale om ei meir medviten namngjeving, ikkje berre av villaer, hytter og andre eigedomar (jf. ovanfor), men og av rom og delar av bygningar.

Større bygningar har ofte namn etter eigar eller føremål, t.d. *Philipsbygget* i Oslo, *Brennbygget* i Tromsø, *Handelshøgskolen* i Bergen. Universitetet i Trondheim har to hovudavdelingar: *Noregs tekniske høgskole* og *Noregs lærarhøgskole* (sidan 1984 samanslegne under *Universitetet i Trondheim*). Den siste har sidan 1979 halde til i eit nytt bygg på Dragvoll, og dei einskilte delane av prosjektet er nemnde

med nummer frå 2 til 5. Ved Universitetet i Oslo har kvar bygning som regel fått namn etter funksjon eller etter kjende personar, t.d. *Fysikk- og kjemibygget*, *Wergelands hus*. Ved Seljord folkehøgskule ligg dei fem elevbygningane i eit tun, og kvart hus har fått namn etter tradisjonell bruksdeling: *Austgarden*, *Vestgarden*, *Midtgarden*, *Uppigard*, *Uppistog*.

Undervisningsrom er namngjevne anten berre med *eit* ord for undervisningsrom pluss eit nummer, t.d. *Auditorium 1*, *Seminarrom 11*, eller med eit særskilt namn som *Sophus Lies auditorium*. Akademiet i Rauland har gjeve undervisningsromma namn etter kjende telemarkingar: *Vaagensalen*, *Vesaassalen*, *Vinjesalen*. I Holmenkollen Park Hotel er salongar og salar gjevne namn etter idrettsmenn og idrettskvinner, oppdagarar og andre som har gjort landet kjent, t.d. *Sonja Henie*, *Trygve Lie*, *Roald Amundsen*. Desse namna er skrivne utan tillegg av *-sal*, *-salong* e.l.

Forsamlingshus



Rundt om i landet finst det mange forsamlingshus, og namna på desse lokala speglar ofte av ideologiske sider ved lag og organisasjonar som eig eller driv huset. Såleis har ungdomshus ofte namn som *Gimle*, *Trudvang*, *Framheimen*, *Vonheim*. Desse er i seinare tid avløyste av meir appellativiske namn som *Ungdomshallen*, *Ungdomshuset* (ofte med eit grende- eller bygdenamn føre). Ein meir lokal svip har *Vassvøretun* (Voss) nytta om ungdomshuset til vassvørene (folk

frå Evanger). Lokale stadnamn er stundom nytta på slike forsamlingshus, t.d. *Krossvoll* (Ullensvang). Forsamlingshus med meir allmenne føremål har somme stader, helst i typiske arbeidarstrok, fått namn som *Folkets hus*, *Samfunnshuset*. I seinare år er det bygd ei rekkje store kombinerte forsamlings- og idrettsbygg der *hall* er nytta i namngjevinga, t.d. *Nordreisahallen*, *Årdalshallen*, *Kristins Hall*. Det siste namnet burde etter tradisjonell namnelaging lyde *Kristin(s)hallen*.

Ei anna gruppe forsamlingshus er dei som er bygde for religiøse føremål. Som nemnt skal kyrkjer få fastsett namn ved kgl. res. Etter først å ha vore til vurdering hjå lokale instansar. Det same gjeld annekskyrkjer. Bedehus og frikyrkjelege forsamlingshus blir som regel namnsatte av den forsamlinga som eig dei. I vårt land finst det mange, helst noko eldre, bedehusnamn med bibelsk bakgrunn, t.d. *Betel*, *Efraim*, *Filadelfia*. I seinare tid er det blitt meir vanleg med konstruksjonen stadnamn + ord for forsamlingshus, t.d. *Jondal bedehus*. Til dei fleste kyrkjer og kapell høyrer det andre bruksbygningar som *Menighetshuset*, *Kyrkjelydshuset*, *Storsalen* o.l. I staden for eit slikt kanskje litt keisamt namn kunne ein kalle forsamlingshuset direkte etter staden det ligg på.

11.4 Skrivemåte av namn i privat bruk

Stadnamnlova gjeld generelt ikkje stadnamn i privat *bruk*. Personar organisasjonar, tiltak osv. kan skrive og bruke stadnamna slik del ønskjer i privat samanheng. Men det er all grunn til å rå til at den offisielle skrivemåten blir følgd mest mogeleg også i det private. Korrekt språkbruk bør vere eit mål i alle samanhengar.

Val av namn og *fastsetjing* av *skrivemåte* på private namneobjekt er heller ikkje (med eit viktig unntak, sjå neste avsnitt) underlagt stadnamnlova. Men atter er det grunn til å oppmode om å følgje reglane for rett skrivemåte og god namneskikk slik dei kjem fram i denne handboka.

Dersom ein privat grunneigedom har eit nedarva stadnamn som skal brukast av det offentlege, skal det likevel skrivast etter reglane i stadnamnlova. Slike namn skal som regel fastsetjast av Statens kartverk, men det skal takast omsyn til eigaren sitt ønske.

12 Innsamling, arkivering og stadnamnregister

12.1 Innsamling av stadnamn

Ein viktig føresetnad for god namnsetjing i eit lokalsamfunn er at det nedarva namnetilfanget i området er tilgjengeleg. Berre i ein mindre del av kommunane er det til no gjort meir eller mindre fullstendige stadnamninnsamlingar. Det bør difor vere ei prioritert kulturoppgåve å registrere systematisk alt namnetilfang i dei kommunane det ikkje er gjort før. Der innsamlinga er komen i gang, bør arbeidet påskundast. I tillegg til stadnamn i munnleg tradisjon bør ein ta sikte på å registrere namn i skriftlege kjelder, særleg i utskiftingskart og utskiftingsforretningar, og elles i lokalhistoriske samlingar og bøker.

Framgangsmåte

Plassen tillet ikkje nokon utførleg omtale av framgangsmåten for stadnamninnsamling. I litteraturlista bak i boka vil ein finne fleire hefte og handbøker som går grundig inn på oppgåva. Her skal vi nøye oss med nokre hovudpunkt.

Ei detaljert stadnamninnsamling i eit større område, t.d. i heile kommunen eller i eit sokn, vil krevje stor lokal innsats og vil måtte ta

tid, oftast fleire år. I mellomtida trengst det kanskje stadnamn i samband med namnsetjing av enkelte bustadfelt, og då vil det vere nyttig å utføre ei meir kortsiktig og avgrensa innsamling i det området feltet ligg. Dersom ein ikkje har opplysningar om stadnamna i området i det heile, kan det vere aktuelt at namnekomiteen tek på seg den nødvendige innsamlinga. Ein bør likevel prøve å samordne dette registreringsarbeidet med den innsamlinga som eventuelt er i gang eller planlagt i kommunen. Før innsamlinga tek til, kan ein kontakte det næraste universitetet eller den næraste høgskulen for å høyre om det finst innsamla namnetilfang frå før. Namnekonulenttenestene vil og kunne gje opplysningar.

Til hjelp i innsamlinga er det utarbeidd spesielle namnelister eller skjema (jf. døme neste side). For meir avgrensa område kan ein føre opp namneopplysningane på vanlege ark.

NR.	STADNAMN (DAL, ØK, EKT, DATIVERB)	NAVN PÅ	ANDRE OPPLYSNINGAR (BOK, HØYR, HVET OM DET TRØKKER, EFT. BAKSIDA)	GARD/BRUK NR.	KART-RUTE	OPPLASSING / LYDSKRIFTER	LYDBAR TELEVEI																									
7	Bokketrøvøllen PREP: på -a	säter	Kva er dette namn på? (Jorde, skogsbykke, telg, gard, satser, bruk, bustad, vassfår, fjell, flate, skjer, e.l.)	139/32	D4																											
8	Nasterlanve PREP: på -a	flate	Korleis ser staden ut? Kva kjem navnet av? Ta med alle opplysningar som kan vere av interesse. Om du nyttar baksida av arket - hugs å seie nummer til namnet.	11	D4-5																											
			Gardsnummer / Bruksnummer på eiendommen der staden ligg. (Står ofte på ØK-kart)																													
			Høyre til Bokketrøa, i bruk som fritidsplass																													
			Strekninga langs Sætersjøen frå Sandbøkkøst til Djupbøkkvika																													
			Kartet skal delast inn slik:			Skal fyllast ut på innsidet.																										
			<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>A</th> <th>B</th> <th>C</th> <th>...</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>1</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>2</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>3</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>...</td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </tbody> </table>		A	B	C	...	1					2					3					...								
	A	B	C	...																												
1																																
2																																
3																																
...																																
			Merk kassetilfane med nr. frå 1 og oppetter, og skriv på kva for eit kart det gjeld. *Teljeverk blir fylt ut på instituttet.																													

STADNAMNLISTE NR. 1 AV 5
 OPSKRIVAR: Betolv Helleland
 FYLKE: Hedmark
 KOMMUNE: Os
 TIDL. HERÅD: Os
 SOKN: Os
 DATO: 31.01.1921
 N.N.
 F.ÅR: 1921
 KARTBLAD (ØK):
 NAMN: Sætersjøen
 NR: GR 107-5-4

Namnenummer

Kvart namn innanfor eit område får eit nummer frå 1 og oppetter. Dette nummeret, som er eit identifikasjonsnummer for namnet, skal stå i kolonnen lengst til venstre på lista. For større innsamlingar kan det vere praktisk å bruke ein fortløpande nummerserie innan kvart kartblad.

Kartfesting

Namnenummeret skal og stå på kartet på det punktet eller området der namnet høyrer heime. Når det er plass, kan ein gjerne føre namnet rett på kartet i tillegg til nummeret. Det beste kartgrunnlaget er Økonomisk kartverk i målestokk 1:5 000, eller generalplankart, reguleringskart og andre kart i større målestokkar om dei finst. For å lette orienteringa på kartet nyttar ein det påtrykte rutenettet. Ein set bokstavar A, B, C osv. i kartmargen frå venstre mot høgre (midt over kvar rute), og tal 1, 2, 3 osv. nedetter. Eit namn kan då t.d. finnast i rute B2. Denne rutetilvisinga set ein i kolonnen for kartrute. Namnet og nummeret på kartet står oppe på skjemaet.

Dialektform

Kvart namn bør i første omgang skrivast opp etter uttalen. Ein kan nytte vanlege bokstavar så langt det let seg gjere (eller lyd skrift dersom ein kan det), t.d. *Håjen* eller /'hå:jen/ (*Haugen*), *Sjøvæjen* eller /'sjo:væjen/ (*Sjøvegen*). Normalisert skrivemåte kan ein føre opp i kolonnen til høgre, eventuelt når det er aktuelt å nytte namnet i offisiell samanheng (t.d. som vegnamn).

Kva det er namn på (lokalitetstype)

For kvart namn som blir registrert, bør ein få med opplysningar om kva slags lokalitet det gjeld, t.d. gardsbruk, bustad, slåtteteig, stig, myr, knaus osv. Skjemaet har ein eigen rubrikk for lokalitetstype.

Andre opplysningar

Det er og nyttig å få opplysningar om tilhøva *før* området eventuelt vart oppdyrka eller regulert. Kva vart området nytta til tidlegare? Kva markslag er det tale om, og kva plante- og dyreslag er eller har vore

typiske for området? Knyter det seg nokon spesiell tradisjon til staden? Slik informasjon har interesse når ein skal finne fram til gode namn for nye anlegg.

Informantar

Dei beste opplysningane om namnetilfanget og lokale tilhøve elles i eit utbyggingsområde vil ein få hjå eldre personar som er oppvaksne på staden, og som har budd der det meste av livet, og som er støe i dialekten. Oftast vil det seie den eldste generasjonen på gardane i eller ved innsamlingsområdet. Også andre som er godt kjende i lokalmiljøet, kan gje nyttige opplysningar om namnebruken i eldre tid. Resultatet av innsamlingsarbeidet vil vere avhengig av både tilgangen på gode informantar og kor flinke innsamlarane er til å få heimelsfolka i tale. Gode informantar bør ein ta opp på lydband.

Organisering av innsamlinga

Organiseringa av innsamlingsarbeidet er viktig. Namnekomiteen eller interesserte einskildpersonar kan utføre ei avgrensa innsamling i samband med namnsetjinga av bustadfelt o.l. Men dersom ein vil utføre ei meir systematisk innsamling, må arbeidet leggjast breiare opp. Det vil då ofte vere aktuelt med fleire deltakargrupper, både av einskildpersonar og organisasjonar, t.d. historielag og bondekvinnelag. Pensjonistar har her som i andre samanhengar vist seg å vere ein stor ressurs. I mange kommunar har enkelte eldre gjort ein imponerende innsats som stadnamninnsamlarar.

Kulturkontoret i kommunen bør ha eit administrativt ansvar. Det bør vere ein eller fleire ansvarlege personar som ser til at arbeidet blir gjennomført på ein fagleg god måte. Dei einskilte medarbeidarane bør få ei viss opplæring på førehand. Kurs i stadnamninnsamling kan organiserast i samarbeid med det næraste universitetet eller høgskulen.

12.2 Stadnamnarkiv

Lokal arkivering av stadnamn

Når den lokale namnekomiteen står for ei avgrensa innsamling, t.d. i eit utbyggingsområde, er det naturleg at komiteen tek vare på og arkiverer det innkomne tilfanget. Det gjeld i alle tilfelle opplysningar i tilknytning til dei namna som blir nytta i den kommunale namnsetjinga. Solid bakgrunnsmateriale for dei einskilde namnesakene vil vere viktig dersom det seinare kjem spørsmål om namneval og namnevedtak (sjå nærare om arkivering i *Adresser og stadnamn. Del 1*, kap. 9).

Kartotek kort

I sokn eller heile kommunar der den meir fullstendige stadnamninnsamlinga er i gang eller er fullført, bør ein ta sikte på å setje opp alfabetiske namneregister for heile området. Ein tradisjonell måte å ordne dette på er å nytte arkivkort i t.d. A6-format. Ved sida av hovud registeret kan ein ha eit alfabetisk register for kvar gard eller for kvart kartblad.

Dataregistrering

Etter kvart er det blitt meir vanleg å nytte dataregistrering ved tilrettelegging og arkivering av namnemateriale. Med denne teknikken vil ein ha langt betre grunnlag for sortering og ordning etter ulike kriterium. Det finst ulike databaseprogram, men dei fleste har det til felles at dei ulike opplysningane om namn (oppslagsform, dialektform, kartreferanse, kva det er namn på osv.) blir skrivne inn på særskilde felt som så kan sorterast etter ønske. Namneavdelingane ved det næraste universitetet eller den næraste høgskulen vil som regel kunne gje opplysningar om programtype.

Namnefagleg rettleiing

Dersom ein ønskjer fagleg rettleiing ut over det ein finn i tilgjengeleg litteratur, kan ein vende seg til dei namnefaglege institusjonane. Ein kan m.a. søkje om kurs for lokale innsamlarar. Desse institusjonane har og større regionale namnesamlingar. Avdeling for namnegrans-

king ved Universitetet i Oslo har samlingar for heile landet. Fleire institusjonar er i gang med dataregistrering av både tidlegare og nyare innsamla stadnamnmateriale.

12.3 Stadnamnregister

Kommunale stadnamnregister

Bykommunane og ein del landkommunar med større tettstader har eigne adressekart med namneregister, men då hovudsakleg med dei offisielle adressenamna.

Nokre byar har og gjeve ut stadnamnleksikon med tydingar av gatenamn og andre allment kjende stadnamn i området. Eit slikt produkt vekkjer interesse både hjå fastbuande og tilreisande og burde vere eit mål for fleire kommunar. Forfattarar av slike leksikon bør helst ha namnefagleg eller annan språkvitskapleg bakgrunn. For nokre få av dei større bykommunane har hovudfagsstudentar lagt fram vitskaplege utgreiingar om gate- og vegnamna (jf. litteraturlista bak).

Somme kommunar har publisert alle stadnamna for heile eller ein del av kommunen, ordna etter kartblad eller gardsområde. Slike utgåver tek sikte på å gjere namnematerialet kjent og treng ikkje ha namnetolkingar. På grunnlag av eit slikt djupinnsamla namnemateriale er det rå? å lage særskilde temakart med stadnamn. Med tanke på friluftssinteresser, undervisning og lokalhistorie kan slike temakart saman med alfabetiske register ha stor praktisk verdi. For fleire større kartverk er det utarbeidd eigne namneregister (sjå kap. 8.4 ovanfor).

Landsomfattande stadnamnregister

Postdirektoratet har med visse mellomrom gjeve ut oversyn over adressenamn i Noreg. *Norsk stedsfortegnelse*, som no er utselt, inneheld vel 150 000 stadnamn frå heile landet. *Gate- og vegnamn i Norge* (1983-utgåva) inneheld ca. 36 000 namn. I *Postadressebok for Norge* (1992-utgåva) er adressenamna for 19 av dei største byane oppførte. Meir vitskapleg interesse har det store verket *Norske*

Gaardnavne, eitt bind for kvart fylke. Registerbandet har ikring 66 000 oppslagsformer. *Norsk stadnamnleksikon* har omtale av nærare 6000 av dei mest brukte stadnamna. Oversyn over fylkes- og kommunenamna finn ein i *Kommunenøkkelen*. Når det gjeld namn på sentrale statsinstitusjonar, har Kultur- og vitskapsdepartementet i brev av 19. februar 1985 til Norsk språkråd gjort vedtak om skrivemåten. Desse formene blir tekne inn i *Statskalenderen* og i dei to eitt binds ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. I St. meld. nr. 7 (1984-85) er det ført opp namn på utval, styre og råd som var i funksjon i 1984, til saman vel 900. (Litteraturlista bak inneheld meir utførlege opplysningar om dei verka som er nemnde her.)

13 Nye stadnamn - namnemønster og ordtilfang

13.1 Allment

Dette kapitlet inneheld ei meir detaljert framstilling av korleis ein lagar nye stadnamn, eller nyttar seg av eksisterande namn i ulike former for namnsetjing. I kommunal samanheng er namnsetjing av gater og vegar særleg aktuell. Men same prinsippa for namnsetjing gjeld langt på veg for alle grupper av namneobjekt. Som det går fram fleire stader i denne handboka, er det eit gjennomgåande råd at nye stadnamn mest moglege byggjer på den nedarva namnetradisjonen.

13.2 Eldre stadnamn brukte direkte

Den enklaste måten å velje adressenamn eller andre nye namn på er å nytte dei stadnamna som finst frå før, utan noko tillegg for veg, gate, felt e.l. Det kan vere namn på teigar, markstykkje og naturformasjonar i området som *Nordjordet*, *Grinda*, *Lykkja*, *Myra*, *Asen*,

Djupedalen, Lyshovden. Føresetnaden er då at den vegen eller det området som skal ha namn, ligg på eller like ved den staden som har namn frå før slik at det er naturleg å overføre namnet, sjå og kap. 13.7.

«Flytting» av namn

Det vil alltid melde seg spørsmål om kor langt frå den tidlegare namngjevne staden ein veg kan gå om han skal få halde på det eksisterande namnet. Ein bør ikkje «flytte» namnet for langt frå den opphavlege staden (jfr. kap. 4.6), men her bør ein byggje på det som kjennest naturleg ut frå dei lokale tilhøva. Ved namnsetjing av bustadfelt o.l. vil det ofte vere aktuelt å låne namnet på garden eller bruket feltet ligg på. Eventuelt kan eit anna eksisterande namn i nærleiken dragast inn.


Fleire namn å velje mellom



Stundom finst det fleire namn å velje mellom, og ein bør då bruke det namnet som tek mest omsyn til dei allmenne retningslinjene som er nemnde ovanfor. Eit bustadfelt på eit tidlegare jordbruksområde kan såleis gjerne heite *Løbakken* eller *Teigen*. Ein veg i dette feltet kan heite *Kringla* etter eit rundt jordstykke, ein annan *Linåkeren*, ein tredje *Almbrotet*. I somme høve førekjem eldre namn på *-veg* og andre ord for ferdsselsåre som gamle namn, og dei kan då brukast

direkte i adressesystemet, t.d. *Kvernvegen, Sjøvegen, Stølsvegen, Verksvegen*. Andre slike eksisterande stadnamn er dei som er nytta om vegar mellom gardar, grender og bygder, og i seinare tid fylkesvegar og riksvegar, t.d. *Husevegen, Opedalsvegen, Drammensveien, Ringeriksveien*.

Ved adressetildeling kan det vere eit særleg problem å avgjere kor langt ein veg skal ha same namnet - av praktiske grunnar må ein ofte dele opp adresseparsellane på ein måte som bryt med den tradisjonelle namnebruket. Stundom kan det vere aktuelt å bruke namnet om eit kortare stykke enn det som har vore vanleg i talemålet (sjå elles kap. 5 i *Adresser og stadnamn. Del 1*). Riksveg 36 gjennom Skien har t.d. desse adresseparsellane: *Øvre Elvegata, Sandviksvegen, Nedre Skotlandsveg, Møllebrua, Bruene, Klostergata, Ulefossvegen*.




13.3 Eldre stadnamn + nytt sisteledd

Relasjonsnamn

I mange høve vil eit byggjefelt eller anna anlegg liggje slik til at det ikkje finst stort av høvelege namn, kanskje berre eitt eller nokre få. Då kan det vere aktuelt å lage fleire nye namn på grunnlag av dei få

eldre namna som finst i området, t.d. eit gardsnamn eller eit anna stadnamn som er nytta på området, som *Vøyengata* på *Vøyen*, *Brattåsvegen* ved *Brattås*. Eit namn som er gjeve i relasjon eller tilknytning til eit anna oftast meir kjent namn, kallar ein *relasjonsnamn* eller *sekundærnamn*. Slike namn finst det mange av mellom dei tradisjonelle stadnamna, t.d. *Bergsbakken*, *Oddadalen*, *Trondheimsfjorden*.

Ord for «veg»



Ein stor del av dei nye stadnamna gjeld ferdselsårer. Sjølv om praksisen med å nytte eksisterande stadnamn direkte er blitt meir utbreidd, er det enno mest vanleg å velje eit ord som tyder 'veg' o.l. som sisteledd. *Gate* er mest utbreidd i eldre bydelar, elles har *veg/vei* dominert både i by- og bygdestrok i heile landet. Etter kvart har fleire andre ord med tydinga 'veg, gjennomfartsåre' blitt dregne inn i namngjevinga mange stader, t.d. *braut* 'veg, køyreveg', *far* 'lei, løp', *geil* 'hardtrampa krøterstig', *gote*, *gutu/guttu* 'stig, krøterveg', *kleiv* 'bratt

vegstykke', *slep(e)* 'stad der noko blir drege eller slept fram', *smog/smau* trong gjennomgang', *stig*, *trakk/tråkk*. I målføra kan ein finne fleire ord for 'veg' som kan nyttast i namnsetjinga, jf. nedanfor.

Bratt, bein eller krokut-

I tillegg til ord med tydinga 'veg, stad der ein tek seg fram', er det i nye vegnamn ofte nytta ord som seier noko om *korleis* vegen går, t.d. *bakke*, *brekke*, *kneik*, *krok*, *ring*, *slynge*, *stubb*, *sving*. Fleire av desse har allmenn utbreiing i målføra.

Veg ord med fransk opphav



I ei gruppe for seg står dei innlånte orda *allé*, av fransk *allée* til *aller*, 'gå', *aveny*, av fransk *avenue*, til *avenir*, 'kome' *chaussé* uttala «sjåse», av fransk *chaussée* 'veg dekt med kalkstein', *promenade*, av fransk *promenade* 'spasertur', *terrasse*, 'naturleg eller kunstig avsats, tverrgående veg i hallande terreng' av latinsk *terra* 'jord', *via* 'veg', av latinsk *via*. Desse orda er særleg knytte til dei større byane og kan seiast a vere utløparar av kontinental namngjeving. I mindre norske tettstader og bygdemiljø bør ein helst unngå denne typen.

Gardsnamn + karakteriserande sisteledd

I tillegg til ord med tyding 'veg' o.l. er det mange andre ord som kan nyttast som nytt sisteledd til eksisterande stadnamn. Ein kan då velje ord som karakteriserer terrenget, eller som fortel korleis det har vore utnytta. Dersom det er aktuelt å gje namn på eit felt som ligg opp for garden *Berg*, og det ikkje har noko høveleg namn frå før, kan ein lage nye namn med utgangspunkt i gardsnamnet, t.d. *Bergsåsen*, *Bergsliå*, *Bergsflaten*, *Bergshagen*, *Bergsenga*, *Bergsgrenda* o.l. Men av omsyn til orienteringa bør ein ikkje nytte meir enn 34 namn med same førsteledd i same området.

Retningsnamn

Ein annan tradisjonell måte å namngje ein lokalitet på er å nytte «retningsnamn», dvs. at det til eit eldre, innarbeidd stadnamn blir lagt til eit førsteledd som plasserer gata eller feltet i høve til ein meir kjend stad, t.d. *Nordberg* eller *Nordre Berg*, *Nerberg* eller *Nedre Berg* til *Berg*.

Med eldre stadnamn meiner ein helst namn som har vore nytta i lokalmiljøet i fleire generasjonar. Men ein bør og kunne lage relasjonsnamn til namn på nyare aktivitetar og institusjonar, t.d. *Stasjonen - Stasjonsvegen*, *Banken - Bankvegen*, *Verket - Verksvegen*, *Lageret - Lagerbakken*. Desse namna høyrer like gjerne heime i neste kapittel etter som ein ikkje alltid oppfattar «banken» eller «lageret» som stadnamn.

13.4 Nylaga stadnamn

Svært ofte er det aktuelt å lage nye namn utan at ein kan nytte eit eldre stadnamn eller ein del av det. Då må ein rett og slett konstruere heilt nye namn. Ein generell regel er at dei namna som blir valde, skal gli naturleg inn i det eksisterande namnemiljøet. Også nykonstruerte namn kan innehalde ord for 'veg' (t.d. *sti*, *far*, *gut*). Men andre terrengskildrande ord, både for naturforhold (t.d. *dal*, *haug*, *myr*) og for kulturforhold (t.d. *eng*, *hage*, *plass*) vil ofte vere aktuelle. Orda kan i mange høve nyttast åleine som namn, utan noko sisteledd for

'veg'. Namn som *Myra*, *Enga*, *Sletta* vil falle naturleg inn i det lokale namnemiljøet mange stader utan at dei er brukte som namn på staden frå før.

13.5 Gruppenamn

Både usamansette og samansette nye stadnamn kan samlast i grupper med felles motivkrins eller tydingskrins (Gf. kap. 2.13). Ein bør då mest mogeleg byggje på tilhøva på staden, både når det gjeld natur og folkeliv. Ein kan dra inn stoff frå eldre og nyare tid.

Ein del aktuelle område er:

- a) Terrengformasjonar, t.d. *Brattvegen*, *Dalgata*, *Langhjallen*, *Bekkefare*, *Vassenden*, *Reina 'kant'*, *Hovden*.
- b) Jordsmonn, grunn, t.d. *Steinvegen*, *Grjot-*, *Grøt-*, *Grytbrotet*, til *grjot 'stein'*, *Moldbakken*, *Sandstigen*, *Gneistoppen*, *Skarvenakken*.
- c) Dyr og fuglar, t.d. *Kråkestigen*, *Trosteholtet*, *Oterslepa*, *Elgfaret*, *Revebakken*.
- d) Planteliv, t.d. *Eikehallet*, *Einerkroken*, *Konvallstigen*, *Grønebakken*, *Bjørkelia*, *Humledokka*, *Porsmyr*, *Klungerhammaren*.
- e) Klima, t.d. *Fjotehallet*, til ffiot'tidleg, *snøgg'*, *Vårbakken*, *Soltunet*, *Vindhaug*, *Kaldavad*.
- f) Gards- og skogsarbeid, t.d. *Slåttenga*, *Lauvkjosen*, til *kjos 'søkk, botn i lendet, vik'*, *Stakksenga*, til *stakk 'høystakk'*, *Ploglendet*, *Tømmervelta*.
- g) Husdyr, t.d. *Kalvhagen*, *Buhagen*, *Hamnehagen*, *Mjølstølen*, *Geitstigen*, *Oykjastana* ('der hestane står'), *Hestestigen*.
- h) Fiske og fangst, t.d. *Fellurda*, *Skyttarhaugen*, *Drættestranda*, til *drætte 'stad der ein dreg garn o.l.'*, *Notodden*, *Trålbakken*.

- i) Industri og handverk, t.d. *Bøkkersmauet, Smedhaugen, Feiarbakken, Bakargarden, Målarstigen, Salmakarsvingen, Industrivegen, Verksbrekka, Slippstranda, Sagbakken, Gruvegangen.*
- j) Ferdslø, t.d. *Kløvstigen, Køyrshallet, Brugata, Leitesvingen, Hamnebakken, Kaigata, Lesseplassen, Kvilebakken, Kavlebruene, til kavlebru 'bru av stokkar i blautt lende', Stasjonsvegen.*
- k) Sosialt samvær, t.d. *Leikvoll, Festplassen, Stemneplassen, Dugnadshaugen, Sundagshaugen, Skeidet, Samfunnsbrekka.*
- l) Institusjonar, t.d. *Rådhusbakken, Kommunesvingen, Skolegata, Kirkeveien, Kyrkjevegen, Tingplassen.*

Denne rekkja kunne supplerast med andre tydingsområde. Dei einskilde lokalsamfunna har sine særmerke som kan speglast av i namnsetjinga. Ein bør helst unngå tydingskrinsar som ikkje har rot i lokalmiljøet. Ein bør og vere varsam med å dra inn litterære namn eller fantasinamn.

13.6 Ordtilfang i nye stadnamn

I dette oversynet finn ein eit utval av dei terrengorda (grunnorda) som førekjem i norske stadnamn. Orda kan nyttast som namn både usamansett, t.d. *Bakken, Akeren*, og som sisteledd i samansette namn, t.d. *Larsabakken, Linåkeren*. Slike terrengord kan og brukast som førsteledd, t.d. *Bakkeåkeren, Akerbakken*. Som førsteledd kan dessutan ei mengd andre ord nyttast, både substantiv og andre ordklassar, t.d. adjektiv som *Brattbakken*, og talord som *Tredjeneset*.

Dei fleste orda er førte opp i normalisert form. Somme terrengord er kjende berre i avgrensa område. I målføra vil ein finne andre variantar, og desse kan ein gjerne nytte i namnsetjinga når det passar, men reglane for skrivemåten av stadnamn bør følgjast. Kjønn er markert for kvart ord: m. = maskulinum (hankjønn), f. = femininum (hokjønn), n. = nøytrum (inkjekjønn). Ordtyding, oftast henta frå *Nynorskordboka*, er oppført ved mindre vanlege ord. Ein del av orda kan ha andre lokale tydingar i målføra.

206



a) Veg, vegstykke og plassar

allmenning, ålmenning 'offentleg el. privat eigd område med bruksrettar for dei einskilde gardane', 'brei gate, plass i by'

allé m. 'gate, veg med tre på kvar side'

aveny m. 'brei gate, oftast med tre rekkjer på sidene'

bakke m.

bog/bug m. 'sving, boge'

braut f. 'veg som er graven inn i ein bakke el. i' 'snø', 'brekke, bakkekant'

brekke f. 'bakke (i veg)'

brot n. 'bakkekant, bratt bakke'

bru, bro f.

bykse n. 'stad der ein kan hoppe over'

drag n., *drog* f. 'stad der noko blir el. kan bli drege'

ende m.

far n.

fart m. (t.d. innfart)

gald m. 'veg på steingrunn'

gang m.

gate, gote, gut(t)u f. 'gate, veg, (krøter-)stig'

207

geil f., *gjell* (Røros) 'krøterveg med gjerde på både sider' (stundom feilaktig skrive «gjeil»)
gjegne n. 'møtande punkt på ein veg'
glip m. 'smal passasje'
glove f. 'smal opning mellom bratte fjell'
glupe f. 'trong bergkløft'
grind f.
ilag n. 'stengje på ein stig (for krøter)'
kleiv f. 'bratt vegstykke over berg el. steingrunn'
klemme f. 'innsnevring på stig el. veg'
klemstre n. 'innsnevring på stig el. veg'
klopp f. 'lita bru'
klype n. 'innsnevring på stig el. veg'
klyv n. = kleiv f.
kneik f.
kos m. 'lei, retning'
kvile n. 'kvilestad'
laup, løp n. 'bane, far'
led n.
lei f. 'veg, farvatn, retning'
leite n. 'topp på ein veg, punkt på vegen der ein ser fram'
line, linje f.
løype f., n. 'spor, bane, stad ein kan kome fram'
løypt f. 'passasje, nedgang'
lâm, lom f. 'spor'
port m.
rak n. 'driving, draging'
rand, rond f. 'kant, stripe'
rast n./rost f. 'vegstykke som ein kan gå, køyre el. ride i eitt strekk'
rek n., *reke* m. 'driving, reking'
rekster m. 'krøterstig, buferdsveg'
ring m.
renne f. 'stad eller innretning der noko renn, passasje'
rås f. 'gangstig, krøterstig, råk'
side f.
skeid n. 'bane, køyreveg'
slep n., *slepe* f. 'stad der (særleg) dyr går eller noko blir drege'
slod f. 'slepeveg, spor'

slyng m., *slyng(j)e* f.
smalgang m.
smette, smytte n. 'smal passasje'
smog, smau, smug n. 'trong gate'
spor n.
sti(g) m.
stige m. 'bratt gangveg'
strete, bokm. òg *strede* n. 'trong gate'
stubbe m. 'kort stykke'
stykke n.
sving m.
trakk, tråkk n.
trang, trong f. 'trong passasje'
trapp, tropp f.
vad n.
veg m.
vegmot n. 'stad der to vegar møtest'
vegskil n. 'stad der to vegar skilst'
veit f. 'smal gate, smau'

b) Andre kulturlokalitetar

attlege f. 'attlagd åker'
aun n. 'fråflytt gard, øyde stad', 'ubygd jordstykke i marka'
beite n.
binge m. 'avdelt rom, innhegning'
bol n. 'lege (for dyr og menneske)'
borg f. '(bygde)borg, frittliggjande høgde'
brand m. 'stad det har brunne'
brenne f. 'stad som er rudt ved brenning'
bruk n. 'einskildgard, driftseining'
brunn m.
brygg(j)e f.
bråte, bråtå, brote m. 'stad som er rudt ved brenning'
bu n. 'bustad'
bu f. 'lite rom, hytte'
bustad m.
by m.
bygd f.

bygning m.
bø m. 'eng mark, heimemark', eldre 'gard'
bøle n. 'bustad, tilhaldsstad for dyr, reir'
del m.
demme f.
demning f.
ekre f.
eng f., n.
firkant m.
fjos, fjøs n.
flekk m., n. 'lite område, einskild stad, liten åker'
flor m. 'fjøs'
gamme m. 'mindre hustype med vegger av jord el. torv'
gard, gård m.
gjerde n. og 'inngjerd stad'
gjerding f. 'inngjerdt stykke, innhegning'
gjerdsle f. 'inngjerdt stykke, innhegning'
grend f.
gru(v)e f.
hage, håg(g)å m.
hamn f. 'hamnehage'
hegne f. 'inngjerdt stykke, innhegning'
heim m.
heller m. 'rom under berg el. stein, berghole'
hi n.
hogg n. 'stad der ein har hogge'
hus n.
hytte f.
jord f.
jorde n.
kai m.
kast n. 'stad der ein kastar el. har kasta noko'
kos, kås f. 'stad som er rudt ved brenning'
kot(t) n. 'lite rom, hytte'
kve, kvi f. 'inngjerdt stad, innhegning'
kvem f.
land n. 'jordstykke' o.a.
lende n. 'terreng, mark'

lege f. 'liggjestad (oftast for dyr)'
lunn m. 'stokk, underlag (t.d. i båtstø)'
lut m. 'del, part'
lykkje, løkke f. 'inngjerdt jordstykke, ope område'
læger n. 'liggjestad, opphaldsstad'
løe f.
låve m.
naust n.
nybrot n.
nylende f., n. 'nyland, nydyrka jordstykke'
park m.
part m.
plass m.
rein(e) f. '(åker)kant'
reit m. 'liten åkerlapp, jordstykke'
ro, rå f. 'krå'
rom n.
rud n. 'rydning'
røys f.
sel n. 'sæterhus'
set(e) n. 'sæter, bustad'
seter, sæter f., n.
skanse m. 'oppkasta jordvoll, festningsverk'
skjol, skjul n. 'ly, vern, skur'
slått m. 'slåttemark'
slåtte f. 'slåttemark (særleg i utmarka)'
stad m.
stall m.
stam, stem m., *stemme* f. 'dam, stad der ein har demt opp for kverrvatn'
stove, stoge, stue, stug(g)u f.
stod, stø f. 'stad der noko står, (båt)stø'
stykke n. 'teig, avgrensa område eller strekning'
støl, støyl, staul, st yl, stul, ståle m.
sve, svide f. 'stad som er rudt ved brenning'
teig m.
tomt, tuft f.
torg n.

torp n. 'småbruk, utkantgard'
trekant m.
trod, trø, trå f., *tra, træ(de), trøde* n. 'kve, tiltrakka plass, inngjerd
beitemark eller kvileeng'
tun n.
tveit f. 'rydning i skogen'
vald f. 'eigedom, mark som ein rår over'
vang m. 'grasvoll, grasslette'
varp n. 'stad der ein kastar noko'
velte f. 'stad der ein veltar noko' (t.d. tømmer)
verk n. 'utført arbeid' (t.d. i samband med dyrking)
vær n. 'tilhelde, hamn ved havet'
voll m.
åker m.

c) Naturlokalitetar

Flatlende og avsatsar (sjå òg under kulturord):

flate m.
flot, flåt m., f. 'flate'
hjal 'liten flate i brattlende, berghylle'
hjell m. 'hjal!'
hylle f.
mo m.
pall m. 'terrasse'
skor, skår f. 'avsats i brattlende, berghylle, kløft i bergside'
slett, slette f.
terrasse m.
to f. 'liten grasplett'

Brattlende:

bakke m.
brot n.
fall n.
flag, flog n. 'bratt bergvegg'
hall n.
ham(m)arm.
helling f.

lein f. 'skråning'
li f.
løyft f. 'renne i berget'
rap n. 'bratt bakke'
ras n.
ros f. 'skredlaup, stripe'
side f.
skrede f.
skrent m.
skråning m., f.
stup n.
støyt m. 'brattlende'
ufs f.

Djuplende, søkk:

botn m.
dal m.
deld f. 'liten dal'
dokk f.
dump f.
gjel n., *gil* f.
gjote f. 'søkk, renne i fjellet'
glope f. 'gap, opning i skog'
glove f. 'bergkløft'
grop f.
hol n.
hole f.
juv, gjuv n.
kjos m. 'liten dal, trong bukt'
kluft, kløft f.
kvam, hvam, gvam, hom m. 'kort dal, botn'
kvelv, kvæv, gvæv m. 'rundaktig fordjuping'
skar(d) n.
skorte f. som *skor*
sla(d) n. 'hall el. søkk i jorda'
strupe m. 'smal opning'

Høglende, oppstående formasjonar:

aksel, aksel f.
berg n.
brun f. 'kant, langstrekt rygg'
egg f.
fjell n.
hals m.
haug m.
haus(e) m. 'liten bergknatt'
hei f.
hol m. 'rund frittstående høgd, låg haug'
hovde m., f., n. 'framstående berg, rund bergtopp, ås'
hump m. 'bergknatt, lite berg'
hæd f. 'fjellvidd, topp'
hø f. 'fjelltopp'
høgd f.
kamp m. 'rundvoren fjelltopp'
klepp m. 'knaus, svaberg ved sjøen'
klubb m. 'rundaktig bergknatt'
knatt m.
knaus m.
koll(e)m.
kul m.
kup m. 'rundaktig fjelltopp, ås'
nabb(e) m. 'bergknatt'
nakke m.
nase, nos f.
nibb(e) f. 'framstående, spiss fjelltopp'
nip m., *nipe* f. 'framstående, spiss fjelltopp'
nobb(e) f. 'liten fjelltopp'
nup m. 'høg fjelltopp med bratt framside'
nut (knut) m.
pynt m.
ra n. 'grusrygg'
rime m. 'høgdedrag, jordrygg'
rinde m. 'høgdedrag, jordrygg'
rygg m.
skag n., *skage* m. 'framstikkande nes'

skalle m.
skotet n. 'framstikkande formasjon'
tind m.
topp m.
tu(v)e f.
vole f. 'fjell'

I tillegg til slike reine terrengkarakteriserande ord finst det mange ord som er nytta i samanliknande funksjon, særleg om høgder, t.d. *båt* m., *kam(b)* m., *kiste* f., *kringle* f., *loft* f., *skål* f., *såte* f. Fleire ord for lekamsdelar på folk og dyr er vanlege om terrengformasjonar, t.d. dei ovannemnde orda *aksel/okse/f.*, *nakke* m., *nase/nos* f., *skalle* m., *nakke* m., og andre som *hals* m., *man/mon* f., *mule* m., *tå* f.


Jordsmon, grunn, vegetasjon:

fen n. 'blautmyr'
fit f. 'frodig grasmark, flate ved vatn'
glenne f. 'open plass i skogen'
grjot, grot, grøt n. 'stein, steinut masse'
grø(de) n. 'grasfleck i skog el. fjell'
helle f.
holt n. 'lite skogstykke, lund'
kjerr n. 'tett småskog, kratt'
lund m.
mark f.
mel m. 'sandbakke'
mol m., f. 'banke el. øyr av småstein ved vatn'
mork f. '(små)skog'
myr f.
rabb(e) m. 'steinut, låg jordrygg'
rust f. 'liten skog, (skogkledd) rygg'
sand m.
skarv n. 'nake berg'
skog m.
snar n. 'kratt, skog holt'
stein m.
sva n. 'nake, glatt berg'
ur(d) f.

øyr f. 'grusbanke (ut i vatn)'

Dei fleste trenamna som *alm* m., *ask* m., *bjørk* f., *einer* m. (og *brake*, *sprake* m.), *furu* f., *gran* f., *osp* f. osv. er og vanlege i stadnamn, særleg som førsteledd, oftast om stader der det veks eller har vakse eitt eller fleire eksemplar avarten.

Vatn og vassfar



ave m. 'lita vassamling'
basseng n.
bekk m.
bukt f.
dam m.
dape m. 'pytt'
dike n. 'søledam'
dipel m. 'pytt'

elv f.
fjord m.
foss, *fors* m.
grov f. 'bekk, vassfar'
hop m. 'smal vik'
høl, *hyl* m.
ide f. 'bakevje'
ile f. 'kjelde, oppkome'
keile f. 'smalt sund'
kil m. 'smal bukt'
kjelde f.
kulp m.
kvissel, *kvisl* f. 'elvegrein, banke i elv'
log, *låg* m. 'væske, vassamling'
lon f. 'lang, djup høl, stillestående vatn'
løk m. 'djup, stillerennande bekk'
olle f. 'kjelde, oppkome'
oppkom(m)e f.
os m.
poll m. 'liten fjordarm, vasspytt, kulp'
putt, *pytt* m.
sik f. 'lita myr med vass-sig'
sik n. 'liten bekk som renn seint'
sjø, *sjo*, *sju* m.
stille f. 'stilleflytande del av elv'
straum, *strøm* m.
stryk m., n.
sund n.
tjem/tjenn f. n., *tjøm/tjønn* f., n.
vatn, *vann* n.
veit f. 'renne'
vik f.
våg m.
å f.
ål f. 'renne, djup for i botnen på elv el. vatn'

Lende i og ved vatn:

bard n. 'kant, rand, breidd'

båe m. 'grunne, blindskjer'

eid n. 'landstripe (med vatn på sidene) som bind saman to landområde'

fles n. 'banke, skjer i vasskorpa, nake berg'

fjære, fjøre f.

flu f. 'banke, flatt skjer i flomålet'

grande m. 'sandmel, grusbanke i elv, elvebakke'

grunn(e) m.

holm(e) m.

nes n.

odde m.

skjer/skjær n. (og om oppstikkande, nake berg på land)

skot n. 'framstikkande bergformasjon'

strand, strond f.

tange m.

øy f.

øyr f.

Andre grupper

blik, blek n. 'lys el. kvit flekk, lyst punkt'

fonn f.

jar m. 'kant'

kors n., *kross* m.

krik m. 'krok'

krok m.

kro, krå f.

rand, rond f.

skavl m.

13.7 Lån og oppkalling

I staden for å lage heilt nye namn på vegar, gater, byggjefelt, tomter o.l. kan ein «låne» stadnamn som finst på staden eller i nærleiken av staden frå før, t.d. når *Prestehagen* blir teke opp som namn på ein

del av den gamle Prestehagen. Slik overføring av stadnamn er svært vanleg når ein skal setje namn på nye objekt. Ein stor del av gardsnamna og andre bustadnamn har faktisk oppstått ved at eit eksisterande namn på ein naturlokalitet er blitt overført på bustaden. Men for at det skal vere ein naturleg samanheng mellom det gamle og det nye namnet, bør ein ikkje hente det for langt borte. Namneoverføringa bør kjennast naturleg i lokalmiljøet.



Dersom det ikkje er nokon direkte samanheng mellom det nye namne objektet og staden ein låner namn frå, kan eit namn innførast ved «fjernlån» eller oppkalling, t.d. når bydelen *Lofthus* i Oslo er oppkalla etter Lofthus i Hardanger. I Oslo var namnet først nytta på ein villa. Slike oppkallingsnamn finst det mange av, og ein god del er av eldre dato. På 1800-talet fekk t.d. mange bustader namn som *Dakota*, *Nyjårk*, *Balaklava*, kanskje fordi folk som budde der, utvandra til desse stadene, eller det var tale om dei i samband med krigshandlingar ute i verda.

Ei oppkalling kan og ha opphav i ei direkte eller indirekte samanlikning, t.d. er *Grønland* nytta som rosande namn fleire stader der det er fint og grønt, medan *Danmark* kan vere brukt om ei lita, flat slette.

Sibir førekjem om ein avsides og trekkfull stad, og *Golan* om noko som ligg høgt (det siste etter *Golanhøgda* i Midt-Austen). Slike namn har ein viss humoristisk klang. Det gjeld nok og *Mjøsa* om eit lite vatn. *Vangsmjøsa* i Valdres trur ein derimot er ei reell oppkalling etter storesøstera ved Hamar. Religiøse undertonar har oppkallingar som *Jeriko* og *Elim*, ofte nytta om bedehus (jf. kap. 1,3).



Dei fleste oppkallingsnamna er knytte til privat eigedom, særleg hus og hytter. Bakgrunnen for oppkallinga kan vere at eigaren kjem frå den staden som blir oppkalla, eller at han på ein annan måte har ei tilknytning til staden. Oppkallinga kan og skje spontant på eit meir tilfeldig grunnlag. Stundom kan ein låne namn gjennom slektsnamn - det er t.d. ikkje noko i vegen for at ei hytte kan bli heitande *Berg* dersom eigaren har dette namnet. Og ligg tomta på eit høgdedrag, høver namnet endå betre. Ein grunneigedom kan likevel ikkje få til namn eit slektsnamn som høyrer til dei mindre vanlege (jf. kap. 11.1).

Sjølv om namnelån og oppkalling har eit visst rom mellom tradisjonelle norske stadnamn, bør det ikkje vere noko hovudprinsipp ved ny namngjeving. Både praktiske og antikvariske grunnar tilseier det. Stadnamna bør brukast om dei lokalitetane dei har naturleg opphav

220

i. Særleg gjeld det allment kjende namn. Eit aktuelt døme er namnet på den nye storflyplassen for Austlandet, som Luftfartsverket har avgjort skal heite *Oslo lufthavn Gardermoen*, altså det same som på den noverande flyplassen. *Oslo lufthavn* er i samsvar med krava til internasjonal luftfart om at namnet på den næraste større byen skal vere med, medan *Gardermoen* er den lokale adressa.

Mange namn finst fleire stader utan at det er tale om oppkalling. T.d. er ikkje *Sogn* i Oslo oppkalla etter Sogn på Vestlandet. Dei to likelydande namna har vakse fram på sjølvstendig grunnlag, baa til verbet *suga* om straumtilhøve. *Sogn* i Oslo er mogeleg eit eldre namn på *Sognsvann*. Ved vanlege namn som *Haugen*, *Lia* osv. er det naturlegvis heller ikkje snakk om oppkalling - slike ord er så å seie innebygde i norsk natur.

14 Skrivemåten av stadnamn

14.1 Allment

Både gamle og nye stadnamn skal skrivast i samsvar med gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn. Dei har heimel i stadnamnlova med tilhøyrande forskrifter (sjå kap. 5.2 og Vedlegg 1). Hovudinnhaldet i desse reglane er at namna skal få fastsett skrivemåte på grunnlag av den nedarva lokale uttalen, men tilmåta vanlege norske rettskrivingsprinsipp. Normalt skal eit stadnamn ha berre ei fastsett skriftform, og ho skal nyttast i all offentleg samanheng. Nye stadnamn bør mest mogeleg følgje same rettskrivingsprinsipp. Dersom det nye namnet inneheld eit anna stadnamn som er fastsett med ein viss skrivemåte, skal til vanleg denne skrivemåten nyttast. Person- eller firmanamn skriv ein til vanleg slik vedkomande skriv namnet sjølv.

Spørsmålet om korleis stadnamn skal skrivast, er kommentert ulike stader i boka. Her følgjer ei meir samla framstilling av dei reglane som gjeld stor eller liten bokstav, samanskriving eller særskriving. I stor grad byggjer dei på *Skrivereglar/Skriveregler* av Finn-Erik Vinje (sjå litteraturlista). Desse reglane er godkjende av Norsk språkråd.

14.2 Bokmål - nynorsk

Medan dei tidlegare reglane for skrivemåten av stadnamn hadde nynorsk som hovudnorm, med ein del dialektale tilpassingar, har det nye regelverket stilt dei to målformene likt. Utgangspunktet er den lokale, nedarva uttalen, og ein skal nytte den skriftforma (hovud- eller sideform) som høver best med uttalen.

Når eit nylaga namn inneheld eit appellativ (samnamn), nyttar ein den målforma som kommunen har vedteke, eventuelt den forma som høver best med talemålet, t.d. *Tønsberg svømmehall*, *Opedal skule*, *Gulen sjuke- og aldersheim*. I målnøytrale kommunar kan bae målformer nyttast, men gjerne slik at ein vel fellesformer som *skole*, *sjukeheim*. Same reglane gjeld for fylkeskommunale tiltak.

Namn på statsinstitusjonar skal ha namneformer på bae målformer dersom namnet ikkje har sams form, jf. kap. 7.1.

14.3 Stor eller liten førebokstav?

Stadnamna er særnamn (proprium) og skal skrivast med stor førebokstav. Så lenge namnet blir oppfatta som eitt ord, byr ikkje dette på noko problem. Ein skriv *Haugen*, *Haugevegen*, *Sverrestigen*, *Lihaugbakken*. Når namnet er samansett av to eller fleire sjølvstendige ord, skal første ordet alltid ha stor førebokstav, t.d. *Øysteins gate*, *Solli plass*, *Nedre gate*, *Den lange myra*. Når eit eksisterande namn går inn som eit sjølvstendig ord i ein ny namnekombinasjon, skal det til vanleg halde på stor førebokstav, t.d. *Nedre Bråtamyra*. Namn på institusjonar og verksemder skal og skrivast etter dei same reglane: *Statens jordmorskole*, *Norsk språkråd*, *Odelstinget*, *Televerket*.

Fleirledda stadnamn

Dersom eit stadnamn er sett saman av fleire særnamn, skal kvart særnamn stå med stor førebokstav når det er skriven for seg, t.d. *Dronning Mauds gate*, *Hoffsjef Løvenskiolds vei*, *Peder Ankers vei*. Det er dessutan høve til å skriva stor førebokstav i ord som ikkje er

opphavlege særnamn når dei følgjer etter eit anna særnamn: *Noregs/Norges Bank, Hunn Terrasse*. I slike høve er likevel liten førebokstav å føretrekkje, altså *Noregs/Norges bank, Hunn terrasse*. I fleirledda namn som ikkje inneheld andre særnamn, skal berre første leddet ha stor førebokstav, t.d. *Norsk språkråd*.

Private institusjonar og verksemder står friare; her finn ein ofte stor førebokstav der ein helst burde nytte liten, t.d. *Den norske Bank, Det Norske Samlaget*. Men også mange offentlege tiltak nyttar stor førebokstav i staden for liten inne i namnet t.d. *Statens Treningsssenter for Skipsmanøvrering*.

14.4 Forkortingar

Hovudregelen bør vere at ein skriv namnet fullt ut. Dersom ein av praktiske grunnar likevel vil bruke kortnamn, nyttar ein stor førebokstav på vanleg måte, t.d. *Kringkastinga* for *Norsk rikskringkasting*, *Statsbanene* for *Noregs statsbaner/Norges statsbaner*. Dersom ein nyttar bokstavnamn, skriv ein oftast berre store bokstavar, utan punktum eller bindestrek, altså *NRK, NSB, NEMKO (Norsk elektrisk materialkontroll)*, men *UiO (Universitetet i Oslo)*. Ein bør ikkje bruke slike kortformer og bokstavnamn dersom ein ikkje er viss på at lesaren skjønner dei ut frå samanhengen.

Når ein forkortar namn på *-gate (-a, -en)* eller *-veg(en)/vei(en)*, skriv ein *g.* eller *v.* i tillegg til førsteleddet. Postverket rår her til *g* for *-gate*, *g.* for *-gata/-gaten*, og *v* for *-veg/vei*, *v.* for *-vegen/-veien*. For *-plass(en)* kan ein skrive *pl.* (sjå Norsk Standard NS 4133).

14.5 Ubunden eller bunden form?

Spørsmålet om ubunden/bunden form er i og for seg ikkje noko rettskrivingsproblem, men er ofte teke opp i ein slik samanheng. Hovudregelen er at ein i eldre stadnamn nyttar ubunden/bunden form i samsvar med nedarva uttale, med einssilde unntak for særleg

kjende og innarbeidde skriftformer, t.d. *Leksvik* for uttalen «Læksvikja». Ved nylaga stadnamn har det derimot vore ein tendens til å innføre ubunden form der talemålet helst har bunden form. Dette har delvis bakgrunn i skrifttradisjon der ubunden form er meir utbreidd enn i målføreuttalen. Såleis er gate- og vegnamn som *Håkons veg, Ivar Aasens gate, Hoffsjef Løvenskiolds vei, Bygdøy allé, Vik terrasse, Solli plass* vanlege. Men ut frå eit talemålsgrunnlag ville bunden form (og fast samansetjing) liggje nærare, altså *Håkonsvegen, Ivar Aasen-gata, Vikterrassen, Solliplassen*.

Svenske og danske gatenamn

Det kan ha interesse å nemne at danske gatenamn mest har ubunden form og samanskiving, t.d. *Gyldenløvesgade, Bispegade, Jasminvej*. I svenske gatenamn finn ein derimot helst bunden form og samanskiving, t.d. *Baldersgatan, Grev Turegatan, BelJmannsvägen*, men òg særskriving og ubunden form, t.d. *Finnsens väg*.

14.6 Saman- eller særskriving?

Dei aller fleste norske stadnamna blir uttala som eitt ord og skal difor samanskrivast. Men blant gatenamna og andre nyare namn, særleg inndelings- og institusjonsnamn, er det tradisjon for særskriving. Spørsmålet om eit fleirledda stadnamn skal skrivast i eitt eller fleire ord, heng delvis saman med om namnet har ubunden eller bunden form. Dersom førsteleddet står i genitiv, og ubunden form er nytta i sisteleddet, blir namnet vanlegvis særskrive, t.d. *Håkons veg, Ivar Aasens gate*. Men desse namna kunne like gjerne vore nytta i bunden form og ville då få skrivemåten *Håkonsvegen, Ivar Aasen-gata* *Uf.Ivar Aasen-senteret*). I folkeleg tale blir ofte namn som er skrivne i to ord, uttala med ein ordaksent, altså «*Håkonsveg*» for *Håkons veg*.

Både i gatenamn og i andre namnegrupper konkurrerer dei to typane med kvarandre, t.d. *Dal skog* ved sida av *Dalsskogen, Nærøy bru* ved sida av *Nærøybrua, Skrøyvstad tunnel* ved sida av *Skrøyvstad-tunnelen*. I samsvar med det som er mest vanleg i tradisjonell namnelaging, bør ein velje samanskiving og bunden form av sisteleddet.

I institusjonsnamn, inndelingsnamn o.a. er særskriving og bunden form blitt mønsterdannande, t.d. *Odda vidaregåande skule*. Omskriving med preposisjonsuttrykk og laus samansetjing, t.d. *Universitetet i Tromsø*, er òg vanleg.

Særskriving førekjem ofte i namn som har eit ord for lægje, retning eller storleik som førsteledd og eit anna stadnamn som sisteledd, t.d. *Nedre Asen*. Ofte vil slike samansetjingar bli uttala som eitt ord i målføret, og då bør ein skrive *Nedreåsen*.

I matrikkelen og på det økonomiske kartverket finn ein ofte namneformer som *Berg nordre*, *Li nedre*. Slike samansetjingar med etterstilt bestemming har bakgrunn i eldre skrifttradisjon og er ikkje vanlege i nedarva talemål. Etter tradisjonell uttale er førestilt bestemming og fast samansetjing det normale, dvs. *Nordberg*, eventuelt skrive *Nordre Berg* i to ord. Dette vil og vere dei offisielle skrivemåtane for kartformer som «Berg Ol». I dag høyrer ein likevel ikkje sjeldan «Berg nordre» i skriftpåverka tale. Daglegnamnet på garden kan vere *Nordigarden*, *Nordistugu*.

Bindestrek

Ei ulempe med samanskiving i gardsnamn av typen *Nordberg* er at «hovudnamnet» *Berg* blir mindre tydeleg. Ein kunne då vurdere å nytte bindestrek, altså *Nord-Berg*, *Nedre-Li* når det er tale om særleg kjende namn, men bindestreksnamn bør nyttast unntaksvis. Bindestrek førekjem i ein del innarbeidde stadnamn som *Aust-Agder*, *Nord-Noreg*, *Nord-Vestlandet*. Elles nyttar ein bindestrek når eit stadnamn er samansett med eit vanleg ord (appellativ), t.d. *Fredrikstad-mann*, *Nordsjø-olje*, alternativt *fredrikstadmann*, *nordsjøolje*. I samansetjingar der sisteleddet står til meir enn eitt ord, bruker ein bindestrek, t.d. *Ivar Aasen-gata*, *Camilla Collett-veien*. Same regelen gjeld for samanskrivne førenamn, t.d. *Nilsola-stølen*. Her gjorde Norsk språkråd i 1993 følgjande vedtak: I stadnamn med samansette personnemningar set ein bindestrek mellom utmerkingsleddet og hovudleddet.

14.7 Samansetjingsmåte

Nye stadnamn. bør få den samansetjingsmåten som høver med tilsvarende tradisjonelle stadnamn i området. Oftast vil det ikkje by på store problem å finne fram til rett form.

Stomnsamansetjing

Stomnsamansetjing finst i mange namn, t.d. *Holmenkollbakken* til *Holmenkollen*, *Nesvegen* til *Neset*, *Livegen* til *Lia*. Her finn ein stundom «ugrammatiske» samansetjingar som *-Toppvegen* til *Toppen* (burde ha vore *Toppvegen*), *Liavegen* til *Lia* (skulle venta *Livegen*). Her kan det likevel tenkjast at *Liavegen* går attende på ei eldre genitivsform av *Li*, og i så fall er samansetjinga med a historisk rett. *Haugenstua* til *Haugen* er døme på ei eldre samansetjing med bunden artikkel i førsteleddet.

s-samansetjing

Samansetjing. med s er svært vanleg i stadnamn. I gatenamn er s-form nytta jamt når førsteleddet er eit personnamn og sisteleddet står i ubunden form, t.d. *Odins gate*, *Asbjørnsens gate*, *Hoffsjef Løvenskiolds vei*. Når namnet blir skriva saman, og sisteleddet står i bunden form, blir samansetjinga brukt med eller utan -s- (ikkje alltid etter reglane): *Vangsvegen*, *Stortingsgata*, men *Aspelundveien*, *Kilgata*. Også når det gjeld personnamn, vekslar det: *Ragnhildveien* *Ragnhildsbakken*, *Aslaksbrekka*, *Aslakveien*. Når eit sisteledd på s- blir lagt til eit førsteledd med genitiv-s, skal ein ha dobbel s, t.d. *Ragnhildsstien*. Det blir ofte synda mot dette. Når personnamnet endar på -s, skal det stå apostrof etter s-en: *Biskop Gunnerus' gate*, *Krebs' gate*.

Samansetjing med vokal

Elles er samansetjing med -e- og -a- vanlege i stadnamn, t.d. *Flatevegen*, *Brattabrotet*. I somme målføre finst samansetjingar med å, t.d. *Bråtåstigen* og med u *Stugubakken*.

Også i namn på institusjonar, prosjekt og andre tiltak bør ein byggje på tradisjonelt ordlagingsmønster, t.d. *Breheims-utbygginga* (ikkje *Breheimen-utbygginga*), *Mosjøformasjonen* (ikkje *Mosjøen-formasjonen*), *Askeladdfeltet* (ikkje *Askeladdenfeltet*).

14.8 Utanlandske stadnamn

Ikkje sjeldan er utanlandske namn og namneledd nytta i norske stadnamn. Skrivemåten kan her veksle etter kva skriftradisjon som er knytt til namnet, og etter kor nært ein kjenner sambandet med det - opphavlege språket. Stundom har namnet fått ein norsk stavemåte, t.d. *Lybekk* (i eldre skrift *Lybæk*), av det tyske bynamnet *Lübeck*, *Nyjårk* for *New York*.

Når det gjeld stadnamn utanfor norsk territorium, så fell dei utanfor siktemålet med denne handboka. Det kan likevel vere verdt å nemne at Nordisk språksekretariat har gjeve ut ei liste over nasjonalitetsnamn og nasjonalitetsnemningar til bruk i dei nordiske landa (ny utgåve i 1993).

Når det elles gjeld skrivemåten av utanlandske stadnamn i norsk, følger ein lengst mogeleg det prinsippet om at namna skal skrivast slik dei gjer i det landet namnet finst, eventuelt overført til latinske bokstavar om språket har eit anna alfabet. Dette prinsippet er og tilrådd frå FN. Mange innarbeidde utanlandske namn er likevel skrivne etter norske rettskrivingsprinsipp, t.d. *Amerika*, *Frankrike*, *Kanariøyane/Kanari-øyene*. Norsk språkråd har godkjent om lag 5000 internasjonale namn som er gjevne ut i *Geografilista* (1991), redigert av Vigleik Leira. Der finn ein og korte opplysningar om reglar for uttale og staving i dei ulike språka.

15 Rådgevingsteneste

15.1 Namnekonsulenttenestene

Fastsetjing av skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk skal gjerast i samsvar med stadnamnlova. I denne handboka er det teke opp ei rekkje døme på korleis ein går fram i ulike sektorar, men det vil likevel vere mange situasjonar der ein er i tvil om framgangsmåten. Det kan då vere fornuftig å ta kontakt med ei av dei fem statlege namnekonsulenttenestene i landet (Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø, Guovdageaidnu- Kautokeino), sjå adresselista nedanfor. Også private bør dra nytte av namnekonsulentane.

15.2 Norsk språkråd

I lov 18. juni 1971 om Norsk språkråd, § 1, pkt. c) heiter det m.a. at Norsk språkråd skal «gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, Norsk rikskringkasting og i stats-tjenesten, uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket og av stedsnavn, og komme med forslag om lovgivning i språkspørsmål». Norsk språkråd har såleis ei lovfest plikt til å gje råd om allmenne språkspørsmål, og om prinsipp for normering av skriftspråket og av

stadnamn. Stadnamn er nemnt særskilt av di dei blir skrivne etter eit eige regelverk. Etter stadnamnlova (§ 8) har Språkrådet høve til å uttale seg i klagesaker av prinsipiell karakter.

Språkrådet har gjeve råd også i einskildsaker om stadnamn, t.d. om vegnamn. Når det gjeld namn på oljefelt, har det vore fast praksis at Oljedirektoratet ber om råd frå Språkrådet før namna blir fastsette. Tidlegare stod Språkrådet og for kontroll av namn på geologiske formasjonar, no blir dette gjort i samråd med namnekonsulenttenestene. Elles har det vore eit nært samarbeid mellom Språkrådet og namnekonsulentane i ei rekkje namnesaker.

15.3 Samisk språkråd

Samisk språkråd (Sámi giellarái) har same funksjon for samisk som Norsk språkråd har for norsk. Rådet skal gjere vedtak om rettskrivingsspørsmål og andre sider ved samisk, og det har som Norsk språkråd høve til å uttale seg om prinsipielle sider ved klagesaker.

15.4 Universitet og høgskular

Ved alle dei fire universiteta i landet (Tromsø, Trondheim, Bergen, Oslo) og ved fleire av distriktshøgskulane (særleg Volda og Stavanger) finst det avdelingar for stadnamngransking. Hovudinstusjonen er Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo. Alle desse institusjonane kan rettleie om namn og namnebruk (sjå adresseliste nedanfor).

Det kan òg nemnast at det rundt om i landet, særleg på vidaregåande skular og i ymse kulturetatar, arbeider personar med god fagleg bakgrunn i stadnamn og norsk språk i det heile, og dei bør dragast inn i det lokale stadnamnarbeidet. Men det bør presiserast at det berre er dei offentlege konsulenttenestene som har fullverdig kompetanse i stadnamnsaker.

17 Litteraturliste

Her er teke med ein del av den mest sentrale allmenne stadnamnlitteraturen og elles eit noko større utval som kan ha interesse i arbeidet med offentleg namnsetjing og namnebruk. Det finst ein langt meir omfattande stadnamn litteratur frå dei einskilde fylka enn det som er rekna opp her. M.a. vil dei fleste by- og bygdehistoriene og mange andre lokalhistoriske publikasjonar ha stoff om stadnamn og namngjeving. Ved universiteta er det skrive ikring 150 hovudoppgåver om stadnamn, men av plassomsyn er dei ikkje tekne med her. Eit par utrykte oppgåver om gatenamn er likevel nemnde i fylkesoversynet nedanfor.

Eit meir fullstendig litteraturoversyn finn ein i *Norsk stadnamnbibliografi* av Terje Larsen (Institutt for namnegransking 1981). Ei revidert og oppdatert utgåve kjem ved årsskiftet 1994-95.

Litteraturoversynet er ordna slik:

- A. Stadnamnregister og topografiske oversyn
- B. Ordbøker og stadnamnleksikon
- C. Lærebøker og handbøker
- D. Oversynsverk om stadnamngransking, bibliografiar
- E. Generelt om stadnamnbruk og namnsetjing
- F. Andre nordiske land
- G. Namnesamlingar og namnsetjing i einskilde fylke
- H. Inndelingsnamn
- I. Namn på eigedomar, bygningar
- J. Skrivemåten av stadnamn

A. Stadnamnregister og topografiske oversyn

Den norske los. Farvannsbeskrivelse 1-7. Noregs sjøkartverk. Stavanger 1986-92. Bind 7 utg. av Norsk Polarinstitutt 1988.

Gamle norske kart. Samkatalog over utrykte kart fra de siste 300 år. Norsk lokalhistorisk institutt. Hov.red. Rolf Fladby. 1-17. Oslo 1979-1984. Tilleggsband 1985.

Gate- og vegnamn i Norge. Postdirektoratet. Oslo 1983. 273 s.

Kommunenøkkelen 93-94. 14. utg. Oslo 1993. 572 s.

Naturvernområder i Norge 1911-1991. Nature Protection Areas in Norway. DN-rapport 1992-1. Direktoratet for naturforvaltning. Trondheim 1992. 200 s. + kart.

Navneregister for kart i 1:50 000 over Norge. Serie M711 [N50-serien]. Bind I. Sør for 61' 716 s. Bind II. Mellom 60' 30'N og 65' 30'N. 769 s. + Tillegg 20 s. Bind III. Nord for 64'30'N. Statens kartverk, Hønefoss 1990-91. 617 s.

Norges statskalender. Fortegnelse over konstitusjonelle organer og statsforvaltning m.v. Oslo 1993. 1008 s.

Norsk fyrliste. Maritime fyr, lykter, lanterner, lysbøyer, tåkesignaler og elektroniske navigasjonshjelpemidler. Kystdirektoratet. Oslo 1984. 494 s.

Norsk stedsfortegnelse. Postdirektoratet. Oslo 1972. 929 s.

Norske postkontor. Postdirektoratet 1993. 71 s.

Rutebok for Norge. Norsk Reiseinformasjon 1993. 848 s.

Telefonkatalogen. 1-12 (årleg) Televerket.

Veglengder. Fylkesveger. Vegnett. Rapporter 1992. Nr. 06. Vegdirektoratet. Oslo 1992. 242 s.

Veglengder. Riksveger. Vegnett. Rapporter 1992. Nr. 21. Vegdirektoratet. Oslo 1992. 107 s.

Årbok for Den norske kirke. Kirkens informasjonstjeneste. Oslo 1993. 240 s.

Eit oversyn over ulike stadnamnregister finst i artikkelen «Norske stadnamnregister» av Botolv Helleland. I: *Institutt for namnegransking. Arsmelding* 1986. Oslo 1987, 5.119-135.

Særskilt om polarområda (ordna kronologisk)

The Place-names of Svalbard. Skrifter om Svalbard og Ishavet Nr. 80. Norsk Polarinstitutt. Oslo 1942. Ny-Trykk 1991 (som inkluderer den flg. tittelen). 539 s. + 133 s.

Orvin, Anders K.: *Skrifter. Nr. 112. Supplement I to The Place-names of Svalbard. Dealing with New Names* 1935-55. Norsk Polarinstitutt. Oslo 1959 (uendra nytrykk i førre).

Orvin, Anders K.: *The Place-Names of Jan Mayen. Skrifter. Nr. 120.* Norsk Polarinstitutt. Oslo 1960. 72 s.

Lundquist, K.: Stedsnavn på Svalbard. I: *Svalbard og havområdene. Bygd og by i Norge.* Oslo 1983, s. 82-93.

Den norske los. Arctic Pilot. Farvannsbeskrivelse. Sailing Directions. Svalbard-Jan Mayen. Bind 7. Norsk Polarinstitutt 1988. 419 s.

Gjelsvik, T.: *Place-names of Heimefrontfjella and Lingetoppene, Dronning Maud Land, Antarctica.* Rapportserie 54. Norsk Polarinstitutt. Oslo 1989. 19 s. + kart

Helle, Sigurd: *Preliminary lists of Norwegian place-names of Bouvetøya, Dronning Maud Land, Peter I øy.* Norsk Polarinstitutt 1992. Ca. 1200 namn. Upaginert.

B. Ordbøker og stadnamnleksikon

- Berulfsen, Bjarne: *Norsk uttaleordbok*. Oslo 1969. 368 s.
- Bokmålsordboka*. Oslo 1986. 697 s. 2. utg. 1993. 620 s.
- Nynorskordboka*. Oslo 1986. 870 s. 2. utg. 1993. 755 s.
- Qvigstad, J.: *De lappiske stedsnavn i Finnmark og Nordland fylker*. Oslo 1938. 273 s.
- Qvigstad, J[ust]: *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. Oslo 1935. 162 s.
- Ross, Hans: *Norsk Ordbog*. Christiania 1895. Fotografisk opptrykk 1971.997 s.
- Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne*. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. Efter offentlig Foranstaltning udgivne med tilføiede Forklaringer af O. Rygh [o.fl.]. B. 1-19. Kristiania/Oslo 1897-1936.
- Forord og Indledning*, utg. av O. Rygh. Kristiania 1898. 94 s.
- Bind 1: *Smaalenenes Amt* [Østfold], utg. av O. Rygh. Kristiania 1897.448 s.
- Bind 2: *Akershus Amt* [Akershus], utg. av O. Rygh, Kristiania 1898.479 s.
- Bind 3: *Hedemarkens Amt* [Hedmark], utg. av O. Rygh. Kristiania 1900. 500 s.
- Bind 4: *Kristians Amt* [Oppland]. *Første Halvdel. Nordre og Søndre Gudbrandsdalens Fogderier*, utg. av O. Rygh. Kristiania 1900. 278 s. *Anden Halvdel. Toten. Hadeland og Land, Valdres Fogderier*, utg. av A. Kjær. Kristiania 1902. 376 s.
- Bind 5: *Buskeruds Amt* [Buskerud], utg. .. av Hj. Falk. Kristiania 1909.533 s.
- Bind 6: *Jarlsberg og Larviks Amt* [Vestfold], utg. av A. Kjær. Kristiania 1907.446 s.
- Bind 7: *Bratsberg Amt* [Telemark], utg. av A. Kjær. Kristiania 1914. 526 s.
- Bind 8: *Nedenes Amt* [Aust-Agder], utg. av A.B. Larsen. Kristiania 1905. 263 s.

- Bind 9: *Lister og Mandal* [Vest-Agder]. utg. av A. Kjær. Kristiania 1912. 397 s.
- Bind 10: *Stavanger Amt* [Rogaland], utg. av M. Olsen. Kristiania 1915.510 s.
- Bind 11: *Søndre Bergenhus Amt* [Hordaland], utg. av M. Olsen. Kristiania 1910. 643 s.
- Bind 12: *Nordre Bergenhus Amt* [Sogn og Fjordane], utg. av A. Kjær. Kristiania 1919. 594 s.
- Bind 13: *Romsdals Amt* [Møre og Romsdal], utg. av K. Rygh. Kristiania 1908. 533 s.
- Bind 14: *Søndre Trondhjems Amt* [Sør-Trøndelag], utg. av K. Rygh. Kristiania 1901. 449 s.
- Bind 15: *Nordre Trondhjems Amt* [Nord-Trøndelag], utg. av K. Rygh. Kristiania 1903. 444 s.
- Bind 16: *Nordlands Amt* [Nordland], utg. av K. Rygh. Kristiania 1905. 465 s.
- Bind 17: *Tromsø Amt* [Troms], utg. av K. Rygh. Kristiania 1911. 228 s.
- Bind 18: *Finmarkens Amt* [Finnmark]. *Navne paa matrikulerede Jordeiendomme i Finmarkens Amt*, utg. av J. Qvigstad og M. Olsen. Kristiania 1924. 377 s. Bind 19: *Fællesregister*, utg. av A. Kjær. Oslo 1936. 446 s.

Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red): *Norsk stadnamnleksikon*. 3. utg. Oslo 1990. 375 s.

Torp, Alf: *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania 1919.886 s. Fotografisk opptrykk. Oslo 1993.

Aasen, Ivar: *Norsk Ordbog*. 4. Udg. Kristiania 1918.976 s.

C. Lærebøker og handbøker

Adresser og stadnamn. Dell. Handbok i kommunal adressetildeling. Utgitt av Statens kartverk, Miljøverndepartementet og Norske Kommuners Sentralforbund. Oslo 1986. 124 s.

Bringeland, Hans: *Innsamling av stadnamn. Ei rettleiing.* Lokalhistorisk rettleiingsteneste i Hordaland. Bergen 1989. 45 s.

Hallaråker, Peter: *Namn og stad. Handbok i kommunal innsamling og arkivering av stadnamn.* Møreforskning og MRDH. Volda 1987. 214 s.

Helleland, Botolv: *Innsamling av stadnamn. Rettleiing.* Institutt for namnegransking. Bokm. - nyno. Oslo 1984. 24 s. Helleland, Botolv: *Språk, dialektar og stadnamn. I: Folk og samfunn.* Norge - Bind 3. Oslo 1985, s. 240-263.

Kommunal oppmåling. Håndbok til delingsloven av 23. juni 1978. Del 1 og 2. Utgitt i samarbeid med Norske Kommuners Sentralforbund og Miljøverndepartementet. 2. utgave mars 1983. Oslo 1983. 121 s.

Stemshaug, Ola: *Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamngransking.* 3. utg. Oslo 1985. 191 s.

Stemshaug, Ola: *Språkleg tradisjon. Handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff.* Oslo 1978. 160 s.

Særheim, Inge: *Namn som fortel om oss. Handbok i innsamling og arkivering av stadnamn.* Universitetsforlaget (utan år). 89 s.

Særheim, Inge: *Stadnamn fortel historie. Om namngjeving, namnebruk og opplysningar i stadnamn.* Stavanger-Oslo-Bergen-Tromsø 1985. 127 s.

